

# **Teknologi og menneskelege verdiar**

av

**Alexander Myklebust**

**Rettleiar: Sissel Myklebust**

**Masteroppgåve ved studieprogrammet Teknologi,  
innovasjon og kunnskap**

**Senter for teknologi, innovasjon og kultur, Universitetet  
i Oslo**

**Vårsemesteret 2014**



**UiO : Universitetet i Oslo**



**UiO : TIK – Senter for teknologi, innovasjon og kultur**  
Det samfunnsvitenskapelige fakultet

100 sider

## **Samandrag**

Denne oppgåva er eit forsøk på å setje Senter for teknologi og menneskelige verdier (TMV) inn i ein idehistorisk kontekst. Senteret eksisterte frå 1988 til utgangen av 1998. Eg meiner det er interessant å trekke fram måten spørsmål omkring teknologideterminisme vart teke opp og drøfta ved senteret. Eg har forsøkt å forstå kvifor dette var spørsmål som vart sett på som viktige i desse åra, og sjå dette i samanheng med andre diskusjonar over liknande tema. Eg gått tilbake til positivismestriddane i Noreg og Tyskland og meiner å ha funne ein del interessante parallellear mellom positivsmekritikken og kritikken av teknologideterminisme frå TMV.

Problemstillinga er: «*Korleis var Francis Sejersted og Thomas Krogh sine arbeid ved TMV eit oppgjer med teknologideterminisme, og finnast det eit felles politisk prosjekt mellom dei?*» Ut frå problemstillinga spring det to tesar. Den første er at oppgjeret med teknologideterminismen kjem til uttrykk ikkje gjennom direkte kritikk av bestemte teknologiar, men heller i form av drøftingar av korleis teknologi er blitt ein integrert del av den moderne måten å vere og tenke på. Det dreier seg altså meir om teknologi på eit abstrakt nivå, som kanskje blir betre uttrykt ved termen 'teknikk'

Den andre tesen er at det eg har kalla eit "politisk prosjekt" ikkje har så mykje å gjere med ein bestemt ideologi, som det er ei oppmoding om at ein bør på samfunnsnivå aktivt reflektere over kva rolle vi vil at teknologien skal spele i liva våre. Teknologideterminisme, i lag med dei fleste former for determinisme på samfunnsnivå, blir ofte sett på som eit resultat av ideologisk resignasjon. Ein meiner altså at grunnen til at ein ikkje klarar å kontrollere teknologien og den påverknaden han har på samfunnet kjem av at ein ikkje tenkjer i eit heilskapleg perspektiv, kor teknologien går inn som ein avgrensa del. Det politiske prosjektet handlar difor ikkje om å realisere noko anna enn ei medvitgjering om kva teknologi er, slik at ein på alle nivå i storsamfunnet blir i stand til å reflektere over og diskutere slike tema. Såleis blir det kanskje meir rett å seie at det politiske prosjektet er "pre-politisk" eller filosofisk forankara.

I første del set eg konteksten på to plan; Først går eg gjennom TMV si historie, og trekk mellom anna fram forarbeidet med opprettinga av senteret. Deretter drøftar eg dei to

positivismestridane med særskilt fokus på politiske og teknologiske spørsmål. Andre del består av to kapittel kor eg drøftar Sejersted og Krogh sine arbeid kvar for seg. Til slutt kjem ein konklusjon kor eg trekk trådane saman og svarar konkret på problemstillinga.

## Forord

Denne oppgåve er skrive med tanke på debattane som dei seinare åra har vore omkring humaniora og samfunnsvitskapane sin legitimitet og deira eigenart. Eg ønskete å på ein eller annan måte skrive om noko som kunne sette desse debattane i eit litt anna lys enn det dei vanleg blir presentert i. Lenge var eg usikker på akkurat korleis eg skulle få dette til og brukte det første året mitt som student ved TIK-senteret på å finne fram til ei interessant problemstilling, utan særleg mykje hell.

Då rettleiaren for masterprosjektet mitt, Sissel Myklebust først føreslo at eg kunne ta for meg Senter for Teknologi og menneskelege verdier synast eg med ein gong at det var ein svært god ide som passa til ambisjonane mine. Det er difor inga overdriving å seie at dette prosjektet ikkje ville ha blitt til utan rettleiinga hennar, og eg vil nytte høvet til å takke ho for kyndig rettleiing gjennom heile masterprosjektet.

Ved å skrive om TMV håpar eg å kunne vere med på å trekke fram nokre svært interessante perspektiv på teknologi og samfunn som har gått litt av moten, og gjennom dette implisitt vise korleis samfunnsvitskapane og humaniora kan legitimere eksistensen sin i dag. Dei metodologiske og kritiske perspektiva eg presenterer høyrer til i 1980 og -90-åra, men det er ingenting som tyder på at verdien av dei er noko mindre i dag enn det dei var då, snarare tvert om.

Forord .....	3
0. Innleiing .....	6
0. 1 Bakgrunn.....	6
0.2 Metode .....	8
0.3 Problemstilling og tesar.....	9
0.4 Utforming av oppgåva.....	11
Del 1 Konteksten .....	13
Kapittel 1: TMV si historie .....	13
1.1 Opprettinga av senteret (1984-1988) .....	14
1.2 Prøveperioden (1988-1993) .....	19
1.3 Fram til TIK (1994-1999) .....	22
1.4 Overblikk: teknologi som problem? .....	24
1.5 Arbeid og publikasjonar.....	27
2. Positivismestrid og teknologisk determinisme.....	29
2.1 Den tyske positivismestriden .....	30
2.2 Den norske positivismestriden .....	45
Del 2: Teknologideterminisme og TMV .....	50
Kapittel 3: Thomas Krogh om teknologi og rasjonalitet .....	50
3.1 Teknologi som materialitet og sosialt konstituerande .....	51
3.2 Teknologi som politisk faktor .....	54
3.3 Antropologiske og dialektiske teknologiteoriar .....	56
3.4 Habermas om teknologi og rasjonalitet .....	59
3.5 Ekskurs om Horkheimer og formørkinga av fornufta.....	60
3.6 Habermas om vitskap .....	62
3.7 Den kommunikative teorien.....	64
3.8 Drøfting.....	66

Kapittel 4: Francis Sejersted og teknologideterminismen .....	70
4.1 Sejersted om historiefaget .....	71
4.2 Teknologipolitikk .....	82
4.3 Det kommunikative perspektiv .....	87
4.4 Oppsummering.....	93
5. Avslutning og konklusjon.....	94
5.1 Første tese .....	94
5.2 Andre tese .....	95
5.3 Syntese .....	96
Litteratur.....	98

# **0. Innleiing**

## **0. 1 Bakgrunn**

For samfunnsvitskapane har teknologikritikk tradisjonelt vore viktig og fleire av dei mest kjende samfunnsforskarane frå førre hundreår har teoriar som involverer refleksjonar omkring teknologien si påverknad på moderne samfunn og veremåte. Men innvendingar mot inntoget av stadig ny teknologi som vert ein del av daglegliva våre, ser ikkje ut til å vere fokuset for samfunnsforskarar på same måte som tidlegare, i alle fall dersom ein samanliknar det med situasjonen for førti og femti år sidan. Ein kan undre seg på kvifor det er slik når viktige prinsipielle spørsmål omkring til dømes personvern burde vere nærliggande å opppta dei fleste, i og med at smarte telefonar og sosiale medium vert stadig meir påtrengjande. Rett nok er det ikkje uvanleg å klage på slike tendensar, og det stadig veksande ønsket om å finne stadar fri for massekommunikasjon er nok indikasjonar på at mange er klare over at teknologien som ein sjølv kjøper og brukar, har problematiske sider. Likevel er fråveret av dei store debattane om grunnleggande og strukturelle trekk ved moderne teknologi viktige og bør stadig bli reaktualiserast. Det kan synast som om det er ein stor grad av teknologideterministisk tenking i vår tid, og eit tru og håp om at nye teknologiar er svaret på problema vi står overfor på både liten og stor skala, både når det kjem til helseomsorg og klimaproblem. Det synast difor ikkje veldig rasjonelt å skulle stå for eit syn som går imot teknologisk utvikling og innovasjon, som jo nærast *a priori* har noko positivt i seg. I tillegg er Noreg eit av verdas mest teknologiske land, i den forstand at vi lett tek til oss og brukar nye teknologiar. Teknologien står altså fram som noko som lettar byrdene i kvardagane våre, og er vanskeleg å skilje seg med etter at vi har vore vande med dei. På same tid veit vi at det er teknologien som ligg bak mange av dei store truslane for livsgrunnlaget for utallige menneske på jorda og fører til at mange kjenner seg framandgjorte. Igjen er det nærliggjande å trekke fram klimaproblema og helseomsorg.

At det er naudsynt å ha ein offentleg og reflektert diskusjon omkring teknologi og teknologisk utvikling synast opplagt og det kan på denne bakgrunnen vere verdt å kaste eit blick på korleis teknologi har vorte diskutert og problematisert her til lands, i eit håp om at det kan bidra til å gjere liknande problematiseringar moglege på nytt.

### **0.1.1 TMV og teknologideterminisme**

Denne masteroppgåva vil vere ei idehistorisk avhandling om «Senter for teknologi og menneskelige verdier» (TMV). Det overordna føremålet med å gjere dette arbeidet er at det kan vere med å setje dagens diskurs omkring teknologi og meir spesifikt teknologideterministiske haldninga i eit nytt lys. Eg har valt å avgrense hovuddelen av oppgåva til å vere ei undersøking av Thomas Krogh og Francis Sejersted sine arbeid i den aktuelle perioden.

Sjølv om det altså er TMV-senteret som er utgangspunktet for fokuset i avhandlinga vil det først dreie innom nokre viktige debattar som gjekk føre seg før det vart stifta i 1988. Tyskland og Noreg hadde i etterkrigstida kvar sine positivismestrider som gjekk på om dei naturvitenskaplege forskingsmetodane også skulle gjelde for samfunnsfaga. Spørsmålet sitt omfang var noko større enn det gav seg ut for å vere, og var også av filosofisk og politisk art. Samstundes med, og i forkant av desse stridane vart det på dei samfunnsvitenskaplege og humanistiske fakulteta på det europeiske fastlandet og i den angloamerikanske verda retta mykje kritikk og skepsis mot den akselererande teknologiske utviklinga. Tankane som vart utvikla, reflekterer mykje av det som låg bakom positivismestridane, og peiker fram mot oppgjeret med teknologideterminismen som vart sentral for TMV sitt virke.

Påstanden om at teknologi er ein av dei sentrale trekka som karakteriserer den moderne tida er etter kvart vorte ein pleonasme. Moderniteten er nettopp teknologisk og framtidssretta. Eit sentralt spørsmål sett i lys av dette er om det er vi som styrer teknologien, eller om det er teknologien som styrer oss. Teknologideterminismen seier at teknologien har eit eige moment, og driv si eiga utvikling. Uavhengig av om vi likar det eller ikkje, er det lite vi kan gjere med han. Teknologioptimistar gledar seg over teknologien sin autonomi, og ser fram til dagen han er i stand til å løyse dei store problema vi i dag står overfor. Pessimistane, på si side, ser ei utvikling som går mot meir framandgjering, og ei verd som stadig vert mindre menneskeleg. Alle desse førestillingane om teknologien sin autonomi og innverknad på samfunnet er svært vanlege, og er i dag kanskje mest synlege i samband med spørsmål omkring klimaendringane. Denne tendensen til å tru at teknologien har hamna utanfor menneskeleg kontroll vart det sett spørsmålsteikn ved i stor skala utover den andre halvdelen av det tjuande hundreåret, og det er i forlenginga av dette at vi må forstå TMV.

## 0.2 Metode

Sidan dette er ei idéhistorisk oppgåva har det vore naturleg å nytte seg av litteratursanalyse. Under dette kjem både historiske kjelder, knytt til administrative og politiske sider ved TMV si historie (årsberetningar, arbeidsnotat osb), og faglitteratur som drøftar samfunn og teknologi. Faglitteraturen kan delast inn i to hovudgrupper, etter kva funksjon dei spelar for avhandlinga. Ein del av tekstane utgjer grunnlaget for å forstå debattane og tenkinga omkring teknologi og samfunn som gjekk føre seg før opprettinga av TMV, dei andre tekstane er fagtekstar som vart utarbeidde av forskarar tilknytt TMV. Her er TMV sin arbeidsnotatserie sentral som ei kjelde for korleis senteret utvikla seg, kva problemstillingar ein tok opp, samt *korleis* ein drøfta desse. I tillegg vart det skrive fleire artiklar og bøker innanfor ei mengd fagområde som resultat av ulike forskarar sine arbeid ved senteret, mellom desse også fleire artikkelsamlingar med felles overordna tematikk.

Eg har valt å ikkje intervjuoppgåva sine "hovudpersonar", Francis Sejersted og Thomas Krogh, fordi eg ville halde meg til dei skriftlege kjeldene som reflekterer tankane deira frå eit bestemt tidsrom. Sjølv om intervju nok kunne ha vore oppklårande på fleire punkt, har det vore mi oppfatning at materialet har måtte tale for seg sjølv, og at det er mi oppgåva å finne ein raud tråd til å knyte det heile saman til ein totalitet. Ingen er uhilda i høve til det intellektuelle arbeidet dei gjer, og forfattaren av denne oppgåva er ikkje eit unntak. Eg har lest alle dei ulike tekstane som utgjer grunnlaget for det ferdige resultatet med det føremål å svare på ei bestemt problemstilling som er motivert av ein interesse i å hente fram ulike måtar å tenkje om teknologi, samfunn, og på det djupaste nivået, stille spørsmål ved kva som er samfunnsfaga si oppgåve overfor samfunnet det både studerer og er ein del av.

Fordi eg har desse måla for arbeidet mitt har eg i houvsak nytta primærlitteratur der det kunne ha vore naturleg å henta inn fleire autoritative sekundær tekstar. Dette gjeld særskilt for det andre kapitlet av oppgåva kor eg går gjennom ein del tyngre faglitteratur som dreier seg om samfunnsfaga sitt grunnlag som eigen vitskapleg grein. Eg har ikkje først og fremst vore ute etter å finne ut kva den enkelte "eigentleg" meinte, og drive eksegese i den forstand. Heller har eg forsøkt å lese tekstar opp mot kvarandre og på den måten fange essensen ved korleis ulike posisjonar har (mis)forstått kvarandre og argumentert for eigne syn. Det nemnde kapitlet er då også meint som ein kontekstualisering for det som kjem i oppgåva sin andre del og må lesast med dette i bakhovudet.

I tillegg til dei idehistoriske undersøkingane vil eg gjennomføre ei kortare realhistorisk gjennomgang av senteret si historie, og til det har eg gått gjennom dokument som viser prosessane frå idestadiet til realisering og årsberetningar som fortel om aktiviteten ved senteret. Ved å inkludere eit historisk perspektiv har eg ønska å supplere dei andre delane av oppgåva som går på nærlesingar av fagtekstar, og å sette dei heile i ein institusjonell samanheng. Dette arbeidet har eg gjort for å gjere greie for dei ytre rammene for det som blir hovudfokuset i oppgåva. Av den grunn har eg valt å skrive ei historie som kan framstå noko overflatisk til tider fordi eg i hovudsak har vore interessert i å få fram moment som har mest å gjere med det reint faglege som gjekk føre seg ved senteret. På same tid meiner eg at dette er ein styrke då det gjer historia meir konsis og tydlegare relevant for det som blir drøfta seinare. Det er sjølv sagt vanskeleg å skulle isolere eit aspekt frå alt anna, og her og der har det måtte bli inkludert nokre setningar som bryt med dette prinsippet.

Den type oppgåva som eg her har skrive, er av ein slik art at teori og metode har ein tendens til å smelte saman, og ein kan sjå heile prosjektet delvis som eit forsøk på å ta opp til diskusjon ulike måtar å gå fram i samfunnsvitskapleg forsking på.

### 0.3 Problemstilling og tesar

Problemstillinga for det oppgåve er: «*Korleis var Francis Sejersted og Thomas Krogh sine arbeid ved TMV eit oppgjer med teknologideterminisme, og finnast det i arbeida deira eit felles politisk prosjekt?*»

Som det vil gå fram av oppgåva sin struktur og argumentasjon er eg av den oppfatning at i skriftene til dei to omtalte personane finnast teoretiske og politiske/praktiske drøftingar om tilhøret mellom teknologi og samfunn, som også er av relevans i dagens samfunnsfag. Det som kanskje er vel så viktig i Sejersted sitt tilfelle er at han diskuterte teknologi og determinisme i tett samanheng med norsk historie. Grunnen til at eg har valt å ha med både eit riss av TMV si historie og ein gjennomgang av tidlegare positivismestrider med fokus på teknologispørsmål er for å sette tekstanalysane som følgjer i konteksten dei vart skrivne i. Dette er til hjelp for å få auge på tankemåtar som ikkje alltid vert veldig eksplisitt uttrykt hos dei to forfattarane. Fordi dei skreiv tekstar som lett kan lesast som programmatiske for forsking på teknologi og samfunn er det veleigna til å bli hovudfokuset i ei oppgåve som skal forsøke TMV.

Problemstillinga er todelt både i form og innhald. Den første delen av ho går ut i frå at Sejersted og Krogh faktisk vil ta eit oppgjer med teknologideterminisme. Eg har teke fridomen til å formulere problemstillinga på denne måten fordi det er noko som blir uttalt nærmast programmatisk i verka av dei som eg har undersøkt. Det er difor meir interessant å sjå på *korleis* dei faktisk gjennomfører dette kritiske programmet. Etter kvart vil det vise seg at sjølv om dei to har det same overhengande føremålet med arbeida sine, er det viktige ulikskapar mellom dei, som først og fremst er metodologisk. Den andre delen av problemstillinga er meir open, og spør om det i det heile finnast eit felles politisk prosjekt. Med utgangspunkt i denne formuleringa vil eg finne ut om det ideologiske grunnlaget som Sejersted og Krogh arbeider ut frå er det same, eller om dei finn teknologideterminismen som problematisk frå ulike ståstedar. I arbeidet mitt med dette spørsmålet har eg kome fram til at dei har ei felles forankring i Jürgen Habermas sin kommunikative teori, utan at det må bety at det finnast ein eintydig politisk ståstad som følgjer av dette.

Ut frå problemstillinga spring det to tesar. Den første er at oppgjøret med teknologideterminismen kjem til uttrykk ikkje gjennom direkte kritikk av bestemte teknologiar, men heller i form av drøftingar av korleis teknologi er blitt ein integrert del av den moderne måten å vere og tenke på. Det dreier seg altså meir om teknologi på eit abstrakt nivå, som kanskje blir betre uttrykt ved termen 'teknikk'. Generelt for den typen studiar ved TMV, inkludert dei som Sejersted og Krogh stod for, verkar dette å vere eit gjennomgåande trekk.

Den andre tesen er at det eg har kalla eit politisk prosjekt ikkje har så mykje å gjere med ein bestemt ideologi, som det er eit forsøk på legge til rette for ein viss grad av reflektert politisk medvit. Teknologideterminisme, i lag med dei fleste former for determinisme på samfunnsnivå, kan tolkast som eit resultat av ideologisk resignasjon. Ein meiner i så tilfelle at grunnen til at ein ikkje klarar å kontrollere teknologien og den påverknaden han har på samfunnet, kjem av at ein ikkje maktar å tenke i eit heilskapleg perspektiv, kor teknologien går inn som ein avgrensa del. Det politiske prosjektet handlar difor om å realisere ei forståing av kva teknologi er, som ein del av det totale samfunnet, slik at akademikaren og den gjengse borgar i storsamfunnet blir i stand til å reflektere og diskutere om slike tema. Såleis blir det kanskje meir rett å seie at det politiske prosjektet er "pre-politisk" eller av filosofisk art.

Det bør her kommenterast kvifor Frankfurterskolen har fått ein så stor plass i utgreiingane mine. To grunnar rettferdiggjer dette. Nettopp fordi Habermas sin teori etter

kvart vert så viktig har eg latt drøftingar omkring det intellektuelle opphavet hans få kome til orde, for at det skal vere mogleg å drøfte korleis Habermas med den kommunikative teorien representerer eit mogleg skilje frå tidlegare tenkarar sine forsøk på å forstå teknologien. Utleggingane om Frankfurterskolen er dermed indirekte viktige for å skjøne kvifor akkurat Habermas blir så sentral for Sejersted og Krogh på 80- og 90-talet. Den andre grunnen til å gje Frankfurterskolen stor plass er fordi dei var særskilt viktige i den tyske positivismestriden, som eg meiner har ein del interessante parallellar med den typen problemstillingar vi finn att med TMV. Sidan Sejersted var aktiv i å argumentere mot positivisme, først og fremst i historiefaget, meiner eg at han skriv seg inn i ein tradisjon som har resonnement som fortener å bli prøvd mot andre positivismekritikkar.

Gjennom å arbeide ut frå og svare på den nemnde problemstillinga meiner eg vi får eit viktig innblikk i korleis oppgåva som TMV fekk ved starten, vart forsøkt løyst, og kva det seier om tenking omkring teknologi og teknologideterminisme i Norge mot slutten av førra årtusen. Denne oppgåva er ikkje i stand til å gje ei oversikt over alt arbeidet som vart gjennomført ved senteret i dei om lag ti åra det eksisterte, men likevel er det verdifullt å plukke ut eit utval av viktige intellektuelle i denne tida som kan gje eit hint om sentrale tankar og problematiseringar som det er verdt å ta opp på nytt i den etter kvart svært så teknologiske kvarldagen.

## 0.4 Utforming av oppgåva

For å gje ei så god framstilling av nokre handsamingar av teknologideterminismekritikken har eg valt å fokusere mest på fagtekstane til dei to nemnde personane. Likevel startar oppgåva med ei utgreiing av senteret si historie, for på den måten å få eit innblikk i den faktiske konteksten ein jobba ut frå. Etter det kjem eit nytt kontekstualiseringskapittel som i større grad er utforma idehistorisk og vil ta for seg sentrale debattar og tankestraumingar som eg etter kvart vil argumentere for at vi finn igjen hos både Krogh og Sejersted. I tillegg kan desse debattane vere relevante i ein litt større samanheng for å skjøne kvifor senter som TMV vart oppretta i den aktuelle tidsperioden.

Etter å ha satt konteksten vil eg gå over i ein meir drøftande del som går gjennom dei to forfattarane og bøkene deira som eg har valt å undersøke nærmare. Først kjem eit kapittel om Francis Sejersted og deretter eit tilsvarande om Thomas Krogh. Heilt til slutt i oppgåva vil det

vere ei oppsummerande og konkluderande drøfting som vurderer bøkene eg har diskutert i høve til konteksten frå del 1. Kvart kapittel vil verte avslutta med ein kort drøftingsdel kor eg vil forsøke å knyte dei saman ved å vise korleis dei heng tett saman med kvarandre.

Oppgåva vil altså ha følgjande struktur:

1. Kort utgreiing om TMV si historie
2. Positivismestrid og teknologidebattar frå 1900 fram til 1990
3. TMV og teknologideterminismedebatten gjennom 1990-åra (herunder to kapittel kor det første tek for seg Krogh og det andre Sejersted)
4. Konklusjon kor tesane og problemstillinga blir svart på og drøfta på nytt.

På denne måten håpar eg å kunne danne eit godt bilet av det som gjer TMV interessant i dag, og samstundes gjere noko refleksjonar om kvifor teknologideterminismekritikken fekk det uttrykket han hadde der.

## **Del 1 Konteksten**

Før vi kan svare på oppgåva si problemstilling direkte er det naudsynt å setje ho inn i ein kontekst som let oss sjå kvifor og korleis problematikkane som vart tekne opp ved TMV var og er viktige i vår tid. Første kapittel er av den grunn reint historisk og sokjer å fortelje historia om TMV, slik ho let seg lese ut frå ulike "administrative" dokument. På den andre sida vil det neste kapitlet vere meir idehistorisk i forma og seier noko om tankestraumningane som ligg til grunn for analysane mine. På denne måten er dei to første kapitla i oppgåva meint å utfylle kvarandre slik at dei saman dannar ein einskapleg kontekst, for del 2.

### ***Kapittel 1: TMV si historie***

Fordi dette første kapitlet har som føremål å gje ei utgreiing om den institusjonshistoriske konteksten som dei seinare tekstanalysane vil bli plassert inn i, vil eg først og fremst halde meg til å ta opp aspekt som er relevant i den samanheng. Det er sjølv sagt mykje meir som kunne bli nemnd som er interessant i ein brei forstand, men det fell utanfor oppgåva sitt omfang då eg er ute etter å finne det faglege grunnlaget som vart lagt.

TMV hadde ei nokså kort levetid, litt over ti år, og det var stadig ulike oppfatningar av kva retning senteret burde og skulle gå. Det interessante for denne oppgåva er likevel ikkje å drøfte desse usemjene veldig inngåande, men heller finne spor til kva «mandat» senteret hadde, og kanskje også kunne seie noko om kvifor ein følte det var eit behov for eit slike senter. I og med at teknologideterminisme vart eit heilt sentralt tema for TMV er det interessant å undersøke grunnlaget for at det var så sentralt. Dette er med på å kaste lys over det eg meiner er ein sentral politisk og ideologisk komponent.

Eg har valt å legge fram historia til TMV opp i tre delar som representerer ei strengt lineær forteljing med start, hovuddel og slutt, representert ved nedlegginga i 1998. Som hovudkjelde til dette arbeidet har eg brukt årsberetningane til senteret, og i nokon mindre grad andre administrative dokument som rapportar og liknande. Eg har valt å spare drøftingane omkring dei faktiske opplysningane til slutt i kapitlet, og på den måten gjere forteljinga så grei og oversiktleg som råd er.

Så vidt eg veit finnast det ikkje nokon lengre utgreiingar om dette senteret si historie og eg vil difor tru at forteljinga eg presenterer kan ha ein viss verdi uavhengig av problemstillinga, for dei som måtte vere interesserte i kva TMV var og arbeidet som vart lagt ned der. TMV enda opp med å skifte namn til det som i dag er Senter for teknologi, innovasjon og kultur. Dette nye senteret er på mange måtar eit ganske annleis senter i enn det TMV var, spesielt med tanke på fagleg orientering, som vi skal kome tilbake til seinare. Likevel er TMV si historie ein viktig del av TIK si historie, og det å kaste eit blikk på TIK si institusjonelle ”førhistorie” kan også gje oss eit interessant innblikk i dagens senter. I og med at dette kapitlet av fleire grunnar ikkje kan gje ei fullstendig historie av både TIK og TMV kan ein håpe på at det er ei oppgåve nokon vil ta på seg ved eit anna høve.

## 1.1 Opprettinga av senteret (1984-1988)

TMV si historie startar 2. februar 1984, under eit møte i Det Norske Videnskaps-Akademi, som tok for seg temaet «Teknologi og menneskelige verdier». <sup>1</sup> På dette møtet tok geograf og botanikar Erling Christophersen, filosof Dagfinn Føllesdal og næringslivsleiar Johan B. Holte initiativet til oppnemninga av ei arbeidsgruppe:

med det formål å fremlegge forslag til opprettelse av et tværfaglig frittstående institutt eller annen form for institusjon som ved grunnforskning, anvendt forskning og andre studier kan gi grunnlag for aktiv innsats for å styrke menneskelige verdier.<sup>2</sup>

Initiativet vart følgt opp, og gruppa blei oppretta i tråd med forslaget. I tillegg til dei tre initiativtakarane bestod ho av 9 andre akademikarar.<sup>3</sup> Det første gruppemøtet deira fann stad 5.

---

<sup>1</sup> Fink & Odèn 1992:5

<sup>2</sup> NVA 1985:3. Alle referansar til Det Norske Videnskabs-Akademis sin rapport frå 1985 blir ført slik som i denne fotnota.

<sup>3</sup> Den fulle medlemslista var som følgjer: Johs. Andenæs (Jurist og jusprofessor), Otto Bastiansen (professor i kjemi), Erling Christophersen, Halvard Grude Forfang (Leiar av Nansenskolen), Dagfinn Føllesdal, Peter F. Hjort (lege), Johan B. Holte, Inge Lønning (teolog), Knut Midgaard (statsvitar og professor i statsvitenskap), Karl

april 1984, og 14. mars året etter vart det avlagt rapport til Det Norske Videnskaps-Akademi, kor dei gjorde greie for korleis dei såg for seg eit senter som skulle svare på oppgåva måtte vere.

I tråd med formålet for arbeidsgruppa var det i rapporten deira eit forslag om å opprette eit «Tekno-humanistisk senter». Såleis var mykje av grunntanken allereie tenkt ut, sjølv om namnet senteret fekk kom noko seinare. Bak forslaget låg det ei semje om at det i den moderne og svært teknifiserte tida er eit utilfredsstilt behov for *visdom*. Denne visdomen hadde å gjere med etikk og menneskelege verdiar knytt til individet, utvikling av modne menneske, familien, nytte, toleranse og solidaritet. Det var altså snakk om visdom som noko utover kunnskap og intelligens. I dette ligg det nok implisitt at kunnskap og intelligens er rasjonalitet som rettar seg mot det reine tekniske, og som har lite eller ingenting med etikk og samfunn å gjere. Dette synast å vere eit avgjerande poeng, og seinare skal vi sjå at nettopp rasjonalitet vart eit viktig tema for Krogh og Sejersted sine arbeid.

Arbeidsgruppa understreka kor viktig dei meinte desse tema var ved å seie at: «Spørsmålet om å ta vare på de menneskelige verdier i teknikkens samfunn er blitt et problem så påtrengende at det må få en prioritering på linje med den som gis forskning på avanserte tekniske områder».<sup>4</sup> Vi ser av dette utsegnet at gruppa meinte at forsking på etiske spørsmål ikkje var prioritert på lik linje med tekniske fag i akademia. Av dette les eg også at det ligg til grunn ein tanke om at for å *kunne* handtere den teknologiske utvikling (for ikkje å seie teknologien som allereie finnast!) må det til etisk forsking på høgt nivå, og at vanleg sunn fornuft ikkje strekk til.

Vidare i rapporten vert samfunnet og teknologien sine utfordringar skildra. Det teiknar seg eit dystert bilet av mennesket i den moderne tilstanden. Moralen i samfunnet er på hell, medan isolering og materialisme rår, under ein stadig trussel av krig og økologiske katastrofar. «Gleden ved livet er for mange erstattet av krav til livet. Vi er mer interessert i hva vi lever *av* enn hva vi lever *for*», vert det sagt.<sup>5</sup> Teknologien var av arbeidsgruppa forstått som å vere både nyttige for å kome fri frå alle desse plagene. Samstundes stiller han oss overfor mange

---

Stenstadvold (elektroingeniør og direktør i SINTEF), Birgit Wiig (journalist og redaktør) og Bjarne A. Waaler (professor i medisin).

<sup>4</sup> NVA 1985:5

<sup>5</sup> NVA 1985:6

vanskelege val og utfordringar, som det ikkje er råd å kome utanom. Det gjennomgåande trekket er uansett at teknologien, også når han gjer det vi ønskjer, truar med å få store negative konsekvensar som det ikkje er lett å forutsjå, og som heller ikkje er lette å få auge på sjølv om dei allereie er her. Desse farane er mangfaldige, og kan vere alt frå økologiske til eksistensielle, men felles for dei er at dei, i det minste delvis, er resultat av eit underskot på etisk refleksjon

Svaret på alle desse komplekse utfordringane meiner ein å kunne finne i humanismen, her forstått både som livssyn og som akademisk vitskap. Såleis vart formålet, med det teknohumanistiske senteret dei foreslo oppretta, at det skulle vere med på å gje svar på korleis ein kan styre teknologien og utviklinga på ein tilfredsstillande måte. Målet er altså at menneskelege verdiar ikkje skal verte lidande under den stadige teknologiske og vitskaplege utviklinga, men at det skal gå an å drøfte verdigrunnlaget i samfunnet på lik linje med som ein drøftar spørsmål av meir teknisk art. Det er eit forsvar av studiet av menneskelege verdiar som er minst like mykje verdt som andre typar forsking.

Gruppa meinte vidare at Noreg var i ei særstilling i verda til å kunne gjere eit slikt arbeid, fordi «vi har i Norge ennå ikke med tyngde fått inn over oss mange av de overveldende problemer som store deler av verden forøvrig kjemper med»<sup>6</sup>, ein påstand som ikkje er mindre sann i dag. Eit aspekt som verka spesielt påtrengande å få fram i rapporten var at rolla som oljenasjon gjorde Noreg til ein pådrivar i teknologisk utvikling, som også gjorde at ein fekk det godt økonomisk her til lands. At dette fører med seg etiske forpliktingar står fram som nokså opplagt.

Arbeidsgruppa ønskte at det nye senteret skulle drive med grunnforsking i «det menneskelige verdigrunnlag», samt anvendt forsking for å møte samfunnet og teknologien sine utfordringar. Til slutt fekk senteret eit ansvar for å formidle forskinga si. I tråd med dette la gruppa vekt på at senteret ikkje måtte verte til eit elfenbeinstårn som berre er i stand til å kommunisere til seg sjølv og andre akademikarar, men at ein også burde ha ei brei kontaktflate også utanfor akademia.<sup>7</sup> Dette står fram som ganske naturleg når det var som svar på den faktiske samfunnssituasjonen i samtida ein ønskte senteret oppretta.

---

<sup>6</sup> NVA 1985:9

<sup>7</sup> NVA 1985:10

I 1986 gjekk planane om det tekno-humanistiske senteret vidare til Forskningspolitisk råd. Her kom det frå fleire hald innspel som gjekk på at samfunnsvitskapane burde inkluderast i senteret, i tillegg til dei humanistiske perspektiva som ein kanskje såg på som meir sjølvsagte for den typen arbeid som var teikna opp. Grunngjevingane for dette er det ikkje heilt enkelt å få grep om ut frå kjeldene, men generelt er det ikkje unaturleg å tenkje seg at slike perspektiv også kan vere nyttige i den type senter dei søkte å danne.

I all hovudsak kan det slåast fast at utviklinga fram til den faktiske opprettinga av senteret gjekk i retning av at det kom inn stadig fleire aktørar i planlegginga, og at dette førte til at fleire fagområde vart sett på som relevante perspektiv ved forsking omkring menneskelege verdiar og teknologi. Det er grunn til å tru at denne utviklinga i nokre tilfeller ikkje stemde overeins med grunnideen som arbeidsgruppa jobba ut frå. Fordi ein no hadde eit senter med mykje breiare fagleg forankring enn det ein såg for seg i den heilt tidlege fasen vart det lite presist å seie at ein drøfta eit reint *humanistisk* senter, med mindre ein no forstår "humanisme" berre i ein ideologisk forstand, der humanismen ligg bak, men ikkje spelar direkte inn i, forskinga ved senteret.

Norges allmennvitenskapelige råd/RHF, ved fagrådsdirektør Arne Hannevik, fekk planleggingsansvaret for senteret; «men understregede, at området Teknik og Menneskelige verdier ikke udelukkende var et human-videnskabeligt ansvar, men et område som alle forskningsmæssige hovedområder måtte have interesse i og forpligtelse til at bidrage til».<sup>8</sup> I dette sitatet ser det ut som fokuset for senteret skifta frå å vere retta mot menneskelege verdiar som noko som står i kontrast til teknikken, til no å verte eit felles forskingsområde; Teknikk og menneskelige verdier. Når ein legg til at alle ”*forskningsmæssige hovedområder*” har eit ansvar for dette feltet, kan det sjå ut som den historiske situertheita og problematiseringa som var så sentral i starten fekk ei noko svakare stilling.

I desember 1987 vart det endelig bestemt at planane om eit senter for teknologi og menneskelege verdiar skulle gjennomførast. Det første styremøtet fann stad 16. mars 1988. Senteret fekk ei prøvetid på fem år, og eit styre på sju personar (i tillegg til ein observatør).<sup>9</sup>

---

<sup>8</sup>Fink & Odèn 1985:6

<sup>9</sup> Det første styret bestod av Gudrun Eckblad, Inge Lønning, Francis Sejersted, Knut Erik Tranøy, Arni Hole, Kari Martinsen, Håkon With Andersen, Bjørn Slungaard. Erling Christophersen fungerte som observatør, og Egil Kallerud representerte NAVF ved styremøta. Fink & Odèn 1992:9.

Planen var at senteret skulle eksistere i ytterlegare fem år etter prøvetida, men utover det var framtida endå meir usikker. Leiaren for senteret vart professor i økonomisk historie Francis Sejersted. Dette var eit val som fekk stor innverknad på korleis TMV enda opp med å bli og måten det gjennomførde mandatet sitt. Bakgrunnen til at valet fall på Sejersted hadde mykje å gjere med at han frå før av var involvert i prosjekt som tok opp spørsmål omkring teknologi og samfunn, og då særskilt i ein norsk kontekst. I tillegg hadde Sejersted frå 1986 vore involvert i planane om å opprette senteret, då han «indførte [...] at (sic!) nyt moment ved at henvise til en OECD-rapport om universiteternes manglende evne til at gennemføre en helhedsorienteret syntetiserende forståelse af samfundsudviklingen». <sup>10</sup> Sejersted vart valt inn på vilkåret at han:

... skulle være arbejdende leder og have sin arbejdsplads ved centret og være dets faglige leder med frie hænder til at udforme dets faglige profil inden for de rammer som baggrundsdkumenterne satte, og således at de teknologihistoriske projekter, han i forvejen ledede skulle danne en grundstamme i centrets virksomhed. Styret accepterede disse vilkår.<sup>11</sup>

Det er tydeleg at Sejersted fekk stor tillit av styret heilt frå starten av til å forme senteret, og i tillegg var han ikkje berre leiar for senteret, men også styret sin ordførar, noko som vert påpekt som uheldig av NAVF sin evalueringsrapport frå 1992. Dette endå med at Sejersted gjekk av som styreleiar i løpet av det første året, og vart erstatta av Arni Hole. I same perioden gjekk senteret sin daglege leiar, sivilingeniør Magni Martens, av frå den stillinga. Den nye ordninga blei dermed at Sejersted vart senterleiar med både administrativt og fagleg ansvar. Etter denne tidlege perioden med skiftande leiarstruktur og interne konfliktar kom det ei relativ stabilisering av situasjonen.

---

<sup>10</sup> Fink & Odèn 1992:6

<sup>11</sup> Fink & Odèn 1992:9

## 1.2 Prøveperioden (1988-1993)

Senteret vart altså oppretta med planar om å vare i ti år, det vil seie fram til utgangen av 1998. Midt i denne perioden skulle det bli gjennomført ei evaluering av senteret sine aktivitetar, som skulle danne grunnlaget for ei vurdering av korleis vegen vidare skulle vere, og ikkje minst om senteret skulle halde fram utover den opphavleg tilmalte tida.. Det som gjer det naturleg å definere 1988 til 1993 som ein eigen periode er altså at ein brukte denne tida på å finne senteret si form. Dette skjedde ikkje minst gjennom måten ein knytte til seg forskarar både i fast og midlertidige stillingar, og frå inn- og utland. I denne perioden vart det av mellom andre Krogh og Sejersted utarbeidd skrifter av ein programmatisk art som i dag kan gje oss ein god peikepinn på kva retning ein i det minste ønska at senteret skulle gå. Det er desse tekstane som ligg til grunn for del 2, og eg vil la dei ligge fram til då.

Utgangspunktet for senteret ved opprettิงa var følgjande formålsparagraf, som her er sitert i si fulle lengde:

Senteret er et tverrfaglig senter med formål å utøve og stimulere til forskning og formidling om forholdet mellom teknologi og menneskelige verdier i samfunnet.

Teknologisk forskning og utvikling er et sentralt aspekt ved samfunnsutviklingen og utgjør menneskelige, sosiale og kulturelle utfordringer for vår kulturs generelle verdi- og normsystemer. Opprettelsen av senteret har sin begrunnelse i den erkjennelse at vi idag står overfor utfordringer som krever en bevisstgjøring om teknologiens rolle i samfunn og kultur.

Senteret har som oppgave å skape et fagmiljø som på nasjonal basis bidrar og stimulerer til studier og debatt om de verdiproblemer som er knyttet til den teknologiske utviklingen. Det skal ta opp teknologiens kulturelle og kulturhistoriske betydning, teknologiens konsekvenser for levekår og miljø, utviklingsproblemer i historisk perspektiv, etiske problemer knyttet til forskning og teknologisk utvikling, og verdier og holdninger i samfunnet i dag.<sup>12</sup>

Vi ser her eit svært breitt og ambisiøst utgangspunkt for det nye senteret. At det var meint å vere av problematiserande art kjem tydleg fram, og det kan sjå ut som om tanken om at alle forskingsområde skulle danne grunnlaget for arbeidet var tona noko ned, slik at vi ser ei form kor det igjen er humaniora og samfunnsvitskap som blir dei sentrale orienteringane. I tillegg står formålsparagrafen fram som svært utadvent, då det er eit sterkt fokus på kontakt med

---

<sup>12</sup> Årsberetning 1990:5

aktørar utanfor senteret, gjennom formidling, og stimulering til debatt omkring teknologi og verdiar. Dette heng nok saman med den generelle oppfatninga hos mange av dei som var involverte i senteret i den tidlege perioden at det i samfunnet var ein generell mangel på medvit og refleksjon omkring måten teknologien påverkar oss. I TMV sine årsberetningar kan vi tydleg sjå at formidlingsmandatet vart teke alvorleg gjennom publikasjonar og foredrag ved ei mengd ulike institusjonar utanfor universitetet.<sup>13</sup>

Mellom dei som jobba ved TMV var det både fast tilsette forskrarar, deltidstilknytte forskrarar, gjesteforskrarar og studentar, som arbeide med forskjellige prosjekt som alle hadde på ein eller annan måte var sentrert omkring teknologi og samfunn. TMV vart lagt til forskningsparken og var ikkje underlagt noko bestemt fakultet og stod på den måten nokså fritt med tanke på faglege skiljelinjer. I årsberetninga frå 1990 kan vi sjå at det naturleg nok i ein slik tidleg periode vart jobba mykje med å legge grunnlaget for senteret si framtid, som til dømes utarbeiding av senteret si etikksatsing og opparbeiding av internasjonale kontaktar.<sup>14</sup>

Av listene over prosjekt som vart starta i denne første perioden, ser vi eit nokså stort mangfold, både fagleg og tematisk. Det vil ikkje her vere teneleg å gå gjennom alle, men eg meiner det er interessant å gje eit lite overblikk av nokre av prosjekta, og korleis dei vart gjennomført. «Norsk elektronikkindustri 1945-1970/80» var eit prosjekt som opphavleg vart oppretta i 1984 av og i samarbeid med Senter for Teknologi og Samfunn ved NAVF/NTNF.<sup>15</sup> Sejersted var leiar for prosjektet, og som vi allereie har vore inne på var det ein del av grunnen til at han vart leiar for TMV, og i denne perioden jobba han mellom anna med eit prosjekt om «Systemtvang versus politisk styring i petroleumsindustrien». I kontrast til det prosjektet det interessant å merke seg Thomas Krogh sitt prosjekt «Materialitet og rasjonalitet» som også vart starta opp i 1990, og som skulle ta opp spørsmålet om «Habermas' intersubjektivistiske rasjonalitetsbegrep ikke kan utvikles med et begrep om materialitet hentet fra marxistiske og fenomenologiske tradisjoner».<sup>16</sup> Vi ser altså at det på dette tidlege stadiet var prosjekt gåande som var av både empirisk og meir teoretisk art og at det var eit svært stort spenn mellom dei på alle vis. Dette er nok naturleg for eit breitt anlagt senter som

<sup>13</sup> Jf. publikasjonslistene i årsberetningane 1989-1998.

<sup>14</sup> Årsberetning 1990:9

<sup>15</sup> Årsberetning 1988:2, og Årsberetning 1990:10

<sup>16</sup> Årsberetning 1990:11

er i ferd med å finne forma si, og som har behov for eit teoretisk grunnlag. Formålsparagrafen var, som vi har sett, svært open og gav mykje fridom, og no gjaldt det altså å finne ut kva som skulle vere grunnlaget for forvaltinga av denne fridomen.

I årsberetninga for 1993 blir den første perioden oppsummert på følgjande vis:

«Formålet viste seg å være tilstrekkelig vagt formulert til å skape en debatt så vel innad som med omgivelsene om hvordan hensiken skulle realiseres. Det manglet hverken kritikk eller gode råd». <sup>17</sup> I det same dokumentet vert det også hevdat TMV var ein del av ei «etikk-bølge» som skylte over samtidia. Det er noko uklårt kva som ligg i dette, men det kan sjå ut til å ha samanheng med at senter liknande TMV dukka opp rundt omkring i verda på om lag same tid. Aktualisering av problemstillingar omkring etikk, teknologi og samfunn var i vinden ikkje berre i Noreg på 80- og 90-talet. Dei hevdar at bølgja er karakterisert ved filosofisk refleksjon om normativ etikk. I kontrast til dette ønska ein ved TMV å bruke meir empiriske/kasuistiske undersøkingar. Begge formene for arbeid vart gjort ved TMV, og det verkar å ha vore eit spesielt fokus å relatere dei nemnde problemfelta til ein norsk samanheng. Det kan sjå ut til at ein såg på etikk-bølga som ein trend som potensielt kunne gå over utan å sette verklege spor etter seg dersom ein ikkje tok det substansielle ved ho seriøst og sette etikken i eit samfunnsperspektiv.

Som nemnd brukte ein den første femårsperioden på å finne fram til kva form TMV skulle ha, noko dei ser ut til å ha fått til i stor grad, sjølv om det også er klårt at ei så lang tid var naudsynt for å få det til, gjennom meir eller mindre eksplisitt å definere teknologideterminismen som eit sentralt problem. Akkurat kva dette betyr vil kome klårare fram i del 2 av denne oppgåva.

Når TMV då var kome halvvegs i levetida si skulle senteret ikkje lenger ligge under NAVF-NFR, og vart så ein institusjon underlagt Universitetet i Oslo. Dette vart gjennomført etter eit forslag frå utvalet som evaluerte TMV i 1993. I og med at framtida for TMV etter den første tiårsperioden endå var usikker starta ein å tenke på korleis ein skulle vidareføre senteret etter den planlagde avviklinga. Eit viktig forslag i så måte var arbeidsgruppa for «vurdering av de etikk og- verditeoretiske fag» om å danne eit nasjonalt senter der TMV skulle vere ein viktig del.

---

<sup>17</sup> Årsberetning 1993:5

Av rapportane som vart lagt fram, samt TMV si eiga vurdering ser det ut til at det fann stad ei generell semje om at ideen bak senteret, og utføringa av det var tilfredsstillande, og at ein såg på det som ein suksess som det var ønskeleg å føre vidare. Når ein no hadde gjort det grunnleggjande arbeidet med å finne senteret si form og struktur kunne ein ta fatt på neste halvdel av tiårsperioden med større ambisjonar.

### **1.3 Fram til TIK (1994-1999)**

Då den første perioden var over hadde mykje gått seg til og ein kunne sjå framover. I årsberetninga frå 1994 heiter det at «åpningsfasen [bør] være preget av konstruktiv famling, mens man i avslutningsasen bør söke å samle trådene».<sup>18</sup> Planen var no å gjennomføre tre prosjekt om: «'teknologiforståelser' 'Olje-, atom-, informasjons- og bioteknologi. En sammenlignende studie' og 'Det ettermoderne samfunn'».<sup>19</sup> Den generelle strategien for tida som var att var å gå inn i eit meir syntetiserande arbeid. Ved å ta i bruk perspektiva ein hadde opparbeidd i løpet av dei første åra skulle ein no vere i stand til å utføre prosjekt som kunne danne ein større heilskap på eit breitt samfunnsmessig nivå: «Strategiplanen skisserte fire 'innfallsvinkler' som skulle karakterisere senterets profil. Det var 'Profesjoner, vitenskap og samfunn', 'Verdier og sosialisering', 'Innovasjon, visjon og design' og 'Risiko og ansvar'».<sup>20</sup>

Sjølv om fleire prosjekt var planlagde for å vare lenger enn avviklinga av TMV, og ein såg for seg at senteret sitt arbeid ville halde fram i ei eller anna form utover den tilmalte tida såg ein også behovet for å runde av prosjektet som sjølve TMV var. Som sagt var fokuset på syntetiserande framstillingar, og arbeidet med fleire bokmanuskript med dette føremålet vart sett i gang. Mellom desse finn vi Sejersteds «Systemtvang eller politikk» og Andrew Feenberg sitt prosjekt om «Teknikk og modernitet», som på ulike måtar søker å ta eit oppgjer med ein implisitt og underliggende teknologideterminisme i samfunnet.

Det vart avgjort at senteret skulle leggast under Det Samfunnsvitenskapelige Fakultet ved Universitetet i Oslo og skifte namn til Senter for teknologi, innovasjon og kultur (TIK). Dette skjedde gjennom at ein slo det gamle TMV saman med ESST-programmet. Framleis

---

<sup>18</sup> Årsberetning 1994:5

<sup>19</sup> Årsberetning 1996:5

<sup>20</sup> Årsberetning 1996:5

var det både samfunnsvitskaplege og humanistiske perspektiv som gjaldt, sjølv om ein etter kvart kan observere ei dreining mot ein meir samfunnsvitskaplege profil. For studentane kunnar det nye senteret ikkje berre tilby ESST-programmet, men også eit eige TIK-masterprogram.

I strategien for TIK-senteret perioden 2000-2001 går det fram at mange av tankane som var retningsgjevande for TMV framleis vart haldne ved like. Om dei ulike faglege orienteringane blir det sagt at «de deler en kritisk holdning til teknologisk determinisme og lineære utviklingsmodeller».<sup>21</sup> Det første kjemmer vi att frå TMV, medan skepsisen til lineære utviklingsmodellar nok må høyre til innovasjonsteorien, som dei siste tiåra har kjempa hardt mot den dogmatiske førestillinga om at innovasjon og nyskaping følgjer ei rett linje frå grunnforsking, via anvendt forsking til ferdig produkt. I staden vil ein i mykje større grad operere med «feedback-loops» og kompliserte nettverk av aktørar som utfører både «push» og «pull»-funksjonar. I dette kan vi skimte fellestrek med oppgjøret med teknologideterminismen, då det også her er snakk om å finne ut korleis ein kan kontrollere utviklinga, men i eit perspektiv avgrensa til det økonomiske feltet.

Av desse likskapane og ulikskapane mellom TMV og TIK, kan det sjå ut til at skilnadane i fagleg orientering har gjort at dei to sentra legg noko ulikt innhald i termen «teknologideterminisme», som det er viktig å kaste lys over. Det er klårt at også dei «nye» perspektiva har mykje for seg, men det er likevel viktig å hugse på implikasjonane ved dei gamle tilnærningsmåtane til spørsmål om teknologien si rolle i liva våre.

Sjølv om det også vart lagt vekt på at TIK skulle drive med formidling og vere utoverretta, går det også fram at det skulle vere eit *forskinsinstitutt* kor dei tilsette hadde ein større del av arbeidstida si satt av til forskingsverksemd.<sup>22</sup> I tillegg hadde senteret ei noko anna orientering når det kom til kven det var ein skulle rette seg mot: «Senteret har en forpliktelse til å skape et *rom* for tverrfaglig forsking og undervisning innen sitt felt. Denne forpliktelsen går i to retninger, innad mot universitetet og utad mot ‘samfunn og næringsliv’».<sup>23</sup>

---

<sup>21</sup> Sørhaug 2000:8

<sup>22</sup> Sørhaug 2000:18

<sup>23</sup> Sørhaug 2000:19

Reint fagleg var altså TIK noko annleis frå TMV. Det var no tre forskjellige hovudområde som arbeidde parallelt, innovasjonsteori, organisasjonsteori og Science and technology studies (STS). Som vi allereie har vore inne på var Francis Sejersted ein viktig aktør i få til eit miljø for innovasjonsteori og Schumpeterianske perspektiv i norsk økonomisk tenking, sjølv om han var sterkt kritisk til det han så som ein innebygd teknologideterminisme i denne tradisjonen. Like fullt ser vi av strategien for TIK at dette fagfeltet ikkje hadde dette synet på seg sjølv. Når det nye senteret enda opp med å bli plassert under det Samfunnsvitenskapelige fakultet stemmer det overeins med fekk eit sterkare preg av nettopp samfunnsvitenskapelige perspektiv, sjølv om humanioradelen på ingen måte kan seiast å vere fråverande.

## 1.4 Overblikk: teknologi som problem?

Opphavleg vart Sejersted tilsett som leiar for dei første fem åra, men heldt fram i denne posisjonen til senteret endra namn til TIK og lagt under til samfunnsvitskapleg fakultet i 1999.<sup>24</sup> Sejersted var den sentrale figuren ved senteret og hadde stor innverknad på satsingsområde, både gjennom sine eigne interesser og eigen kompetanse som historikar som hadde jobba mykje med norsk økonomi- og rettshistorie.

Som vil bli nøye drøfta i kapittel 3 meiner Sejersted at historiefaget må vere syntetiserande. Vi har allereie sett korleis han tok med seg denne typen perspektiv inn i danninga av TMV, men her kom det fram ei mykje breiare orientering, kor det er snakk om syntetiserande perspektiv på heile samfunnsutviklinga. Dei seinare drøftingane mine omkring dette temaet vil i hovudsak krinse om Sejersted, men det er interessant å sjå at han tilsynelatande fekk gjennomslag for denne ideen, og at det såleis fekk stor påverknad på kva slags senter det vart. Slik eg ser det er det syntetiserande synet ein viktig del av tanken om at kunnskap om historia vår og samfunnet vi lev i kan fungere frigjerande, og at dette har ein heilt spesifikk relevans når det kjem til spørsmål om teknologi og teknologideterminisme. Arbeidsgruppa som la ned det første arbeidet med TMV teikna opp eit nokså pessimistisk bilde av korleis teknologien ser ut til å ha større kontroll over oss enn det vi har over han. Den

---

<sup>24</sup> Senteret var altså administrativt plassert under Samfunnsvitenskapelig fakultet, men låg framleis plassert i forskingsparken nokre år til.

syntetiserande tilnærningsmåten overfor teknologien blir dermed ein del av løysinga på korleis ein kan kjempe mot teknologideterminismen.

Samstundes har han advart mot å gjere det motsette, å ikkje ta tilstrekkeleg innover seg kor viktig teknologien faktisk er. «Reduseringen av den politiske historie til sosialhistorie impliserer et historiesyn med stor vekt på den historiske nødvendighet, og med tilsvarende liten vekt på det politisk mulige».<sup>25</sup> Dette sitatet sumerar opp ein stor del av Sejersted si haldning til studiet av historie. Det går fram av dette at samtida si historieforskning i for stor grad var analytisk, noko som gjekk utover den syntetiske sida av faget. Ein var ikkje lenger interessert i å konstruere dei lange linjene som gjorde historia til ei forteljing som vi kan relatere oss til. Dette uttrykkjer han også i eit intervju med Klassekampen: «Sosialdemokratiet skapte i sin tid en drøm om en ny industristat, om vekst og en lysende framtid. Dette var lenge en suksessrik visjon. Men med tiden har drømmen gått tapt, konstaterer Sejersted.»<sup>26</sup>

Grunnen til at ein må ha syntesar verkar for Sejersted å vere rotfesta i ei oppfatning om at evna til å handle fritt føreset nettopp ein eller annan felles form for rasjonalitet, som gjer det mogleg å kommunisere på det politiske planet. Desse syna pregar òg måten dei teknologihistoriske verka han utarbeidde før og medan han var leiar for TMV. Føremålet med desse er ikkje berre å gje ei framstilling av hendingar i fortida, men å gjere det mogleg å sjå korleis dei noverande tilhøva i samfunnet, som ofte kan verke å vere umoglege å kontrollere, som regel spring ut frå ideologiske overtydingar og pragmatiske omsyn. Som vi skal sjå seinare er målet med dei teknologihistoriske skrifter han og andre ved TMV utarbeidde er i tråd med dette å motverke teknologideterministiske syn.

Når det i årsberetninga frå 1993 blir sagt at TMV inngår i ei etikkbølgje som er karakterisert ved filosofisk normativ etikk og empirisk kasuistikk gjev det eit godt hint om korleis ein bør gå fram idehistorisk dersom ein vil danne seg eit bilde av korleis senteret sitt mandat vart forvalta. Som representant for filosofien og den normative etikk har eg valt Thomas Krogh og boka *Technology and Rationality*, og for den meir empiriske sida, Francis Sejersted. Rett nok har også Sejersted gjort mange interessante refleksjonar av meir teoretisk

---

<sup>25</sup> Sejersted 2001:107

<sup>26</sup> Klassekampen 23. september 2013; <http://www.klassekampen.no/61988/article/item/null/framtida-som-forsvant>

art, men det er tydleg at desse stadig er nært knytt til historiske tilstandar og ei meir empirisk orientering.

Arbeidsgruppa som først la fram nokså konkrete planar for eit senter av den typen som TMV enda opp med å bli, sette visdom i kontrast til intelligens og kunnskap. Utover i oppgåva vil problemstillingar og drøftingar som byggjer på eit skilje mellom forskjellige former for rasjonalitet, spele ei sentral rolle, og eg meiner det finnast klåre parallellar mellom dei to skilja som det er verdt å merke seg. Teoriar om teknisk og ikkje-teknisk rasjonalitet dreier seg ofte om nettopp det at moderne samfunn er usedvanleg gode på å tenke rasjonelt og handle i tråd med rasjonaliteten sin så lenge det er snakk om middel-mål relasjonar. På den andre sida står det dårlegare til med alle andre former for tenking som går utanfor dette. Dette er tankar som vi finn at mellom anna i Frankfurterskolen og Jürgen Habermas, men også hos både Thomas Krogh og Francis Sejersted, om enn under litt ulike termar. Når vi ser at denne måten å tenke om rasjonalitet på finnast både i arbeida deira, og i formålsparagrafen for senteret som heilskap tyder det på at dette var heilt sentrale spor ein ønskte å følgje. I tillegg meiner eg at det er mykje som tyder på at utadvendtheita ved TMV som eg har påpeika tidlegare i dette kapitlet, heng nøye saman med desse tankane. Når ein ser at samfunnet er svært teknologisk rasjonelt, men har manglar i den etiske tenkinga er det opplagt at forskinga har liten verdi i og for seg sjølv dersom han ikkje vert nytta aktivt til å endre på dei faktiske tilhøva.

Når det var innovasjonsteori og STS som etter kvart enda opp som dei dominerande fagområda ved TIK kan det vere interessant å gjere ei kort drøfting omkring korleis det påverka tolkinga av termen teknologideterminisme. Som vi har sett vil innovasjonsteorien til livs tanken om at nyvinningar oppstår i grunnforsking og blir meir og meir avanserte fram til dei når ut i marknaden; altså at det er ein naturleg progresjon frå teori til praksis, frå tanke til handling. Når vi samanliknar dette med den typen teknologideterminisme som til dømes Krogh og Sejersted drøftar er det ikkje opplagt at det er det same dei snakkar om. Dei argumenterer, vil eg hevde, i ein laus tradisjon som ser teknikk og teknologi som eit sentralt karaktertrekk ved modernitetten, og måten vi som moderne menneske *er*. Teknologideterminismen er ein del av dette, fordi vi gjerne tenker at det er i teknologien både problema og løysingane samfunnet må ta stilling til ligg.

I det store og det heile kan vi seie at dei faglege tilnærmingane ved TIK er meir orientert omkring vitskap enn det ein var ved TMV, kor teknologi altså vart analysert som

sosialt fenomen. Innanfor STS er ein også oppteken av å forstå korleis vitskaplege praksistar går føre seg, og teknovitskap er eit sentralt omgrep. Det er altså mykje fokus på teknologi og kva rolle det spelar i moderne samfunn, men i stor grad går ein sosiologisk til verks. Som svar til teknologideterministisk tenking fekk ein retningar som «The social construction of technology» (SCOT) som gjennom kasuistiske studiar viste korleis teknologiar er produkt av sosiale tilhøve og behov. Her er det igjen interessant å sjå korleis problemet vart definert gjennom svaret. Det SCOT vil tilbakevise er at teknologideterministiske posisjonar er *sanne*. Dei rettar seg mot det vi kan kalle eksplisitt teknologideterminisme, det vil seie uttrykte haldningar, gjerne akademiske, som seier tydleg at teknologien er den sentrale faktoren i samfunnsutviklinga. Dette skil seg ein heil del frå det eg vil påstå var prosjektet ved TMV og det dei forstod med å gjere eit oppgjer med teknologideterminisme. For dei var det ikkje snakk om å argumentere for eller imot bestemte filosofiske eller sosiologiske posisjonar, men hadde eit meir praktisk føremål; å gjere det mogleg å *ta kontrollen*. Spørsmålet om kva som er den sanne posisjonen blir av den grunn mindre viktig; teorien sitt høgaste mål er å endre samfunnet, men dette kan berre gjerast ved å forstå det. Gjennom å danne seg ei slik forståing, kan ein utfordre borgarane i eit bestemt samfunn til å bli medvitne om sine eigne haldningar og handlingar, og på den måten bli herre over teknologien. Ein annan dimensjon ved dette, og som vil bli drøfta fleire gonger utover i denne oppgåva, er tanken om at den type tenking vi utfører når vi skal løyse tekniske oppgåver er av ein annan art, enn den som høver når vi skal ta for oss politiske, sosiale eller etiske problem. I samanheng med dette dreier frigjeringa fra teknologideterministisk tenking seg om å bli fri til å tenke på ein ikkje-teknologisk måte.

## 1.5 Arbeid og publikasjonar

Dei faglege arbeida som vart av TMV kan grovt delast i tre grupper; I) arbeidsnotatserien, II) Skriftserien og III) øvrige publikasjonar.

I) Arbeidsnotatserien kom ut i 115 hefter frå 1989 til 1998. Grunnen til at desse utgjer ei eiga gruppe av TMV sine publikasjonar er at dei på ein eigen måte syner kva som var dei aktuelle problemstillingane som ein jobba med ved senteret, både fagleg og administrativt. Av faglege tekstar utgjer skriftlege versjonar av innlegg ved TMV sin opne seminarserie mange av hefta. Både forskrar med meir permanent tilknyting til senteret og andre utanfrå har bidrige til arbeidsnotatserien, og difor gjev han eit innblikk i nettverket ein hadde til ulike

tider, og korleis senteret var ein møtestad for personar frå ulike fagmiljø. Også tekstar som sjølvstendige artiklar, tidlege utkast og føredrag heldt andre stader utgjer deler av arbeidsnotatserien.

II) Skriftserien består av publikasjonar av lengre arbeid frå TMV, slik som hovudoppgåver. Denne serien var ein viktig del av det felles fleirfaglege miljøet for senteret, fordi han gjorde det mogleg å diskutere og lese kvarandre sine arbeid på tvers av interesser og faglege skiljelinjer.

III) Dei ulike forskarane som var tilknytte senteret stod i tillegg for sine eigen arbeid som anten kunne vere skrivne i samanheng med større forskingsprosjekt eller eigne forskarinteresser. Ein viktig del av dette er dei mange doktorgradsavhandlingane som vart utarbeidde ved senteret. I arbeidet mitt har eg som tidlegare nemnd valt å undersøke skrifter av Francis Sejersted og Thomas Krogh som i først og fremst reflekterer deira eigne faglege interesser.

## **2. Positivismestrid og teknologisk determinisme**

Både i etterkrigstida sitt Noreg og Tyskland fann det stad intens strid omkring samfunnsvitskapane sin natur, legitimitet og metodiske grunnlagsproblem. Begge dei "nasjonale" stridane blir referert til som positivismestrider, og handla grovt sagt om i kva grad samfunnet og mennesket kan forståast på same måte som ein forstår naturen.

Dei to stridane har på overflata mange parallellear, for eksempel måten dialektisk tenking stod overfor naturvitenskapleg metodologi. Det var også mange viktige skilnadar mellom dei, som eg meiner gjer begge unikt relevante for den vidare tematikken i denne oppgåva, men på ulike måtar. Det er likevel viktig å påpeike at den norske striden først og fremst høyerte til her heime, og ikkje kan sjåast på som eit appendiks til den tyske positivismestriden. Ein gjennomgang av den såkalla *Positivismusstreit in der deutschen Soziologie*, vil altså ikkje berre syne korleis den norske positivismestriden skreiv seg inn i generelle samfunnsvitskaplege konfliktar, men vil også vise korleis debattane som vart ført i Noreg skil seg ut, og på mange vis var unik.

Sjølv om det hos Krogh og Sejersted ikkje blir referert eksplisitt til denne striden meiner eg at han likevel er relevant som eit bakteppe for å forstå grunnlaget for samfunnsforsking i Noreg. Særskilt Sejersted argumenterer mot positivistisk tenking og for ein metodologi som går ut frå at mennesket er noko meir enn ein naturting, og i lys av dette er det interessant å sjå at dette skriv seg inn i ein tradisjon av positivismekritikk her til lands. Grunnen til at eg her vil gje att nokre av dei sentrale argumentasjonspunkta frå den tyske positivismestriden, er at eg meiner at det her kjem fram ein del tankar som også gjer seg gjeldande for det eg vil seie om TMV seinare. Det gjeld først og fremst bestemte måtar å tenke om rasjonalitet og vitskapleg metode i samfunnsvitskapar og humaniora, og i ein mindre grad om teknologien si rolle i moderne samfunn.

Det er først og fremst Frankfurterskolen sine argument som er interessante i denne samanhengen, men eg vil likevel også gå inn på positivisten Karl Popper sine bidrag i debatten fordi dette gjer det mogleg å forstå Frankfurterskolen sine ankepunkt mot positivistisk tenking. Det er altså i og for seg ikkje Popper sine argument og synspunkt som er det sentrale, men rolla han fekk i striden. Ut frå drøftingane omkring positivismestriden vil vi sjå at det for Adorno, Horkheimer, og til ein viss grad Habermas står teknologisk rasjonalitet

og positivisme farleg nær kvarandre. I kva grad dette er tankar som vart vidareførte hos Sejersted eller Krogh vil bli drøfta seinare.

Gjennomgangen av den norske positivismestriden vil ha ei noko liknande oppbygging som den for det tyske motstykket; nok ein gong vil eg konsentrere meg om resonnementa frå den antipositivistiske leiren, medan dei positivistiske argumenta eg nemner berre trer fram for å gjere den motsette posisjonen klårare. På den antipositivistiske sida spelar Hans Skjervheim den sentrale rolla, medan Arne Næss får rolla som antagonist. Det eg vil hente ut frå den norske striden er spørsmålet omkring kva mennesket er, og kva som er den rette måten å studere det på. Fordi eg allereie vil ha gått gjennom den tyske striden, og ein del av dei grunnleggjande stridspunkta er nokså like mellom dei to debattane vil gjennomgangen av den norske positivismestriden vere ein del kortare enn sin tyske motpart.

## 2.1 Den tyske positivismestriden

Striden i Tyskland sprang ut frå eit seminar i den tyske samfunnsvitskapsforeininga, heldt i Tübingen i 1961. Temaet dette året var skilnadane mellom natur- og samfunnsvitskapane (den offisielle tittelen var *Die Logik der Sozialwissenschaften*). Vitskapsfilosofen Karl Popper presenterte i innlegget sitt 27 tesar over det han såg som samfunnsvitskapane sine metodar og problem. Han var forkjempar for den kritiske rasjonalismen, og hadde gjennom verket sitt *Logik der Forschung* frå 1935 gjort "falsifikaasjon" til eit hovudomgrep i vitskapsteorien. Sjølv om han ikkje rekna seg sjølv å vere ein positivist, og faktisk stilte seg i opposisjon til samtida sine logiske positivistar er han innanfor rammene av den tyske positivismestriden blitt rekna for å vere på positivistane «si side». Det som likevel kan vere med på å rettferdiggjere omtalen av Popper som ein positivist, er at han såg for seg ein einskapleg vitskapsfilosofi som i dei grove linjene set dei same premissa for både natur- og samfunnsvitskapane. Det viktige i denne samanhengen er uavhengig av dette spørsmålet at det var hans posisjon som var målskiva for positivismekritikken.

På den andre sida av striden stod representantar for kritisk teori – i dette tilfellet, også kjend som Frankfurterskolen.<sup>27</sup> Dei to viktigaste medlemma av Frankfurterskolen i denne

<sup>27</sup> Omgrepet "kritisk teori" oppstod med Frankfurterskolen, nærmare bestemt i Horkheimer sin artikkel frå 1937, "Traditionelle und kritische Theorie", som kan lesast som eit programskrift for Frankfurterskolen. Kritisk teori har etter kvart blitt ein eigen tanketradisjon uavhengig av Frankfurterskolen. Frankfurterskolen blir først og

samanheng, Max Horkheimer og Theodore Adorno, hadde saman skrive *Opplysningens dialektikk* (*Dialektik der Aufklärung*), ei bok som på mange måtar vart eit hovudverk innanfor denne rørsla, og som skildrar korleis dei vitskaplege ideala frå opplysningstida enda opp med å undergrave seg sjølve. Desse tankane låg til grunn for ei nymarxistisk haldning som er implisitt til stades i kritikken dei ytte mot positivistisk tenking i alle sine former og manifestasjonar. Men før vi går nærmare inn på dette skal vi ta ein nærmare kikk på kva som faktisk hende på seminaret i Tübingen:

Debatten vart sett i gang då Adorno svarte på Popper sitt innlegg i den tyske samfunnsvitskapsforeininga. I staden for å gå inn på kvar enkelt tese valde Adorno å gje ein meir generell kritikk av det han oppfatta som problematiske sider ved positivistisk tenking generelt, og samfunnsvitskapane spesielt, og som han meir eller mindre implisitt kritiserte Popper for å stå for. Det den kritiske teorien på si side forfekta var ei forståing av samfunnet som sprang ut av ei syntese av Marx, Freud og Hegel, med fleire. Særskilt dei to siste, er for mange kjende for nytte spekulasjon som ein sentral komponent i tenkinga. For ein vanleg vitskapsmann vil spekulasjon ha ein noko negativ klang, men for desse tenkjarane var det ein essensiell del av det å oppnå sjølvmedviten og sjølvreflektert kunnskap.<sup>28</sup> Dei kritiske teoretikarane si tenking var meint å gå ut over det empiriske, fordi ein oppfattar røynda som å vere bestemt av menneskelege tilhøve og kan ikkje forståast uavhengig av dette eller dei lange historiske linjene. Eit sentralt omgrep, skal vi sjå etter kvart, var "totalitet", som var noko dei påkalla når dei gjekk til åtak på positivistane sin tendens til å isolere studieobjekta sine frå den reelle konteksten dei stamma frå.

I Popper sitt innlegg, "Die Logik der Sozialwissenschaften" (Samfunnsvitskapane sin logikk) blir det som sagt presentert 27 tesar som tek for seg grunnlagsproblem i vitskap generelt, men med særskilt fokus på samfunnsvitskapane. Det heile startar med ei utgreiing om kva rolle visse og uvisse spelar i vitskapleg praksis: På same tid som vi har ei stor mengde kunnskap av reint teoretisk art er det også ei uendeleg mengde ting vi ikkje veit.<sup>29</sup> Denne

---

fremst assosiert med ei tverrfagleg gruppe akademikrar som jobba ved "Institut für Sozialforschung" i Frankfurt am Main, derav namnet.

<sup>28</sup> Her kunne det ha vore teneleg med ein ekskurs over nokre moment hos Hegel, men det vil gå utanfor rekkevida av oppgåva sin tematikk. Eg vel heller å tru at lesaren har ein god nok kjennskap til grunnlagsmaterialet slik at ein slik diskurs ville vere overflødig.

<sup>29</sup> Popper 1970:103-104

tilsynelatande trivielle påstanden viser seg å vere noko meir djuptgripande når Popper på bakgrunnen av dette seier at det ikkje kan finnast visse utan problem; dette gjeld også omvendt, det kan ikkje finnast problem dersom vi ikkje er visse om noko. Vidare hevdar Popper at:

Slik som alle andre vitskapar, så er også samfunnsvitskapane framgangsrike eller framgangslause, interessante eller platte, fruktbare eller ufruktbare, i same tilhøve som betydinga eller interessa står til problemet som det dreier seg om; og naturlegvis også i same tilhøve til ærlegheit, rettlinjaheit og enkelheit, som desse problema blir angripne med.<sup>3031</sup>

Med denne setninga legg Popper opp til at samfunnsvitskapane må forståast på dei same premissa som naturvitskapane, og han har med dette plassert alle vitskapar innanfor det reint teoretiske området, altså utanfor praktiske interesser og omsyn.<sup>32</sup> Det ligg nokså implisitt gjennom heile argumentasjonen hans at det ikkje er praktiske spørsmål han er oppteken av, og det fører til at det berre er det som siktar mot teoretisk opplysning som kan kvalifisere til vitskap i hans forstand.

I den sjette tesen, som også er hovudtesen i innlegget, kjem *kritikken* inn som eit sentralt prinsipp i vitskapsteorien hans.<sup>33</sup> Alle former for vitskap byggjer på stadig og gjensidig kritikk, og vitskap er eigentleg ein omstendig form for prøving og feiling som ingen kan vere friteken frå, i den forstand at ingen har umiddelbar tilgang til sanninga. Ein kvar må vere i stand til å gje prov for dei oppfatningane dei har. Dette spelar sjølvsagt på poenget med visse og uvisse over; fordi vi har eit felles teoretisk grunnlag vi meiner å vere visse og einige

---

<sup>30</sup> Popper 1970:105; *Fünfte These*: Ebenso wie alle anderen Wissenschaften, so sind auch die Sozialwissenschaften erfolgreich oder erfolglos, interessant oder schal, fruchtbar oder unfruchtbar, in genauem Verhältnis zu der Bedeutung oder dem Interesse der Probleme, um die es sich handelt; und natürlich auch in genauem Verhältnis zur Ehrlichkeit, Gradlinigkeit und Einfachheit, mit der diese Probleme angegriffen werden.

<sup>31</sup> Alle sitat henta frå tyskspråklege tekstar er omsette av meg. For kvar enkelt omsetting vil ein finne det opphavlege tekststykket i fotnotane.

<sup>32</sup> I den fjortande tesen blir menneskeleg velferd, problem med nasjonalt forsvar, nasjonal angrepsspolitikk, industriell utvikling og personleg berikelse definert som utanomvitskaplege problem. Jf. Popper 1970: 113.

<sup>33</sup> Popper 1970:105-106

om er det mogleg å utføre ein kritikk som er forståeleg av alle partar; og fordi vi veit at uvisse alltid omsluttar det vi veit må vi i prinsippet vere opne for at det er relevante opplysningar vi ikkje har fått med oss og som kan rokke ved oppfatningane vi har danna oss. Eit kvart område som vi trur har blitt opplyst, kan eigentleg vise seg å vere gøynt i uvissa sitt mørke, og det vil vere i alle si interessa å bli møtt med kritikk som kan korrigere potensielt gale oppfatningar. For å forenkle det heile litt, kan vi oppsummere det slik at vitskapen opererer med påstandar som anten kan vere *rette* eller *gale*, og det å frambringe nye, rette og ikkje-trivielle påstandar er vitskapen si hovudoppgåve. I dette ligg det altså at det i alle fall i prinsippet ligg ein ide om objektivitet til grunn, og at eit kvart objekt kan forståast isolert frå omgjevnadane sine.

I den følgjande sjuande tesen gjer Popper passande nok greie for kva det er som er vitskapane sin objektivitet.<sup>34</sup> Det er nemleg ikkje den enkelte forskar sitt ansvar å vere ein fullstendig objektiv observatør, for det er noko han aldri kan vere dersom han også er eit menneske. Han er alltid styrt av sine eigne verdiar og ønskjer, og tilgangen til objekta han studerar, går via det subjektive blikket hans. I staden er det sjølve den kritiske metoden som skal sikre ein tilstrekkeleg grad av objektivitet, i det minste er det via kritikk ein kan strekke seg mot det objektive idealet. Her finn vi kjernen i Popper sin rasjonelt kritiske posisjon, som han også kallar kritisistisk, og det som gjer at han kunne bli skulda for å ha positivistiske tendensar. Grovt sagt dreier positivismen seg om at det finnast ein måte å erkjenne verda på ”rett” måte, og det er i form av den vitskaplege erkjenninga. Vidare vil positivstar meine at det berre finnast ein form for vitskaplegheit, og all aktivitet som ikkje oppfyller dei krava ein måtte meine ligg til grunn for at noko skal vere vitskap er uvitskapleg. Det går utanfor rekkevidda til denne oppgåva å gjere nokon djupare vurdering av kva grad Popper stod for eit positivistisk syn eller ikkje, og det sentrale momentet er kva sider ved vitskapsteorien hans som let ein positivismekritikk bli retta mot han.

Interessant er det likevel å legge merke til at med ein gong han innfører desse tankane om kritikken som den felles instansen for alle vitskapar går han i gang med å kritisere scientisme og ”misforsatte” formar for metodologisk naturalisme, i noko som kan sjå ut som ein eigen positivismekritikk, men som eg ikkje vil gå vidare med her. Med det vil han ta eit oppgjer med dei som meiner at samfunnsvitskap må lære vitskapleg metode av

---

<sup>34</sup> Popper 1970:106-107, jf. s.112

naturvitenskapane.<sup>35</sup> Det han vil vekk frå er altså tanken om at naturvitenskapane er primære i høve til samfunnsvitenskapane, det er ikkje noko hierarki mellom dei, ser han ut til å hevde, og når det kjem til den konkrete metoden for å utøve ulike formar for vitenskap er det ikkje naudsynt at det finnast noko som er felles, utover openheita for kritikk. På dette punktet ser vi korleis Popper skil seg ein heil del frå det vi vanlegvis tenker på som positivisme, men at han likevel legg til grunn ei oppfatning av at når vi omtalar noko som vitenskap er det objektivitet som alltid er det regulative idealet. Det er nettopp dette aspektet, at det, i alle fall i prinsippet, kan finnast noko slikt som objektivitet Frankfurterskolen, og særskilt Adorno festa seg ved, men dette var eit tema som vart endå viktigare for Skjervheim i den norske debatten, enn det var i Tyskland.

Det er likevel ikkje slik at Popper reknar med at det går an å fullstendig oppfylle dette idealet, fordi det alltid vil vere verdiar involvert i måten ein kvar vitenskapsmann går fram på, ikkje minst dersom han opererer innanfor samfunnsvitenskapane, fordi han er ein del av det han studerer; samfunnet. I sin tjueførste tese hevdar han like fullt at ”Det finnast ingen reint observerande vitenskap, men i staden vitenskapar som teoretiserer meir eller mindre medvite og kritisk. Det gjeld også for samfunnsvitenskapane”.<sup>36</sup>

Av dette ser vi at poenget til Popper er at sjølv om vi aldri vil oppnå reint objektiv kunnskap, er det likevel noko vi kan kome meir eller mindre nært. Dette ser ut til å henge saman med falsifikasjonsprinsippet som jo nettopp dreier seg om at vitenskapen sin framgang ikkje skjer gjennom å bekrefte eller verifikasiere hypotesar, men i staden ved avvisinga av usanne hypotesar. Vi kan ifølgje Popper sitt standpunkt aldri vere sikre på at hypotesene vi dannar oss er heilt riktige, men vi kan i mange tilfeller vere sikre på at dei er usanne. Igjen ser vi at grunntanken om visse og uvisse viser seg.

Som ei innvending mot den tolkinga av Popper sine tesar som eg har gjeve her kan vi sjå til David Frisby som påpeiker at det i Popper sine arbeid er eit implisitt vitenskapshierarki, der naturvitenskapane, og særskilt fysikken, står øvst, og til dømes sosiologien står under og må late seg inspirere av dei høgare vitenskapane sine metodar.<sup>37</sup> Som vi har sett er det ikkje

---

<sup>35</sup> Popper 1970:107

<sup>36</sup> Popper 1970:119; Es gibt keine rein beobachtende Wissenschaft, sondern nur Wissenschaften die mehr oder weniger bewußt und kritisch theoretisieren. Das gilt auch für die Sozialwissenschaften.

<sup>37</sup> Frisby 1971:107

uproblematisk å hevde at Popper var ein positivist. På den andre sida er det nokså lett å sjå at han står i tradisjonen etter opplysningstida og vitskapsideala som stammar derfrå, og tanken om regulative ideal som retningsgjevande for den teoretiske erkjenninga kjenner vi att frå Immanuel Kant sin *Kritikk av den rene fornuft*. Der Frankfurterskolen gjekk tilbake til Hegel for å finne eit fundament for å forstå verda og vitskapane på, gjekk Popper og dei kritiske rasjonalistane altså tilbake til Kant. I samsvar med dette hadde dei eit syn på fakta og vitskap som er meir å forstå som ein form for strukturert erfaring. Historie har så å seie inga betyding i erkjenninga, medan det sentrale er å kome fram til objektiv sanning som i prinsippet er tilgjengeleg for ein kvar. Popper tek dette siste eit steg vidare når han insisterer på å uttrykke ideane sin så klårt som mogleg og i ein artikkel i *Die Zeit* frå 1971 går hardt ut mot ei gruppe han omtalar som neodialektikarar (les:Frankfurterskolen, og særskilt Adorno og Habermas).<sup>39</sup> Han meiner dei manglar den intellektuell oppriktigheita og beskjedenheita til å bruke eit språk som det er mogleg for andre å forstå. Dei er meir opptekne av å framstå som profetar enn å faktisk bidra med ny kunnskap. At denne kritikken har ei politisk slagseite skal vi sjå etter at vi har lete Adorno kome med sin kritikk av Popper sin vitskapsteori.

Tidleg i sitt svar til Popper kom Adorno med følgjande karakteristikk av kva samfunnet er: ”Samfunnet er sjølvmotstridande og kan dermed bestemmost [som]; rasjonelt og irrasjonelt i eitt, system og bruddstykke, blind natur og formidla gjennom medvit. Dette må sosiologien sin framgangsmåte böye seg etter”.<sup>40</sup> Det han protesterer mot er tanken om at metoden skal ha forrang for objektet som blir studert; I dette ligg det at det ikkje finnast nokon måte å erkjenne på som står over alle dei andre, men at ein må forstå ting alt etter kva det er, og ikkje forsøke å gå inn i eit perspektivlaus perspektiv, likt Popper sin vitskaplege erkjenning. Når vi stiller eit objekt framfor oss med det føremål å studere det har vi allereie sagt noko om kva det er og ein kan ikkje late som om det finnast uavhengig av denne relasjonen.

---

<sup>38</sup> Frisby argumenterer for denne konklusjonen ved å vise til at Popper mente at all vitskap står overfor liknande problem og difor må ha liknande framgangsmåtar. Samfunnsvitskapane er av meir tvilsam karakter som vitskapar, og må difor orientere seg etter naturvitskapane.

<sup>39</sup> Artikkelen er å finne på *Die Zeit* sine nettsider: Wider die großen Worte - Ein Plädoyer für intellektuelle Redlichkeit" i "<http://www.zeit.de/1971/39/wider-die-grossen-worte/komplettansicht>".

<sup>40</sup> Adorno 1970:126; Die Gesellschaft ist widerspruchsvoll und doch bestimmbar; rational und irrational in eins, System und brüchig, blinde Natur und durch Bewusstsein vermittelt. Dem muss die Verfahrungsweise der Soziologie sich beugen.

Sosiologien, hevdar Adorno har ikkje som sitt studieobjekt gjenstandar som kan forståast kontekstlaust. Tvert om er det slik at det sosiologen studerer berre er meiningsfullt sett i samanheng med den totaliteten det eksisterer i. Dette poenget må sjåast i lys av eit meir generelt poeng hos Adorno, som har å gjere med tenking i vidaste forstand av ordet. Den moderne måten å forstå og tenke om verda på er identitetstenking<sup>41</sup>; det vil seie at ein ting aldri blir forstått ut frå seg sjølv og det som er unikt ved seg, men alltid blir sett i lys av kva omgrep det kan bli klassifisert under. Adorno er som nemnd i tradisjonen etter Hegel, og vil av den grunn hevde at i samfunnsspørsmål må det til ei dialektisk tenking, som ikkje er ute etter sanningar som står utanfor tid, rom og kontekst, men heller er forståande. Han kalla sin variant av denne tenkemåten for "negativ dialektikk" i boka med same namn. Dette er eit viktig moment hos Adorno, fordi identitetstenkinga opnar opp for at gjenstandar blir forstått berre i ein teknisk forstand; det kan ikkje legge krav på nokon etisk eller "verdifull" dimensjon utover kva for slags bruk han kan ha.

Når Adorno så avviser den "vitskaplege metoden" i samfunnsvitskapane er det altså fordi denne framgangsmåten, for å fungere slik han skal, må sjå vekk frå dei komplekse relasjonane og kontinuerlege reproduksjonane av desse.<sup>42</sup> Han går faktisk så langt som å seie at "Metodar avheng ikkje av metodologiske ideal, men av saken".<sup>43</sup> Det han reagerer på hos Popper er altså måten han er sentrert omkring det han kallar "problem". Adorno meiner at den måten Popper omtalar problem på er som om dei var lausrivne frå samanhengen sin og frå den som set opp problemet. Rett nok såg vi at Popper meinte at det ikkje finnast noko menneske som er absolutt objektivt, men desse drøftingane dreia seg meir omkring problemet med å svare på eit bestemt spørsmål, heller enn å diskutere korleis problem i seg sjølve blir stilt opp. Når han ikkje gjer det vil Adorno meine at han misforstår kva som faktisk skjer når noko blir definert som eit problem. I tråd med Marx, som han også henta mykje tankegods frå, vil han hevde at det i måten samfunnet er organisert på og språket som blir brukt, ligg ideologiske føringer som kan og bør bli avslørte og kritiserte for kva dei faktisk er.

Eit sentralt ankepunkt for den kritiske teorien er at samfunnsvitskapane generelt, og sosiologien spesielt, verken kan eller skal vere nøytrale. Popper var i og for seg einig i at

---

<sup>41</sup> Adorno 1973:18

<sup>42</sup> Adorno 1970:127

<sup>43</sup> Adorno 1970:130; Methoden hängen nicht vom methodologischen Ideal ab, sondern von der Sache.

sosiologi er ein vitskap som har å gjere med verdidommar, men han heldt likevel fast på at det måtte grunnast i empiriske spørsmål ved hjelp av vitskaplege metodar.<sup>44</sup> Frankfurterskolen derimot, ville på si side hevde at samfunnsmessige tendensar og problem ikkje kan rivast laus frå større samanhengar dersom ein skal kunne forstå dei, og dette må få konsekvensar for korleis samfunnsvitaren går fram i undersøkingane sine:

Ikkje sjeldan har ein løysingar; det går ein ut frå; og deretter konstruerer ein spørsmålet. Det er ikkje tilfeldig: samfunnet sin forrang som overgripande og samansluttande over sine enkelte manifestasjonar kjem til uttrykk gjennom i den samfunnsmessige erkjenninga som samfunnsomgrepet stammar frå og som dei sosiologiske enkelproblema forvandlar seg først seg gjennom dei seinare konfrontasjonane av det førehandstekne med det bestemte materialet.<sup>45</sup>

Her ser vi at Adorno problematiserer Popper si orientering omkring *problem* i vitskapen. Det er ikkje slik at vi erkjenner verda som enkeltdelar, som vi så kan sette saman til eit heile; tvert om, heilskapen er der først, og det er på grunn av dette moglegheita for å stille eit spørsmål ved han oppstår. I dette ligg det også at problema i samfunnet ikkje kan bli oppfatta gjennom reint teoretiske briller, kor det finnast *rette* og *gale* påstandar om verda. Ein kvar påstand som ikkje inkluderer totaliteten i seg vil til ein viss grad aldri vere heilt sann. Med falsifikasjonsprinsippet blir emipiri alltid ein heilt essensiell del av ein kvar teori: "Falsifiserbarheita innfører vi berre som kriterium for den empiriske karakteren av påstandssystem; det må bestemmost reglar for når eit system skal bli rekna for å vere falsifisert."<sup>46</sup> Det er altså ved hjelp av empirisk materiale at ein teori kan bli falsifisert, og ein teori kan berre reknast for å vere gyldig så lenge det er mogleg å falsifisere han, etter Popper

<sup>44</sup> Popper 1970: 105-106, 113-115

<sup>45</sup> Adorno 1970:131; Nicht selten hat man Lösungen; es geht einem etwas auf, und nachträglich konstruiert man dann die Frage. Das aber ist kein Zufall: der Vorrang der Gesellschaft als eines Übergreifenden und Zusammengeschlossenen über ihre einzelnen Manifestationen drückt in der gesellschaftlichen Erkenntnis durch Einsichten sich aus, die aus dem Begriff der Gesellschaft stammen und die in soziologische Einzelprobleme erst durch die nachträgliche Konfrontation des Vorweggenommenen mit dem besonderen Material sich verwandeln.

<sup>46</sup> Popper 1982:54; Die Falsifizierbarkeit führen wir lediglich als Kriterium des empirischen Charakters von Satzsystemen ein; wann ein System als falsifiziert anzusehen ist, muß durch eigene Regeln bestimmt werden

sitt syn. Adorno på si side er kjent for å ikkje vere like oppteken av teoriane sitt empiriske grunnlag, noko som sjølvsagt heng saman med den dialektiske tenkinga han forsvarar.

Etter Adorno sitt syn gjev det rett og slett ikkje mening å bruke Popper sin distinksjon mellom visse og uvisse, som låg til grunn for dei 27 tesane hans, og dette kan vere noko av grunnen til at Adorno fann det for godt å ikkje ta for seg kvar enkelt av dei. Han meiner heller at han er i stand til å tilbakevise grunnpremissa for heile Popper si tenking: Det er ikkje slik at det vi veit først og fremst er teoretisk og gjenstand for objektiv kritikk. Mogelheitsvilkåret for at vi veit noko som helst er at vi på ein fundamental måte har ei forståing av relasjonane som det går inn i. Med det forsvinn også grunnlaget for å hevde at det er slike objektive og teoretiske problem som vitskapleg orientering spring ut frå, slik Popper vil ha det til. For det er faktisk ikkje slik at gjenstandar i verda er verdifrie, og heller er det ikkje slik at verdiar er noko som blir lagt på dei som noko utanfrå. Nei, vil Adorno meine, det er først gjennom ein abstraksjon at det vert mogleg å sjalte ut verdien som noko for seg sjølv. Igjen er det forholdet til totalitetten det blir vist til. Fordi ein ting er det det er på bakgrunn av samanhengane og samfunnet det inngår i vil det aldri i verkelegheita berre framstå som ein ”berre” ein ting. Det samfunnsvitskapane må gjere er å få fram nettopp desse relasjonane og forstå verdien i høve til totalitetten.<sup>47</sup>

Med det kjem vi til kva det er som ligg i sjølve ideen om ”kritisk teori”. Den kanskje viktigaste skilnaden mellom tenkemåtane til Adorno og Popper ligg nettopp i korleis dei på kvar sin måte brukar termen ’teori’. For Popper var teori noko som søkte mot det objektive og absolutt sanne, og legg til grunn at ein kvar teori må vere fri frå sjølvmotseiingar.<sup>48</sup> For Adorno derimot er ikkje dette alltid mogleg, og ein kvar påstand om at ein berre er ute etter objektivitet dekker over mykje som forblir usagt om grunnlaget for det som vert hevda. Frankfurterskolen sitt prosjekt var å delvis omforme marxismen slik at det ikkje berre gjaldt å analysere økonomiske tilhøve for å forstå korleis den systematiske undertrykkinga i samfunnet gjekk føre seg, men også inkludere mellom anna kulturelle og sosiale faktorar. Det dreia seg om å vise at den kapitalistiske tenkemåten som dei meinte var sentrert omkring ei tenking av instrumentell art, berre var i stand til å forstå relasjonar i form av middel-mål. Som vi har sett i gjennomgangen av Adorno sitt svar til Popper meinte dei at det ikkje var mogleg i

---

<sup>47</sup> Adorno 1970:132-133

<sup>48</sup> Popper 1982:59

prinsippet å kome fram til noko objektivt, og at objektivitet i seg sjølv er eit sterkt verdilada omgrep som har bestemte ideologiske aspekt og konsekvensar. Den kritiske teorien, i sterk kontrast til ”tradisjonell” teori har som føremål å endre verda, og motverke falskt medvit, som vi kjenner att frå marxistisk teori. Sosiologien og dei andre samfunnsvitskapane si oppgåve blir i tråd med dette ikkje å svare på teoretiske problem, men heller gjere det mogleg å på ein reflektert måte å problematisere heile samfunnet i si faktiske utforming. Dersom sosiologen faktisk overbeviser seg sjølv om at han prøver å skildre samfunnet objektivt gjer han seg sjølv til ein representant for den gjeldande orden, og blir såleis ein del av det han skal kritisere.

Såleis vart den tyske positivismestriden ei forlenging av ein allereie pågående debatt i dei same miljøa omkring verdidommar i samfunnsvitskapane som vart kalla Verdidomstrid<sup>49</sup>, og som i hovudsak gjekk på forholdet mellom vitskap og politikk, og som Frankfurterskolen også var involvert i. Eg vil ikkje gå nærmare inn på denne debatten, men det kan vere verdt å merke seg at positivismestriden ofte vert omtala som *den andre verdidomstrid*, noko som tydleg gjenspeglar det at spørsmålet om i kva grad det er mogleg å erkjenne noko som helst utan at det også følgjer med ein verdidom er mogleg, eller ønskeleg. Eit viktig punkt som skilde den kritiske teorien frå den kritiske rasjonalismen var førstnemnde si vektlegging på eit anna skilje, nemleg det mellom åndsvitskap og naturvitskap<sup>50</sup>. Dei meinte at sosiologien og andre tilgrensande vitskapar er åndsvitskapar, som har andre føresetnadar og framgangsmåtar enn naturvitskapane. Det er ikkje lovmessigheiter og reproducerbare observasjonar uttrykt i eit verditomt språk sosiologen arbeider med. Han forsøker å danne seg ei god *forståing* av noko særskilt som ikkje let seg reproduksjon, og som høyrer til i ei bestemt tid og på ein bestemt stad. Adorno hadde som sagt ein ide om at moderne tenking er identitetstenking, at alle ting blir forstått ut i frå det allmenne omgrepet som vi tenker det gjennom. Slik kan vi kanskje tenke i naturvitskapleg og teknisk arbeid, men i samfunnsvitskapen er ein ikkje oppteken med å forstå det allmenne, men å forstå det enkelte samfunnet og dei bestemte tilhøva som gjer seg gjeldande krev at ein kan tolke sjølvmotseiingar og eit studieobjekt i stadig endring.

Det som særmerker sosiologien er at han kan berre fungere på ein kritisk måte og ikkje som induktiv eller hypotetisk-deduktiv. Det vil seie at dette fagfeltet har som oppgåva å

---

<sup>49</sup> Tysk: *Werturteilsstreit*

<sup>50</sup> Tysk: *Geisteswissenschaften* og *Naturwissenschaften*

undersøkje og byggje ned ideologiske hindringar for mennesket. Vi kan sjå korleis medlemma av Frankfurterskolen meinte at den kritiske teorien faktisk ikkje har eit reint teoretisk føremål, dei ville ikkje berre forstå verda. I staden hevda dei at teori og praksis er nært bundne saman, og at den kritiske teorien kan føre til frigjering av mennesket frå hindringane som er innebygd i samfunnsstrukturane. Dette var det Horkheimer og Adorno forsøkte å gjere med *Opplysningens dialektikk* i høve til dei to verdskrigane, og tida i etterkant. Andre verk frå Frankfurterskolen gjorde det same med høve til ulike sider ved det moderne samfunnet. I nokre tilfelle betyr dette også ein kritikk av vitskapen, sjølv om han innanfor sine eigne rammer gjev positive resultat. At dei naturvitenskaplege disiplinane hadde kome langt, og med imponerande resultat, ville nok også den kritiske teorien gå med på, men det tyder ikkje at samfunnsvitskapen skal eller kan ta etter dei.

Vi har no fått eit innblikk i argumentasjonen som vart presentert av debattantane Adorno og Popper ved eit konkret høve, men for å forstå klangbunnen som striden resonnerer i, må vi også trekke inn dei djupare politiske aspekta som heile tida ligg implisitt hos dei begge, og vi vil då sjå at problema som blir drøfta omkring både teknologi, rasjonalitet og samfunnsvitskapane sitt grunnlag ikkje kan løysast frå denne politisk/ideologiske komponenten.

### 2.1.1 Eindimensjonale menneske eller fascisme?

Ein av tesane eg jobbar ut frå i denne oppgåva er at det ligg ein viktig politisk komponent til grunn for debattane om både positivisme og teknologidebatt. Så langt har eg berre teke for meg dei reink vitskapsteoretiske sidene ved den tyske positivismestriden, men eg meiner altså at dette ikkje er tilstrekkeleg for å få eit fullgodt bilet på kva som stod på spel for alle involverte. Eg meiner at det å dra fram desse sidene ved debatten kan vere med å kaste lys på liknande trekk ved TMV. Men la oss starte med bakteppet for striden: Som for det meste anna i denne tida, var dei to verdskrigane som hadde herja det europeiske kontinentet i tiåra før eit sentralt premiss. Å forstå korleis noko slikt kunne skje var nærast umogleg, og det vart ikkje lettare ved at Tyskland som gjerne vart rekna for å vere ein av verdas fremste kulturnasjonar, med god grunn, hadde vore i sentrum for dei verste brotsverka. Frå ulike hald og politiske orienteringar forsøkte ein å finne spor som kunne vise at nazismen var gjort mogleg på grunn

av ein eller annan historisk tendens. Dersom ein kunne gjere det kunne ein også identifisere liknande tendensar i samtid og motverke at noko slikt kunne hende om att.

1900-talet var meir enn noko anna det moderne hundreåret, drive fram av ei tru på framsteg, både samfunnsmessig, vitskapleg og teknologisk, og spørsmålet som blir påtrengjande då, er i kva grad dette hadde innverknad på det som skjedde. Alt dette er grunnlaget for at eg no vil trekke fram nokre tekstar som ikkje spelar direkte inn på den tyske positivismestriden, men som var viktige debattinnlegg omkring korleis ein skulle forstå samfunnet og som viser kor djupt stridstema stakk. Først vil eg trekke fram nokre bidrag frå Frankfurterskolen, for deretter la Popper svare på tiltale.

Eit anna sentralt medlem i Frankfurterskolen i tillegg til Adorno og Horkheimer var Herbert Marcuse, mest kjend for boka *Det endimensjonale mennesket*. Han meinte at teknologi er det definierande trekket ved det moderne samfunn, og såg med stor skepsis på korleis teknikken stadig la under seg større og større delar av både naturen og mellommenneskelege relasjonar.<sup>51</sup> Han skil seg likevel noko ut frå kollegaane sine ved at han hadde tankar om dei positive moglegitene som låg i teknologien. For han var det på ingen måte naudsynt at alle teknikkar må vere undertrykkande og framandgjerande, heller ikkje at dei må gå på utover naturen. Det er kanskje mogleg at natur og teknologi kan leve saman, men det krev ei kvalitativ endring i måten vi lev på og kva krav vi har til teknologien. Slik Marcuse såg det var det liten tvil om at den generelle levestandarden hadde betra seg svært mykje under kapitalismen sitt hegemoni i vesten, men han stod berre prøva dersom ein nyttar kvantitative suksesskriterier. Det er det som ligg i tittelen *Det endimensjonale menneske*, at det einaste som er gyldige mål i det moderne samfunnet er effektivitet og ein heilt bestemt type rasjonalitet.

På dette viset meinte Marcuse at moderniteten både er rasjonell og irrasjonell. Rasjonell er han innanfor visse grenser, og det i ein alt for stor grad. Vi er i stand til å planlegge alle handlingane våre, til og med liva våre, til minste detalj. Dette fører både til at vi blir meir effektive og kan leve i stadig større velstand, men det har også ei totalitær bakside, nettopp fordi denne måten å utøve kontroll på gjennomsyrer alt. Marcuse går så langt som å påstå at det politiske prosjektet til industrialsamfunnet er "erfaringen, forandringen og

---

<sup>51</sup> Marcuse 1968:135-138

organiseringen av naturen som et stoff som er til for å forføyes over.<sup>52</sup> I tillegg til denne matrielle undertrykkinga skjer det parallelt ei undertrykking av ei kvar rasjonell tenking som søker alternativ utover det gjeldande systemet, og Marcuse slår fast at teknologisk rasjonalitet er blitt politisk rasjonalitet.<sup>53</sup>

Denne typen rasjonalitetskritikk er svært karakteristisk for Frankfurterskolen generelt, i det at Marcuse opererer med to nivå av rasjonalitet; den tekniske rasjonalitet som har teke over det moderne menneske og den reflekterande rasjonaliteten som har blitt fortrengt og ikkje får kome til orde. Her ser vi ein parallel til *Opplysningens dialektikk*, med drøftinga av kultur som industri. Når livet blir delt opp i arbeid og fritid følgjer det med eit behov for å fylle opp sistnemnde, når vi ikkje har noko bestemt å ta oss til. Det vanlege er at ein vender seg til forbruk av ting og underhaldning. Ein søker opplevingar som kan stå i ein skarp kontrast til det harde og nokså meiningslause arbeidet ein driv med på dagtid, og søker å verte tilfredstilt på ein overflatisk måte. Med det slitsame og tankelause arbeidet på dagtid, og dei enkle gledene på kveldstid og i helgene, er det lite som opnar for kritisk refleksjon, og såleis vert det vanskeleg å kome med kvalitative innvendingar mot ordningar i samfunnet.

Som sagt innleiingsvis er det nok ikkje heilt feil å hevde at vitskapssyna til både den kritiske rasjonalismen og den kritiske teorien inngjekk i deira forsøk på å forstå og forklare kva det var som hadde gått gale i Tyskland i heile første halvdel av det tjuande hundreåret, i eit håp om å forhindre det frå å skje om att. På ein måte var det altså det same som stod på spel for både Popper og duoen Adorno-Horkheimer. I *Eclipse of Reason*<sup>54</sup>, som på mange måtar repeterer innhaldet i *Opplysningens dialektikk*, seier Horkheimer følgjande: "In fact, one of the dominant trends in modern philosophy is to hand over to science the work left undone by traditional speculation. Such a trend toward the hypostatization of science characterizes all the schools that are today called positivist."<sup>55</sup> Det han kritiserer er tanken på vitskapen som universell, på bakrunn av rett bruk av fornuftige metodar. I det som kan verke som eit kontraintuitiv namngjeving omtalar Horkheimer denne tendensen som ei

---

<sup>52</sup> Marcuse 1968:18

<sup>53</sup> Marcuse 1968:18

<sup>54</sup> Eg vil kome tilbake til dette verket når vi med Krogh skal gjere ein overgang til å snakke om rasjonalitet og teknologi i lys av Habermas sin kommunikative teori.

<sup>55</sup> Horkheimer 2004:40

subjektivisering av fornufta. Med dette peiker han tilbake til Kant si kopernikanske vending kor han let tinga rette seg etter mennesket si erkjenningsevne, og ikkje omvendt, som fram til då var den vanlege måten å tenkje om dette på. På grunn av dette kan ein nytte si eiga fornuft til å finne ut av korleis kva som helst tilfelle heng saman. Horkheimer trekk den konklusjonen at det moderne mennesket manglar ein eller anna objektivitet som han kan rette tenkinga og praksisen sin etter, og som dermed kan verke frigjerande. I søken etter å kome vekk frå dogmatikk og ideologi har ein enda opp med positivismen sitt verdsbilete, med tilhøyrande metodedogmer og kunnskapsideologi.

*The Poverty of Historicism* og *The Open Society and its Enemies* var to bøker Popper skreiv etter andre verdskrig kor han forklarte totalitære politiske rørsler og filosofar ut frå kva syn dei hadde på historisk utvikling. Han meinte at det dei har til felles er ei tru på historisme, som i følgje Popper er trua på at historia går kan skildrast ved hjelp av eit sett med lover, at det finnast ein indre logikk i historia si utvikling, som vi ikkje er i stand til å få kontroll over, men som vi i beste fall kan framskunde eller utsette.<sup>56</sup> Hovudpoenget til Popper var at historismen byggjer på eit uhaldbart grunnlag fordi det føreset at ein veit kva kunnskapar ein kjem til å ha i framtida. Altså må ein vite det ein endå ikkje veit. At ulike rørsler likevel handlar ut frå historisistiske standpunkt kan altså sporast tilbake til erkjenning- og vitskapsfilosofiske feilslutningar. Også Frankfurterskolen, med sitt historiske fokus, og Hegeliansk-Marxistiske utgangspunkt kan lett gjerast til gjenstand for den same typen kritikk. Faktisk få utpeikar Popper både Hegel og Marx som to historisk viktige fiendar av det han kallar det opne samfunn. Som kom godt fram i innlegget hans om samfunnsvitskapane sin logikk meiner Popper at det er dei same objektivitetskrava som ligg til grunn for ein kvar form for vitskap, noko vi må tolke til å gjelde også for historiefaget.

Habermas bidrog også i den tyske positivismestriden og i artikkelen "Analytische Wissenschaftstheorie und Dialektik" forsvarar han dialektisk tenking og går til åtak for grunnlaget til Popper sin vitskapsteoretiske posisjon. Eit interessant moment i Habermas sitt resonnement er når han stiller spørsmål ved om det går an å sjå politikk som eit område for teknisk rasjonalitet:

---

<sup>56</sup> Popper 1986:1-4

... Popper si rasjonalistiske trusvedkjønning til ein vitskapleg leia politisk praksis går visstnok ut frå den tvilsame føresetnaden: at menneske rasjonelt kan styre si eiga skjebne gjennom bruken av sosialteknikk. Vi vil undersøke om denne føresetnaden stemmer: finnast det eit rasjonalitetskontinuum mellom evna til teknisk meistring over tingleggjorte prosessar på den eine sida, og ein praktisk beherskning av historiske prosessar på den andre sida - historia som vi skapar utan dermed å gjere det på ein medviten måte?<sup>57</sup>

På bakgrunn av desse spørsmåla kjem han fram til at verdinøytralitet er ein ide ein kjem gjennom å avgrense seg til å følgje ein teknisk interesse. Det har altså lite å gjere med ei teoretisk innstilling i seg sjølv å gjere.<sup>58</sup> Habermas tek tydleg Adorno si side i denne debatten, men fører det heile nærmare ein diskusjon om menneskelege verdiar og teknologi, for det er i den tekniske måten å forstå naturen på at det opnar seg eit felt kor middel-mål blir den einaste "verdien" som er at. Han kjem også inn på ein tematikk som ligg nær teknologideterminisme.

Av dei to ulike tilnærmingane til politiske grunnproblem, med utgangspunkt i analyser av Nazi-Tyskland, og til ein viss grad Sovjetunionen ser vi at positivismestriden får ei ekstra djupne som går forbi det reint vitskapsteoretiske. Måten ein går fram i samfunnsvitskapane seier alltid implisitt noko om kva ein meiner menneske og samfunn er for noko, og difor er det vanskeleg å unngå slike undertonar. Dette er tema som vi kjem til å sjå kome att med ny styrke i den forma for arbeid som TMV stod for. Både i formålsparagrafen og i arbeida til Krogh og Sejersted kan vi identifisere trekk kor det ligg ein politisk undertone, som ikkje må vere knytt opp til ein eller anna fullstendig eksplisitt ideologi, men som har å gjere med kva grunnsyn ein har på samfunn, vitskap og menneske. Det debatten mellom Adorno og Popper, med seinare innspel frå Habermas, har vist oss er at den typen problematikk som TMV både eksplisitt og implisitt kan seiast å vere ein manifestasjon av har ein rik forhistorie som går til kjerna på diskusjonar om samfunnsvitskapane sitt vesen.

---

<sup>57</sup> Habermas 1970:175; "... Poppers rationalistisches Glaubensbekenntnis zu einer wissenschaftlich angeleiteten politischen Praxis geht freilich von der fragwürdigen Voraussetzung aus...: daß die Menschen im Maße der Verwendung von Sozialtechniken ihre eigenes Geschick rational lenken können. Wir werden untersuchen, ob diese Voraussetzung stimmt: besteht ein Kontinuum der Rationalität zwischen der Fähigkeit technischer Verfügung über vergegenständlichte Prozesse einerseits und einer praktischen Beherrschung geschichtlicher Prozesse anderseits - der Geschichte, die wir 'machen', ohne sie bisher mit Bewußtsein machen können?"

<sup>58</sup> Habermas 1970:187

## 2.2 Den norske positivismestriden

Når drøftingane no går over til den norske positivismestriden vil eg først gjere ei avgrensing. Det er i hovudsak Skjervheim sin antipositivistiske kritikk av Arne Næss eg vil få fram og av den grunn vil eg berre gje lengre utgreiingar om deira posisjonar. Det er allereie skrive mykje om positivismestriden i Noreg av mellom andre Rune Slagstad (*Positivisme og vitenskapsteori i Positivisme, dialektikk og materialisme*) og Eyvind Dalseth (*Sosiologi og filosofi*), som gjev ei mykje breiare framstilling enn det eg er ute etter her. Bakgrunnen til at eg gjer den nokså smale avgrensinga mi er todelt; for det første vil eg vise korleis norsk samfunnsforsking var sterkt prega av positivisme i etterkrigstida, og indirekte vise korleis dette er med på å sette konteksten for landskapet TMV eksisterte i; for det andre er Skjervheim interessant for dei vidare drøftingane mine når det kjem til korleis han set fokus på språket som ein avgjerande arena for menneskeleg samhandling i samfunnet, og kva dette har å seie for samfunnsforskinga sin eigenart. Dette var tankar som Habermas tok med seg i hovudverket sitt om kommunikativ handling, og som eg meiner er interessante å undersøke i samband med Krogh og Sejersted sine tankar om same tema.

Bakgrunnen for den norske positivismestriden var altså Næss sin påverknad på norsk samfunnsforsking.<sup>59</sup> I *Erkenntnis und Wissenschaftliches Verhalten* utvikla han eit antimetafysisk og behavioristisk vitskapssyn som hadde objektivitet og observasjon som grunnpilarar. Han hadde vore i kontakt med dei logiske positivistane i Wiener-krinsen, og tok derfrå med seg ei oppfatning om det er mogleg å utvikle ein "enhetsvitenskap" som alle vitskapar stiller seg under. På denne måten ville ein vise at all vitskap går ut frå ein *korrekt* måte å forstå og tolke verda på. Men der dei logiske positivistane tok utgangspunkt i fysikken som den paradigmatiske vitskapen som alle andre skulle ta mål av, gjekk altså Næss til den behavioristiske psykologien.<sup>60</sup> Etter hans syn var vitskapsmannen sin jobb er å skildre så klårt og tydleg dei observasjonane han gjer, utan å bruke «subjektive» termar som på ein eller annan måte ligg bakanfor den ytre åferda. Næss var altså skeptisk til den vitskaplege gehlaten til eit kvart "indre" fenomen: "Fra det indre standpunkt ble erkjennelsesprosessen betraktet som ikke-kausal og dermed, hevdet Næss, som utilgjengelig for genuint vitenskapelig

---

<sup>59</sup> I denne framstillinga av Næss og samfunnsvitskapane vil eg basere meg på Fredrik Thue si bok *Empirisme og demokrati*.

<sup>60</sup> Thue 1997:27-29

utforsknin".<sup>61</sup> For desse syna fekk Næss stort gjennomslag i norske forskarkrinsar, kanskje mest fordi han var ein heilt sentral aktør i arbeidet med å få i gang samfunnsforskning her til lands, og å rekruttere unge forskarar til desse faga.<sup>62</sup>

Næss var i sentrum for ei gruppe akademikarar som etter kvart fekk namnet «Osloskolen», som grovt sagt kan seiast å ha vore slutta opp om eit tverrfagleg prosjekt mellom filosofi, psykologi og sosiologi. Gruppa hadde sitt opphav frå krigsåra då ein gjeng forskarar i krinsen rundt Næss møttest privat for å drøfte vitskaplege og filosofiske spørsmål av ulik art. Etter krigen fekk gruppa nytte godt av stor akademisk fridom, og i den indre krinsen starta ein å gjere sjølvstendige vitskaplege arbeid som tok utgangspunkt i Næss sin vitskapsteori.<sup>63</sup> Ved å gjennomføre studiar av såkalla «empirisk-semantisk» art ville dei finne fram til korleis ulike ord og uttrykk vart forstått og brukt av vanlege folk.<sup>64</sup> Ut frå denne gruppa oppstod det frittståande Institutt for samfunnsforskning, som skulle bli ein svært sentral aktør for norsk samfunnsfagleg verksemd, då dette endå ikkje var universitetsfag her til lands. I tråd med Næss var arbeida deira basert på naturalistiske tenkemåtar, og dei brukte metodologiar som var modellerte på naturvitskaplege praksisar.

I den tidlege perioden kritiserte Næss andre positivistar for ikkje å vere konsekvente nok i sin positivisme, og meinte at også Wienerkrinsen si tenking var fanga i metafysisk spekulasjon. Han tok nemleg eit steg vidare frå både standard positivisme og standard behaviorisme då han i innførte eit nytt nivå i vitskapsteorien, som han meinte burde jobbe ut frå eit metaspråk som skulle brukast til å skildre forskaren og praksisane hans. Forskaren skulle kunne observerast og skildrast på same måte som rotter i eit eksperiment. Denne posisjonen kom Skjervheim til å gje namnet «objektivisme» i magisteravhandlinga si «Objectivism and the study of man» (på norsk: «Objektivismen og studiet av mennesket»).

---

<sup>61</sup> Thue 1997:28

<sup>62</sup> I *Sosiologi og filosofi*, viser Eyvind Dalseth korleis Næss sin posisjon endra seg radikalt frå det positivistiske synet eg her har skissert. I og med at føremålet mitt er å seie noko om det idemessige grunnlaget for korleis samfunnsforskninga Noreg faktisk kom i gang, og kva det var Skjervheim reagerte på, har eg tillate meg sjølv å skildre Næss på ein måte kor den vidare utviklinga hans ikkje får plass. Jf. Dalseth 1972:72-76

<sup>63</sup> Fredrik Thue reknar dei følgjande ni personane for å ha vore den indre krinsen omkring Næss: Vilhelm Aubert, Christian Bay, Mia Berner, Ludvig Løvestad, Harald Ofstad, Stein Rokkan, Arne Trovik, Herman Tønnessen og Odd Wichstrøm-Nielsen. Thue 1997:63.

<sup>64</sup> Empirisk semantikk var ein metode kor ein ved hjelp av utførlege spørjeskjema sokte å finne ut kva ulike ord og uttrykk *egentleg* betydde. Dette prosjektet oppstod som ein reaksjon på dominante trendar i anglo-amerikansk filosofi i samtida.

Den norske positivismestriden fekk ei annan orientering enn den tyske, ikkje minst fordi han tok utgangspunkt i den *behavioristiske* positivismen Næss stod for. Det blir ikkje eit like stort fokus på «teknisk rasjonalitet» som vi såg i Tyskland, men meir eit direkte fokus på korleis mennesket er eit studieobjekt fundamentalt ulikt andre studieobjekt.

Som vi skal kome inn på seinare finn vi att hovudtendensane i både den tyske og den norske positivismekritikken hos Sejersted. Den norske varianten finn vi i avvisinga av den metodologiske individualismen. Mennesket og samfunnet let seg ikkje redusere til objektivt observerbare hendingar, men må forståast som frie, sosiale og intersubjektiv konstituerte vesen med ei historie og ein framtidshorisont.

Hans Skjervheim, som gjerne vert rekna for å ha sett i gang positivismestriden i Noreg henta inspirasjon frå tysk filosofi og tenking. Med essayet *Deltakar og tilskodar* frå 1957 er det nettopp fenomenologiske og eksistensielle innsikter han trekk fram. Som i Frankfurterskolen sin kritikk handla også den Skjervheim sin tekst om *positiviseringa* av samfunnsvitskapane. Men meda utgangspunkt i at det som skil mennesket frå dyra, er evna til å samhandle gjennom språket, utøvde han ein grundig kritikk av Næss sitt objektivitetsideal i samfunnsforsking.<sup>65</sup> Skjervheim meinte at når vi står overfor eit anna menneske finnast det to «haldningar» vi kan ta til det, og ytringane det gjer. Den eine haldninga er som deltakar, det vil seie at vi ser den andre som eit subjekt på lik linje med ein sjølv og som fortener å bli behandla deretter. I første omgang betyr det at vi må ta på alvor det han seier, som ei ytring som vedkjem oss, slik at vi ikkje tek ytringa berre som ein manifestasjon av åtferd, men heller retter oss mot meaninga i det. Det er berre med eit slikt grunnlag det vert mogleg å gå inn i ein dialog, kor det er samtalen sitt innhald som er det sentrale. Vi er deltakarar i ein diskusjon, og på den måten føreset vi allereie at den andre er eit subjekt, som meg sjølv, og saman er vi retta mot eit sakstilhøve utanfor oss. Slik, seier Skjervheim, lev vi i den same verda, i motsetning til tilskodaren som lev i si eiga verd kor den andre blir til eit objekt for han.

Den andre haldninga Skjervheim tek opp, er den han kallar tilskodar. I dette scenarioet tek vi eit steg tilbake og blir ikkje involvert på same måte som deltakaren. Vi anerkjenner ikkje den andre og det han måtte ytre til oss. Den måten å møte andre menneske på spelar tydleg på antipositivismens antipode, behaviorismen. Ei vanleg forståing av behaviorisme går ut på at mennesket ikkje er noko anna enn eit biologisk vesen som er styrt av drifter på lik

---

<sup>65</sup> Skjervheim 1996:71-73

linje med andre dyr. Dette var ei retning som først fekk fotfeste i psykologien, og som undersøkte dei ytre handlingane til ulike artar, utan å tilskrive nokon bakanforliggjande eller djupare meinung bak dei. Åtferd var i dette synet berre åtferd. I samfunnsvitskapane vart denne måten å tenkje på overført til individ og samfunnsnivå.

Det er verdt å merke seg at Skjervheim sine innsikter fekk ringverknadar utanfor Noreg, først og fremst i Jürgen Habermas sitt hovudverk frå 1981 *Theorie des Kommunikativen Handelns*, som vil bli drøfta i nærmere detalj i neste del. Det som er interessant på dette stadiet er korleis Habermas festar seg ved Skjervheim si insistering på at samfunnsvitskapane sitt grunnlag ligg i meinung, og at meiningsforståing er ein erfaringsmodus.<sup>66</sup>

Men når deltaking i kommunikasjonsprosessar betyr at den eine må ta stilling til den andre sin gyldigheitspåstand, har samfunnsvitskapsmannen ikkje eingang på tidspunktet då han samlar kommunikative erfaringar, moglegheita å oppfatte ytringane til sin motpart som blotte faktum.<sup>67</sup>

Det Habermas bit seg merke i er altså tanken om at samfunnsforskaren, for å forstå det han forskar på, må verte ein deltakar, i Skjervheim sin forstand. Denne måten å tenkje om samfunnsvitskapane si involvering i studieobjektet sitt meiner eg å kunne finne at i måten Krogh og Sejersted nyttar Habermas si tenking, men det skal vi altså kome tilbake til i neste del.

I *Filosofi og sosiologi* kjem Eyvind Dalseth med sine innspel til positivismestriden. Av positivismekritikarane er han spesielt interessert i Skjervheim og Dag Østerberg. Det interessante i denne framstillinga er at han finn at «mens utgangspunktet for Skjervheim og

---

<sup>66</sup> Habermas 1981:163-167

<sup>67</sup> Habermas 1981:166; Wenn aber Teilnahme an Kommunikations-prozessen bedeutet, daß der eine zu den Geltungsanspruch des anderen Stellung nehmen muß, hat der Sozialwissenschaftler nicht einmal zu dem Zeitpunkt, da er kommunikative Erfahrungen *sammelt*, die option, Äusserung seines Gegenüber als bloßes Faktum aufzufassen

Østerberg var livssyn og filosofiske grunnlagsproblemer, viste det seg frå omrent 1967/68 at implikasjonene egentlig var politiske».<sup>68</sup> Og vidare, i eit ideologisk/politisk perspektiv gjer Thue ei interessant drøfting når han les Adorno og Horkheimer sine studier av autoritære personlegdomar opp mot Institutt for samfunnsforsknings nasjonalismeundersøkelse.<sup>69</sup> Han viser i kor stor grad nordmennene sitt prosjekt var inspirert av amerikansk samfunnsforskning, og i kor liten grad dei dei henta frå europeisk tenking. Det som likevel er meir interessant i samanhengen eg vil trekke fram i dette kapitlet, kanskje som ein digresjon, er at sjølv om ein hadde eit felles mål, å forstå nazismen, var både dei metodologiske og teoretiske framgangsmåtane diametralt motsette frå kvarandre. Ekstra påfallande blir det då når Thue påpeiker at Adorno og Horkheimer sin studie «av den autoritære personlighet gav støtet til en lang rekke liknende forskningsprosjekter, deriblant det norske nasjonalismeprosjektet.»<sup>70</sup> Det norske nasjonalismeprosjektet var ikkje historisk orientert, men heller basert på eit naturalistisk samfunnsforskning. Dette avslører at også Horkheimer og Adorno på eit tidspunkt hadde drive med noko som likna på positivistisk forsking, men det vil eg ikkje gå inn på her. Det som er meir interessant er at vi igjen ser korleis samfunnsforskjarar uavhengig av metodologiske preferansar var opptekne av å motverke totalitære tendensar i samfunnet gjennom forskinga si.

---

<sup>68</sup> Dalseth 1972:43

<sup>69</sup> Jf. Thue 1997:188-200

<sup>70</sup> Thue 1997:190

## **Del 2: Teknologideterminisme og TMV**

Når vi no vender merksemda mot TMV og teknologideterminisme er det med antipositivismen sine teknologikritiske poeng *in mente*. I denne delen er målet å vise korleis Krogh og Sejersted sine oppgjer med teknologideterministisk tenking har ein del parallellear med tenkinga til frå positivismestridane, men at det også finnast avgjeraande ulikskapar som gjer at dei står som sjølvstendige bidrag til forståinga av teknologien si rolle i samfunnet, og som høyrer til overgangen til eit nytt århusen. Både teknologien og samfunnstenkinga var svært annleis i det førre tusenåret sitt siste tiår enn det som var tilfelle i etterkrigstida. Gjennom å drøfte Krogh og Sejersted sine arbeider frå TMV håpar eg å kunne vise korleis dei la eit godt grunnlag for å tenke kritisk om teknologi og teknologideterminisme, men på ein måte kor empirisk kunnskap spelar ei avgjeraande rolle.

### **Kapittel 3: Thomas Krogh om teknologi og rasjonalitet**

I dette kapitlet vil eg i hovudsak vende merksemda mot Krogh si bok *Technology and Rationality*. Eg vil vise korleis korleis denne boka tematiserer ein stor del av dei same problemstillingane som vi finn hos Sejersted sine verk frå den same perioden i TMV. Hos både Krogh og Sejersted verkar det å vere ein grunntanke at teknologisk utvikling fordrar ein form for rasjonalitet, som kan vere ei motvekt til teknologideterminisme. Denne rasjoneliteten vert altså forstått som i stor grad å vere fråverande i den politiske diskursen, samstundes som det finnast ei underliggende teknologideterminisme der. Såleis finn vi ein raud tråd i dei implisitte politiske dimensjonane ved denne problemstillinga hos begge. I tillegg vil dette kapitlet kome djupt inn på relevante sider ved Habermas sine teoriar om kommunikativ handling, og på den måten får vi her ein overgang frå positivismestridane til teknologideterminismeoppgjera ved TMV, og ikkje minst til Sejersted som skal bli drøfta i neste kapittel.

Målet vil her vere å trekke fram sider ved Krogh sitt arbeid som viser korleis han brukar idehistoriske og filosofiske hjelpemiddel til å nå fram til ei forståing av tilhøvet mellom teknologi og samfunn, og i kva grad denne samsvarar med det vi kan finne hos Sejersted. I den grad det let seg gjere vil det med dette indikere at arbeidet som vart gjort ved TMV var orientert ut frå ei noko sameint forståing av teknologi og politikk. Viktig her er

oppgjeret med teknologideterministisk tenking, teknikk og vitskap som ideologi og teknologipolitikk. Ut frå linjene Krogh trekk, vil vi møte på debattar som går på samfunnsvitskapane si rolle nettopp som *vitskapar*, og kva dei kan bidra med utanfor akademia. Ved å analyser korleis Krogh stiller seg på sida til Habermas får vi eit interessant innblikk i hans og Sejersted sine syn på eigne vitskaplege virke.

I denne fortolkinga av *Technology and Rationality* vil eg starte med å gjere ein kort rekonstruksjon av strukturen i verket for å gjere heilt eksplisitt innfallsvinklane Krogh undersøkjer, og argumenta han presenterer mot eller for dei. Deretter vil eg setje Krogh sine tankar i ein noko utvida kontekst enn den han sjølv handsamar direkte i verket. For å gjere dette vil eg ta utgangspunkt i hovudinspirasjonen til Krogh i det nemnde verket, Habermas, og syne korleis vi kan forstå Krogh si problemstilling, og utlegginga han gjev av ho, gjennom ei analyse av nemnde filosof sitt utgangspunkt i kritisk teori, som i stor grad er kjend for sin store skepsis til ukontrollert formålsrasjonalitet. Det er tesen min i dette arbeidet med å gjere eksplisitt Krogh si idehistoriske drøfting og plassering av eigne tankar i tradisjonen, at vilkåret for moglegheita til problemstillinga han tek opp er debattane som den kritiske teorien kjempa i.

### 3.1 Teknologi som materialitet og sosialt konstituerande

Ein måte å forstå utviklinga av teknologifilosofien er som vekslande mellom å vere materiell eller sosial. Reint logisk må ein ikkje velje den eine til fordel for den andre, men historisk sett har det eine eller andre av desse vore sentralt. Det er dette skiljet Krogh vil stige over, og med det kome vekk frå teknologideterminismen som ligg i begge posisjonane:

The point of view of which I am arguing in the following is briefly that technology, understood as materiality, is an aspect of and sustains all social relationships, to varying extents of course. And it is in precisely this role that it receives its momentum that has so often been misconstrued as technological determinism or misinterpreted in those theories that sail under that name.<sup>71</sup>

---

<sup>71</sup> Krogh 1998:9; Når Krogh her snakkar om teknologi forstått som materialitet baserer han seg på ein måte å definere teknologi på som går slik: «The area of technology, the entire sum of artefacts, including both those artefacts which are used to produce other artefacts and these produced artefacts. The distinction between means of production and product does not mark a line between technology and its results, but rather lies

Slik eg les dette utsegnet i starten av *Technology and Rationality* vil Krogh fram til ein teori om teknologi- og samfunnsutvikling, som hevdar at førstnemnde er ein viktig del i sistnemnde. Han meiner likevel ikkje at teknologien er autonom og *den* avgjerande faktoren for det sosiale livet. Krogh vil med dette utgangspunktet undersøke ulike moderne teoriar for korleis teknologisk utvikling går føre seg og verkar inn på den sosiale sfæren. Dei to hovudretningane han drøftar kallar han «*Anthropological Theories of Technology*» og «*The Dialectical Tradition*». Motsetnadane mellom desse er klåre: medan førstnemnde tek utgangspunkt i mennesket som eit biologisk og organisk vesen som «forlenger» seg sjølv ved hjelp av teknologi, er den andre hovudsakleg orientert mot den sosiale dimensjonen ved teknologi, korleis han formar det menneskelege tilværet, både individuelt og kollektivt. Hos dei antropologisk orienterte filosofane er teknologi i første rekke noko materielt fordi det dreier seg om å bruke materielle ting til å forme verda etter behova våre. Denne tankemåten har med rette fått tilnamnet antropologisk fordi han forstår teknologisk verksemد som det som skil menneska frå andre artar. I den forstand er mennesket ikkje *homo sapiens* (tenkjande), men *homo faber* (skapande).

I den dialektiske tradisjonen er ikkje det materielle aspektet ved teknologi lagt like stor vekt på, fordi ein her har fokus på dei sosiale verknadane av teknologien, framfor teknologien sjølv. At Krogh vel å samle Hegel, Marx og Sartre under den same kategorien «dialektiske» heng saman med at for dei vil det som vert drøfta, alltid handle om den historiske og sosiale konteksten. Antropologiske teoriar ser utviklinga meir i eit naturhistorisk perspektiv, kor mennesket er ein art som i stadig høgare grad oppfyller eit latent potensiale. Dei sosiale og politiske aspekta ved teknologisk utvikling hamnar dermed i bakgrunnen, og ein ser heller teknologien som noko som går ut frå mennesket sitt ønske eller behov for å kontrollere naturen. Generelt ser det ut til at antropologiske teoriar har eit meir individualistisk utgangspunkt enn det vi finn i den dialektiske tradisjonen. Dette kan nok henge saman med at Marx og Sartre har eit kommunistisk verdssyn som gjer samfunnet primært for individet og ikkje omvendt.

---

within the sphere of technology itself.» (Jf. Krogh 1998:2) Dette er ein definisjon som Krogh kjem fram til som ei negativ avgrensing av naturen. Kort sagt, er teknologi kunstige ting, altså ting som er skapt av mennesker til å tene eit formål.

På trass av ulikskapane mellom den antropologiske og den dialektiske tradisjonen går det altså an å finne ein likskap mellom dei i at begge ser teknologien i eit historisk perspektiv, kor nye former for teknologi følgjer av tidlegare, noko som igjen opnar opp for stadig nye (frigjerande) moglegheiter for mennesket i stor skala. Det ligg også til grunn i begge tradisjonane ei implisitt kjensle av optimisme (sjølv om denne ofte vert kontra av tilsvarende negative sider, kanskje mest uttrykt i frykt for framandgjering) om at teknologien skal verke frigjerande. Gjennom teknologien vert mennesket sitt domene og verkeområde kraftig utvida til at ein kan realisere seg sjølv i større grad enn tidlegare. Teknologien ser altså for tenkjarane som Krogh har valt ut å diskutere, til å meine at menneskerasen/storsamfunnet er på veg fram mot noko betre, ved hjelp av den stadig meir avanserte teknologien. Med dette er det ikkje langt fram til ein teknologideterministisk tenkemåte, som set andre sider ved den sosiale røynda ut av fokus.

I dette ligg dei store svakheitene i begge tradisjonane. Dei ser på teknologien som den drivande krafta i historia, og at han skal gjere mennesket fri både kroppsleg og sjelleleg, men har ei tru på at han skal klare det utan ei overgripande styring av utviklinga.

Spørsmålet som altså utgjer kjernen i *Technology and Rationality* er på den eine sida knytt til ei leiting etter teoriar for korleis vi best kan forstå teknologien si rolle i samfunnsutviklinga. Men dette dekkjer berre eine halvdelen av tittelen. Vi har endå ikkje funne ut kvifor også rasjonaliteten dukkar opp der. Svaret på det har ein nokså stor historisk klangbotn i særskilt tysk sosiologi og filosofi, og er å finne i Krogh si orientering mot Jürgen Habermas sin kommunikative teori, men før vi går nærmare inn på dette kan vi sette spørsmålsteikn ved kva det er som gjer det naturleg og relevant å stille nettopp teknologi og rasjonalitet opp mot kvarandre.

Utover i dette kapitlet vil eg først sjå Krogh sitt prosjekt i *Technology and Rationality* i samanheng med dei teknologikritiske skriftene til Sejersted, og trekke fram det eg ser på som eit overhengande felles politisk prosjekt. Deretter vil eg gje ei nærmare drøfting av dei tre hovuddelane av nemnde verk.

### 3.2 Teknologi som politisk faktor

Som eg vil hevde andre stader i avhandlinga spelte den politiske sida av teknologistudiane ved TMV ei viktig rolle. Vi kan sjå i måten Krogh presenterer dei forskjellige tenkarane sine syn på teknologi at for han er det av stor betydning at teknologien er noko som (i det minste) *kan* verte underlagt rasjonalitet og demokratisk styring. Dette betyr, som vi har sett av sitatet som starta dette kapitlet, at det ikkje er haldbart å operere med ein meir eller mindre implisitt teknologideterminisme. Rasjonaliteten er altså botemiddelet som skal gjere det mogleg å ta kontroll over utviklinga.

I *Technology and Rationality* hevdar Krogh at Habermas sin kommunikative teori står for den mest lovande grunnlaget for ei forståing av teknologien sitt tilhøve til samfunnet. Grunnen til at teorien hans er overlegen den dialektiske tradisjonen er at i den moderne tida er ikkje teknologien berre knytt til økonomisk produksjon og arbeid. Nei, hevdar Krogh, teknologien er ein fundamental del ved samfunnet og difor blir ein kvar teori som går ut frå ein objekt-subjekt dualisme klarar ikkje å ta inn over seg dette.<sup>72</sup> Utan at det blir sagt eksplisitt ser dette også ut til å vere grunnen til at han avvis dei antropologiske teknologiteoriane. Dei hadde som hovudkarakteristikk at dei såg teknologien som ein naturleg (eventuelt unaturleg) side ved mennesket si utvikling. På grunn av dette kunne dei sjå teknologien særskilt i lys av antropologi, her forstått som filosofisk antropologi, altså ikkje antropologi som den samfunnsvitskaplege disiplinen som vi gjerne assosierer med ordet i dag. Særskilt Kapp, med tanken om organprosjeksjon ser teknologi som ein vesentleg del av det å vere menneske. Teknologien fungerer som ei forlenging av mennesket. Det sosiale aspektet er fråverande i analysane hans, det er i alle høve ikkje eksplisitt til stades, men har i staden eit naturhistorisk perspektiv, som er antropologisk i den forstand at han ser teknologien ut frå og er orientert omkring det *biologiske* vesenet menneske.

Før vi går nærare inn på Krogh si handsaming av Habermas sine teoriar er det verdt å stille spørsmål ved kvifor akkurat Habermas er ein tenkjar som det kan vere interessant å oppsøke for å finne måtar å tenke om teknologi i ein moderne kontekst. Habermas er gjerne mest kjend for den kommunikative handlingsteorien som har vore av stor interesse for sosiologi, politisk vitskap og politisk filosofi. Likevel er det eit trekk ved teoriane hans (som er vanleg i tradisjonen han står i) at han trekk på tankar frå ei mengd andre felt og disiplinar

---

<sup>72</sup> Krogh 1998:100.

og knyter det meir eller mindre nært til vitskapstori. Sidan kommunikative handlingar naturleg nok baserer seg på ei eller anna forståing av sanning og felles interesser er det også naturleg at han har eit syn på kva sanning og erkjenning er. Slike spørsmål jobba han med allereie på sekstitallet, eit arbeid som resulterte i ei rekke artiklar omkring rasjonalitet og teknologi. Slik eg tolkar Krogh meiner han at den kommunikative teorien er i stand til å hente ut dei konstruktive sidene ved både den antropologiske og den dialektiske tradisjonen, utan å dermed verte teknologideterministisk sjølv, noko som heng saman med orienteringa mot tale som rasjonell og sosial handling. For å forstå kva som ligg i dette må vi ta ein nærare kikk på dei to tradisjonane og kva Krogh finn hos dei. Det er i så måte verdt å nemne at det er Krogh si tolking som vert presentert her.

Som TMV arbeidsnotat 84 vart Thomas Krogh sitt essay «Fri oss fra determinismen?» gjeve ut i 1995. «Temaet for dette essayet er den samfunnsteorien eller ideologien som vanligvis kalles for teknologideterminisme. Dette er et notorisk uklart og uhåndterlig begrep, både når det gjelder å finne en brukbar definisjon og å avgjøre hvilke forfattere som bør subsumeres under det». <sup>73</sup> Denne teksten delar den grunnleggjande tematikken som *Technology and Rationality*, men her er det sjølve *omgrepet* «teknologideterminisme» som vert drøfta. Eg vil difor gå ut frå at dei drøftingane som vert gjort i dette essayet dannar det metateoretiske grunnlaget for *Technology and Rationality*. I så måte er det to aspekt som er særskilt interessante; for det første, måten teknologideterminisme som omgrep i ein intellektuell tradisjon blir undersøkt, og kanskje viktigare, kva slags teoretiske nivå og disiplinar som er passande for å drøfte teknologideterminisme som eit samfunnsfenomen.

I essayet nyttar Krogh Andrew Feenberg sin formulering av teknologideterminismen sine to teser:

«1. Teknologiens egen utvikling er selv entydig og gitt i globalt perspektiv og kan ikke påvirkes av andre forhold.

2. Teknologien er altså selv eksogen gitt i forhold til andre samfunnsmessige forhold og de utøver en avgjørende og bestemmende påvirkning på dem.»<sup>74</sup>

---

<sup>73</sup> Krogh 1995:3

<sup>74</sup> Krogh 1995:3, Jf. Krogh 1998:58

Sjølv om ein kan halde den eine av desse tesane uavhengig av den andre må begge vere til stades for å kunne snakke om teknologideterminisme.

Vidare hevdar Krogh i essayet at filosofien representerer eit utilstrekkeleg analysenivå når det kjem til teknologideterminisme, og tverrfaglegheit blir trekt fram som eit betre alternativ.<sup>75</sup> Det blir presentert fleire argument som fører fram til denne konklusjonen, men det viktigaste verkar å kome når grunnlaget for samfunnsvitskapane blir tematisert. I filosofien har debatten omkring determinisme dreia seg om vilja er fri eller om handlingane våre må forståast på same måte som alle andre hendingar i naturen.<sup>76</sup> Det heile endar med Kant sitt kontekstlause individ som den siste instansen kor det kan finnast fridom: "Den form for indeterminisme som blir mulig innen rammen av spørsmålet om viljens frihet, er like utilstrekkelig som klassisk determinisme."<sup>77</sup> Krogh innvender mot dette at samfunnsvitskapane må gå ut frå at det finnast kontekstualiserte individ som er i stand til å handle, og gjere det ut frå ulike alternativ som spring ut frå eit moralisk medvit. På dette punktet startar argumentasjonen å nærme seg Habermas sin kommunikative teori, og som for Krogh altså utgjer ein basis for ein ny måte å forstå teknologien i samfunnet på. I grove trekk handlar det om at dersom vi går ut frå at (tale)handlingane våre finnast i ein bestemt sosial kontekst og kan bli forstått på same måte av meg og alle andre medlem i samfunnet blir den naturalistiske og deterministiske tenkemåten ugyldig. Handlingar føreset nemleg at det finnast noko som gjere noko, på ein bestemt måte overfor noko, og såleis kan handlingar berre gje mening dersom det finnast ein ikkje-determinert aktør som utfører handlinga. Men før vi går nærmare inn på dette må vi vende tilbake til *Technology and Rationality* og finne ut kvifor denne boka i går langt i drøfte antropologiske og dialektiske teoriar om teknologi.

### 3.3 Antropologiske og dialektiske teknologiteoriar

I det han kallar den antropologiske tradisjonen plasserer Krogh to tyske tenkjarar som begge kan seiast å ha hatt ei ingeniørtildelning til teknologi og som såg det i samband med mennesket sine organ. Den første av desse, og som av mange vert rekna som den første

---

<sup>75</sup> Krogh 1995:6

<sup>76</sup> Krogh 1995:14

<sup>77</sup> Krogh 1995:14

teknologifilosofen er Ernst Kapp. Med omgrepet "organprosjeksjon" la han grunnen for eit nokså optimistisk teknologisyn som gjekk ut på at drivaren i mennesket si utvikling av teknologi er dei avgrensa evnene som ligg i organa til mennesket. I kontrast til andre dyr er kroppsdelane vår lite spesialiserte, noko som både betyr at dei ikkje er spesielt gode til noko som helst, men kan brukast til mykje forskjellig. For Kapp er det eit sentralt poeng at vi med hendene våre kan vi lage verktøy og på den måten kompensere for manglane våre med å skape stadig meir avanserte former for teknologi. Men til grunn for oppfinningane er organa våre, og difor kan han hevde at teknologi i hovudsak er å forstå som forlengingar av oss sjølve. På ein måte lagar vi oss betre organ. Såleis er ein ny teknologi ikkje interessant som noko kvalitativt nytt. Det verkar for Kapp i staden som om teknologiar først og fremst gjer ting på ein meir spesialisert og betre måte enn det dei medfødte organa våre i seg sjølv klarar å få til. Såleis er teknologi noko godt, og er ein sentral del av det som skil mennesket frå andre dyr. Det er nemlig nettopp det at vi er i stand til å overskride evnene våre, som vi har fått frå naturen si side ved å projisere organa vår inn i ting utanfor oss til vår fordel.<sup>78</sup> Ikkje berre gjeld dette for dei aktive evnene våre (dei som er med på direkte påverke omgjevnadane og vårt tilhøve til dei), men også dei reseptive (sansane). Denne prosessen med projeksjon stoppar ikkje etter det første nivået av teknologisk oppfinningar, men held fram heile vegen, heilt til vi får maskiner og mekaniske system som kan minne om ein eigen kropp.<sup>79</sup>

Arnold Gehlen er den andre representanten for den antropologiske tradisjonen Krogh drøftar. Gehlen tok utgangspunkt i at mennesket er opent, at det (sett i kontrast med andre dyr på jorda) er uspesifikt.<sup>80</sup> Ulike teknologiar er difor naudsynte for å gjere opp for desse svakheitene i mennesket. Ut av dette finn han fram til at det finnast tre ulike formål med teknologiane vi lagar:

*Reinforcement techniques* are added to and extend the skills and abilities we already have;

*Compensation techniques* enable us to perform operations for which there is no «basis» in our organic make-up; and finally *Relief techniques* (*Entlastungstechniken*) reduce the amount of energy needed and

---

<sup>78</sup> Krogh 1998:20

<sup>79</sup> Krogh 1998:21

<sup>80</sup> Krogh 1998:29

liberate the organs. The result of and the means of these forms of technical skills constitute human culture, or our «second nature<sup>81</sup>».

Av dette ser vi at Gehlen meiner at kulturen kan definerast som måten vi brukar ulike teknologiar eller teknikkar i møte med ein natur vi i eigentleg ikkje er utstyrt til å takle. Arten vår er på ein måte dømt til å utvikle ein kultur som respons på dette, og vi utviklar oss ikkje først og fremst *mot* noko høgare eller betre i seg sjølv, men responderer heile tida på våre eigne manglar. I sterk kontrast til Kapp som hadde eit optimistisk syn på mennesket sitt tilhøve overfor teknologien, finn vi hos Gehlen ein pessimisme som grunnar i ei oppfatning om at teknologien aldri er fullstendig tilfredsstillande, vi slepp ikkje vekk frå krava naturen set til oss. Istaden må vi heile tida utvikle nye teknikkar for å kome på høgde med utfordringane vi står overfor.

Krogh har litt ulike innvendingar til desse to antropologiske modellane av teknologi, men felles er det at ingen av dei ser ut til å forklare moderne former av teknologisk utvikling. Det er kanskje mogleg å sjå meir primitive teknikkar som ein respons på manglar i organa våre, men på eit meir avansert nivå vert det uklårt korleis dette kan forklarast.<sup>82</sup>

Grunnen til at han likevel meiner det er verdifullt å ta opp desse tenkjarane er at dei ser på tilhøvet til verda som eit som fordrar handling framfor observasjon, det er noko djupt praktisk i måten dei ser på samfunnet. Krogh meiner å finne at handling er det sentrale omgrepene hos både Kapp og Gehlen dersom vi forstår det i ein instrumentell forstand, som har å gjere med å lage og bruke kunstige ting.<sup>83</sup> Det er såleis nokså "utadvendte" måtar å forstå dette på, fordi det ser mennesket som eit biologisk vesen som står opp mot visse omgjevnadar som det må tilpasse seg. Desse tilpassingane skjer ved hjelp av teknikkar og teknologi, og dermed vert dette det fundamentale i kva dei meiner med teknologi. Denne forma for handling vert sett i kontrast til kommunikative og sosiale handlingar, som ikkje er særskilt sentrale i desse teoriane. Med drøftinga av denne typen teoriar ser det for meg ut til at Krogh vil hente inn att tenking om teknologi som vedkjenner seg det faktum at det har å gjere med konkrete

---

<sup>81</sup> Krogh 1998:29

<sup>82</sup> Krogh 1998:31

<sup>83</sup> Krogh 1998:17

materielle ting som brukast med bestemte formål. På trass av denne fordelen er det problematisk, meiner han, at dei går for langt i denne retninga, og gjennom deira biologiske fokus som ikkje let historiske og sosiale faktorar komme til i forklaringane på teknologien sitt tilhøve til samfunnet. Frå denne grøftekanten går Krogh deretter til den andre når han drøftar den dialektiske tradisjonen.

Den første representanten for den dialektiske tradisjonen, i Krogh si framstilling, er Georg Wilhelm Friedrich Hegel. I denne delen er arbeid, sett i samanheng med herre-knekt dialektikken det sentrale momentet. På dette stadiet er det ikkje endå snakk om teknologi, men for den dialektiske tradisjonen er det i dette forholdet tilverkinga av naturen på ein overgripande måte vert sett i spel.

Verktøyet er kor den fysiske og den sosiale verda møtest, og gjennom å forme objekt i verda kjem vi til ei forståing av oss sjølve.<sup>84</sup> Krogh oppsummerer dette poenget slik: "The activities which comprise the labour process also alter the object. They also create a new world a world of artefacts instead of objects."<sup>85</sup> Dette betyr at det arbeidet vi utfører ved hjelp av verktøy som teknologi, er ikkje berre er med på å forme verda vi lev i, men også vårt forhold til verda. Den dialektiske tradisjonen sine tankar om arbeidet sin formande funksjon kallar Krogh "active sensation". Denne teorien går altså i houvsak ut på at det er i arbeidet subjektet og objektet kjem i kontakt med kvarandre. Krogh går også gjennom Marx og Sartre sine handsamingar av materialitetsomgrep, men eg vil la dei ligge, då dei er svært innfløkte og ikkje tilfører noko som er avgjerande for mi framstillinga. Det eg ser som det sentrale poenget Krogh vil ha fram er at den dialektiske tradisjonen stadig blir ståande fast i ein subjekt/objekt dualisme, kor ein går ut i frå at måten det enkelte medvitet erkjenner verda utanfor seg på. Det er nettopp Habermas si evne til å overkome dette skiljet Krogh vil hevde er framsteget over den dialektiske tradisjonen.

### 3.4 Habermas om teknologi og rasjonalitet

I Habermas si tidlege tenking, først og fremst representert ved *Erkenntnis und Interesse*, er teknologi, nærmare bestemt, teknikk, identifisert med ei særeiga form for interesse, som han

---

<sup>84</sup> Krogh 1998:43

<sup>85</sup> Krogh 1998:53

kallar "interessa for mogleg teknisk kontroll over naturprosessar".<sup>86</sup> Denne interessa har ei form for erkjenning som svarar til ho, og som Habermas knyter til induktive og positivistiske vitskapar. Dette er termar som er svært ladde med meinings, for Habermas og dette verket spesielt, men også i samtida og konteksten verket vart skrive i generelt. Han posisjonerte seg mot positivistane, med Karl Popper i spissen, og ville syne korleis vitskapen på eit djupaste nivå aldri kan vere fullstendig verdinøytral. Dette var tankar han utvikla med bakgrunn i kontakten han hadde med Frankfurterskolen. Eg meiner at det Krogh hentar hos Habermas ikkje berre er eit bestemt syn på teknologi i ein konkret moderne forstand, men også ei forståing av vitskap og teknologi som er normativ. Fordi desse tankane skriv seg frå den kritiske teorien vil eg gå ein liten omveg og sette konteksten ved hjelp av ein kort ekskurs over Horkheimer sitt verk *Eclipse of Reason*.

### 3.5 Ekskurs om Horkheimer og formørkinga av fornufta

Det naturlege valet for denne ekskursen kunne kanskje vere *Opplysningens dialektikk*, men fordi eg ser ei nærmare tematisk tilknyting hos Horkheimer i *Eclipse of Reason*, i ønsket om å gjere ein kritikk av den subjektive fornufta. Denne ekskursen vil altså berre ta for seg sider ved dette verket som eg ser som direkte oppklarande på Habermas si tenking.

Det sentrale poenget hos (i alle fall dei tidlege) tenkarane i den kritiske teorien var at sjølv om arva frå opplysningsstida har vist seg å snu seg mot idealia frå den same perioden. Litt mindre kryptisk kan dette formulerast som at avmytologiseringa, og «fornuftiggjeringa» av verda førte til den mest myteberusa og totalt uforknufte perioden i historia, altså 1900-talet med sine to verdskrigar og totalitære storregimer. Tittelen på *Eclipse of Reason* spelar på dette og er implisitt satirisk over opplysningsstida si tru på fornufta (reason), som Horkheimer meinte enda opp med at fornufta ikkje lenger var sjølvmedviten og vart såleis formørka av seg sjølv.

Horkheimer identifiserer positivismen som det karakteristiske trekket ved fornufta i moderne tid. Spørsmålet omkring kvifor formålsrasjonaliteten har vorte den dominerande tenkemåten heng altså høye saman med utviklinga i korleis vitskapane forstår seg sjølve.

---

<sup>86</sup> Habermas 1973:49; "... Interesse möglicher technischer Verf'ugung über Naturprozesse." Som regel blir dette omtala som "teknisk interesse".

Mennesket har også gjort seg ufri med det at det no ikkje er i stand til å sjå at det framleis har underkasta seg ein bestemt ideologi som har sine mytar og måtar å handle og vere på. I ønsket om å finne fram til ei universell, men og empirisk, sanning om verda har ein i tillegg prøvd å kvitte seg med ideologiar og myter, fordi desse vert sett på som overtrua som opplysninga har som føremål å attdrive.<sup>87</sup> Horkheimer meiner likevel at han kan peike på det faktum at mytane spelar seg ut for fullt, noko som er tydeleg dersom ein ser på både korleis vitskapleg tenking har fått ein så framtredande plass som han har, og dei store ideologiane som veks fram på nittenhundretalet og som hadde usedvanleg store og destruktive konsekvensar. På denne måten klarte fornufta ikkje å temme seg sjølv, men i sin subjektive modi, kor ho prøvar å bevare seg sjølv enda ho opp med å verte ein stor fare for seg sjølv. På denne måten er den subjektive fornufta eit paradoks. Ho har som føremål å oppretthalde seg sjølv, garantere sin eigen vidare eksistens, men ho får gå såpass løpsk at ho gløymer *kva* og *kvifor* dette er noko det er verdt å ta vare på.

For Horkheimer er naturen eit svært sentralt omgrep, som står i eit dialektisk forhold til sinn og fornuft. Dette betyr at ein kan ikkje ha det eine utan det andre, og dette får store konsekvensar når opplysningstida sine idear vert sett ut i spel. For, den subjektive fornufta har som sitt mål å underkaste seg verda utanfor slik at ho skal vere i stand til å oppretthalde seg sjølv, og få behova sine dekt. Etter kvart som kunnskapen og teknikken sine evner utviklar seg finn fornufta ut at også mennesket er ein del av naturen og må difor underkastast den same skjematiske forståinga som ho brukar på ein kvar annan ting i verda.<sup>88</sup> Mennesket startar å forstå seg sjølv som i hovudsak eit naturvesen som er underlagt dei fysiske lovene, og på denne måten ser vi særskilt tydleg korleis opplysningstida enda i det motsette av det ho ville oppnå. Mennesket har inga større føremål enn seg sjølv, men kva dette sjølvet faktisk er, anna enn nok ein ting som inngår i dette prosjektet vert uklårt.

Den store effekten av dette er industrialisering og produksjon i stor skala, som også ofte evnar å vidare underkaste seg mennesket. Ein kan seie at mennesket og industrialiseringa inngår ein kontrakt kor dei lovar å dedisere seg til oppretthaldinga av kvarandre. Grunnen til at ein produserer og har industri er at ein skal forlenge og forbetre sin eigen eksistens, men for at dette målet skal oppnå sitt største potensial er det naudsynt at ein ofrar seg for det. Det

---

<sup>87</sup> Horkheimer 2004: 5-6

<sup>88</sup> Horkheimer 2004:65-68

viktigaste vert ikkje oppretthaldinga av seg sjøl, i alle fall ikkje umiddelbart, men å halde i gang hjula som driv økonomien og produksjonen. «Since the subjugation of nature in and outside of man, goes on without a meaningful motive, nature is not really transcended or reconciled, but merely repressed.»<sup>89</sup>

### 3.6 Habermas om vitskap

Jürgen Habermas var elev av Frankfurterskolen, og har både vidareført og brote med den kritiske teorien. I tillegg har Habermas også kritisert positivistisk tenking i noko same stil som forgjengarane hans Adorno og Horkheimer gjorde. Det som skil framgangsmåten hans frå dei tidlegare kritiske teoretikarane er det «positive» aspektet han fører til teorien. For Habermas var det ikkje nok å berre kritisere dei rådande samfunnsformene, men også gje eit konstruktivt alternativ. Dette gjer han ved å snakke om frigjering som ein måte å forholde seg til verda på. Allereie her ser vi kimen til det som blir interessant for Krogh sitt prosjekt, å finne ein måte å frigjere seg frå teknologien via rasjonaliteten, og det er difor viktig å ha ein god teori om kva rasjonalitet er.

I forlenginga av skillet ånds- og naturvitskap la Habermas til ein ekstra dimensjon til debatten om kva som er grunnlaget og karakteristikken ved samfunnsvitskapar. Det viktigaste bidraget hans i positivismestrida er altså inndelinga hans av erkjenningssevna i tre åtskilte sfærerar.<sup>90</sup> Til kvar av desse samsvarar det ei eiga form for vitskap. Den eine er naturvitskapen, som er deskriptiv og kausalt forklarande. Den andre er åndsvitskapen som forklarar menneskeleg handling og åtferd, med det utgagnspunkt i at dei er åndsvesen med intensjonar og fridom til å handle. Så langt samsvarar dette skiljet godt med det tradisjonelle skiljet mellom åndsvitskap og naturvitskap. Habermas si nyvinning skjer då med innføringa av samfunnsvitskapen si erkjenningsform, som verken fell under natur- eller åndsvitskapane, men som har eigne føresetnadar og framgangsmåtar.

I si innleiing til antologien «Kritisk teori – En antologi over Frankfurterskolen i filosofi og sosiologi» greier Ragnvald Kalleberg ut om Habermas sitt syn på dei ulike vitskapane: «Han snakker om empirisk-analytiske, historisk-hermeneutiske og kritisk

---

<sup>89</sup> Horkheimer 2004:64

<sup>90</sup> Habermas 1973:244

orienterte vitenskaper<sup>91</sup>; og vidare: «Den interesse som ligger til grunn for samfunnsvitenskapene er en frigjørende interesse. Disse vitenskaper har som mål frigjøring av individ og kollektiv, frigjøring fra illegitim økonomisk, politisk og kulturell maktutfoldelse. Denne frigjørende oppgave er samfunnsvitenskapenes grunnlag for kunnskapstilegnelse, deres motiv og mål er å virke til å etablere det myndige menneske og det frie samfunn.»<sup>92</sup> I artikkelen «Erkjennelse og interesse»<sup>93</sup> presenterer Habermas dette synet, og gjer ei analyse av korleis den særeigne interessen som ligg til grunn for naturvitenskapleg tenking har «positivisert» human- og samfunnsvitenskapane. Etter hans syn kan inga forsøk på erkjenning vere fullstendig interesselaus. Rett nok tek naturvitenskapane utgangspunkt i nettopp at dei er det, og forsøkjer å skildre verda, og oss som menneske, så objektiv som råd er. Såleis vert objektivitet til målestokken for sanning; ei form for sanning som er utan verdidomar. Habermas ser ikkje ut til å ville nekte for at naturvitenskapen i prinsippet kan kome fram til sann og objektiv kunnskap, men han påpeiker samstundes at det som driv oss til nettopp denne kunnskapen er den tekniske interesse. Hadde vi ikkje hatt eit ønskje om å vere i stand til å få kontroll på naturen, anten reint teoretisk (altså å forstå han), eller i form av arbeid, ville vi heller ikkje hatt nokon grunn til å søkje denne forma for kunnskap.

Den kritiske rasjonalismen vedkjende seg moglegeheitene som samfunnsvitenskapane hadde for politisk verksemd, men dei hadde på inga måte dei same tankane om deira frigjerande potensiale eller plikt. For dei var verdien heller i form av at rett kunnskap og forståing av sosiale fenomen og tendensar fører til rette avgjersler, og eit potensielt godt samfunn på bakgrunn av dette.

Det sentrale punktet til Habermas om moderne naturvitenskapar er at dei vert sett som gyldige ut frå i kva grad dei kan omsetjast i teknologi og praktiske gjeremål. Han vil ikkje hevde at dette er den eksplisitte prioriteten til ein kvar vitskapsperson i arbeidet sitt, men at dei tilgrunnleggjande kriteria for kva vi i dag ser på god og nyttig kunnskap og vitskap er knytt til handtering av ting.<sup>94</sup> Det er på grunn av dette at Habermas kan snakke om ei

---

<sup>91</sup> Kalleberg 1970:XVIII

<sup>92</sup> Kalleberg 1970:XXI

<sup>93</sup> Dette må ikkje forvekslast med boka *Erkenntnis und Interesse* som kom ut eit par år etter og som utbroderar tankane frå artikkelen.

<sup>94</sup> Krogh 1998.115

objektivering av naturen; altså at vi ser på tinga i verda (naturen) som objekt som kan nyttast til det gode for oss sjølve (subjekt). Ei slik haldning til vitskap og verdien av kunnskap som Habermas teiknar opp her vert gjerne sett i kontrast til eit Aristotelisk syn kor det høgaste gode ligg i kunnskapen sjølv, i form av teori.

### 3.7 Den kommunikative teorien

Habermas si utvikling har gått gjennom fleire stadium som er gjerne vert representerte med kvart sitt «hovudverk». Sjølv om det på mange måtar kan vere snakk om brot i metode og tematikk hos Habermas, er det ikkje uråd å finne trådar som går gjennom heile utviklinga. Den første viktige boka til Habermas var *Borgerlig offentlighet: dens fremvekst og forfall: en undersøkelse omkring et av det borgerlige samfunns grunnbegreper*. Her dreia tematikken seg om korleis den offentlege sfæren hadde endra seg saman med utviklinga av nye samfunnsformer og måtar for (masse)kommunikasjon. Han ville vise korleis offentlegheita gjekk frå å vere noko som høyrd til det høgste sjiktet i samfunnet til å breie seg ut til større delar av folket. Det at ein hadde ei offentlegheit som bestod av borgarar som var i stand til å kritisere den politiske styringa gjennom intellektuelle diskusjonar, er særmerket ved utviklinga av det liberale samfunnet.

Det andre "hovudverket", *Erkenntnis und Interesse*, er allereie blitt nemnd, men det kan her vere verdt å trekke fram at Habermas held fram med å sjå den moderne utviklinga, kor den tekniske interessen har fått råde, i samanheng med nyare tiders teknologiske utvikling i samspel med den kapitalistiske ideologien. I *Borgerlig offentlighet* markerer kapitalismen forfallet til det aktive, intellektuelle og kritisk lesande borgarskapet. *Erkenntnis und Interesse*, var som vi såg tidlegare prega av å vere inspirert av transcendentalfilosofisk metode. Det vil seie at Habermas var på leiting etter dei naudsynte føresetnadane for dei ulike rasjonelle tilnærmingane våre til verda og oss sjølve. Påstanden hans var altså der: Utan interesser, inga erkjenning. På dette stadiet var det for Habermas ikkje mogleg å tenkje seg den typen naturvitskap som pregar det moderne samfunnet utan ein interesse til å kontrollere naturen for eiga vinning. På same måte meinte han at samfunn og kommunikasjon ikkje var mogleg utan ein interesse for å verte frigjort.

Sentralt i den kommunikative teorien står tanken om rasjonalitet. For Habermas er rasjonalitet knytt til konkrete handlingar i ein konkret samfunnsmessig kontekst. For å

grunngje dette krevst det ein modell av korleis det moderne samfunnet er bygd opp. Livsverda er på mange måtar det mest fundamentale og dreier seg om den intersubjektive forståinga det enkelte mennesket har som medlem i eit samfunn. Livsverda er eit omgrep som stammar frå Edmund Husserl si tenking, og som peiker på dei tilgrunneleggjande intersubjektive strukturane for vår måte å handle overfor kvarandre og verda, og som samstundes har å gjere med den daglegdagse måten vi forstår verda på. Ofte når ein snakkar om livsverda er det for å peike på det som er implisitt til stades for sosiale praksisar, og som mogleggjer dei, på ein slik måte at språk får ei særskilt viktig stilling. Habermas har god kjennskap til Husserl og i ein tidleg artikkel (i "Vitenskap og teknikk som ideologi") gjeve ein kritikk av hans positivismekritikk som han meiner ikkje går langt nok, noko som viser seg at når Habermas vender tilbake til livsverda med *Theorie des Kommunikativen Handelns*. Det er dei grunnleggande oppfatningane med tilhøyrande forståingshorisontar som det her er snakk om.

Det som ei rasjonell handling i eit bestemt samfunn, er det som kan bli forstått av medlemma av det same samfunnet og akseptert som ei handling ein sjølv kunne ha gjort. Rasjonaliteten har altså livsverda som referanseramme. Det samsvarar for så vidt godt med at Habermas mellom *Erkenntnis und Interesse* og *Theorie des Kommunikativen Handelns*, tok eit oppgjer med sin «kvasi-transcendentale» tenkjemåte. Han var no meir interessert i å inkludere empiriske vitskapar i arbeidet sitt, og han trekk særskilt fram sosiologi som sentralt i dette. Når han gjer dette betyr det at bevisførselen for ein framsett påstand har bestemte empiriske fordringar det må svare til. Handlingar som skal telle som rasjonelle må i det minste vere mogleg å kritisere og forbetre:

Rasjonelle ytringar er på grunn av at dei er kritiserbare også *forbetrelege*: vi kan korrigere feilslåtte forsøk når vi lukkast med å identifisere feila som motarbeider [unnslepp] oss. Konseptet *grunngjeving* er samanved med *læring*. Også for læringsprosessar spelar argumentasjonen ei viktig rolle. Såleis kallar vi ein person, som på det kognitiv-instrumentelle området ytrar grunngjevne meininger og handlar effektivt, for rasjonell; denne rasjonaliteten blir berre tilfeldig, når han ikkje er kopla med evna til å lære av feilslag, av tilbakevisingar av hypotesar og svikt i intervensionar.<sup>9596</sup>

---

<sup>95</sup> Habermas 1981:38–39

<sup>96</sup> Rationale Äusserungen sind aufgrund ihrer Kritisierbarkeit auch *verbesserungsfähig*: wir können fehlgeschlagene Versuche korrigieren, wenn es gelingt, die Fehler, die uns unterlaufen, zu identifizieren. Das Konzept der *Begründung* ist mit dem des *Lernens* verwoben. Auch für Lernprozess spielt die Argumentation

Habermas såg til daglegspråksfilosofien og tenkte seg at når vi brukar språket gjer vi handlingar, som gjerne vert kalla talehandlingar. Kort oppsummert hevdar denne filosofien at eit kvart utsegn har tre aspekt. Det første er det lokusjonære. Med dette refererer ein til den semantiske meinings i orda og setningane vi kommuniserer ved hjelp av. Vi seier altså *noko* når vi brukar eit ord, det har meinings. Det andre aspektet er det illokusjonære, som har å gjere med modien av språkhandlinga. Her er det snakk om korleis ein språkbrukar stiller seg overfor ein tilhøyrar. Vi kan for eksempel *fortelje* noko eit faktum, eller vi kan *be* nokon om å gjere noko. Til slutt har vi det perlokusjonære aspektet, som dreier seg om kva det er som blir det faktiske resultatet av talehandlinga. Dersom personen som vi ba om å gjere noko, til dømes lukke ei dør, faktisk gjer det, er det talehandlinga sin perlokusjon. Såleis vert språket inkludert i domenet for rasjonell handling i Habermas si forståing av rasjonalitet. Den kommunikative teorien dreier seg altså om vilkåra for rasjonell kommunikasjon.

### 3.8 Drøfting

Kvifor var det relevant på 90-talet å trekke fram den antropologiske tradisjonen og den dialektiske tradisjonen? TMV vart oppretta for at ein skulle forsøke å få nivået på forsking omkring etiske problemstillingar på same nivå som den teknologiske utviklinga.

Den antropologiske tradisjonen set mennesket opp mot naturen og vil forstå utviklinga av teknologi som eit stadig forsøk på å erobre naturen. Uavhengig om ein tek for seg Kapp si optimistiske tilnærming eller Gehlen si pessimistiske er tendensen at nyvinningar er antroposentriske, det vil seie at dei vert sett på som viktige i den grad dei klarar å gjere tilværet til det enkelte mennesket betre. I denne tradisjonen får dei etiske refleksjonane ikkje mykje plass, men må vike for ein meir instrumentell tenkemåte.

---

eine wichtige Rolle. So nennen wir eine Person, die im kognitiv-instrumentellen Bereich begründete Meinungen äussert und effizient handelt, rational; allein, diese Rationalität bleibt zufällig, wenn sie nicht mit der Fähigkeit gekoppelt ist, aus Fehlschlägen, aus der Wiederlegung von Hypothesen und dem Scheitern von Interventionen zu lernen.

Krogh sitt prosjekt var å vise korleis Habermas sin kommunikative teori dannar grunnlaget for ein betre teknologiteori enn dei eksisterande alternativa.<sup>97</sup>

My discussion of Habermas will therefore have to attempt to solve a double problem: It must both prove that his theory includes a convincing critique of the insufficient preconditions of the earlier theories of technology *and* that it itself makes a positive contribution to this field. It will have to demonstrate that it is possible to discuss technology in a satisfactory manner within the framework of the communicative approach, and that it can incorporate the valuable results from the dialectical approach, albeit in a reconstructed form. The key concept here, as mentioned in the introduction, is materiality.<sup>98</sup>

I fleire av tekstane til Sejersted skal vi sjå at det kjem fram ein tanke om at den enkelte sine idear og resonnement må ha moglegheit til å bli prøvd overfor ei kritisk offentlegheit for å sikre at ein tenker i tråd med det som er fornuftig. Dette stemmer godt overeins med Habermas sin kommunikative teori, som ein kan mistenke for at har noko av det same liberale og kantianske grunnlaget som vi fann hos Sejersted. Men det finnast ein ekstra dimensjon som det er viktig å trekke undersøke og deretter prøve Sejersted og Krogh sine tekstar opp mot. For, hos Habermas finn vi som sagt grunnlaget for rasjonell tenking i sjølve livsverda, i den forstand at ei handling eller eit utsegn må bli oppfatta som rasjonelt innanfor det aktuelle intersubjektive fellesskapet for at det skal vere det. Altså at det må vere ei generell oppfatning hos dei andre medlemma i samfunnet ein er ein del av at (tale)handlinga ein utfører er speglar det ein reknar for å vere passande i konteksten sin. Det interessante med denne tanken, men også ganske problematiske, er at rasjonalitet må bli forstått relativt til livsverda som gjev opphavet til det. Med dette ser vi at Habermas har teke ei stor vending frå bakgrunnen sin i kritisk teori, fordi rasjonaliteten får eit nokså pragmatisk preg. Det har mindre karakter av å vere utanomtidsleg og transcendent. Samstundes får det den interessante konsekvensen at dynamikken mellom den grunnleggjande rasjonaliteten og den tekniske rasjonaliteten vert endra. Og etter mi mening er det her det vert mogleg for Krogh i *Technology and Rationality* å hevde at den kommunikative teorien er overlegen tidlegare tanketradisjonar for å tenke om teknologi.

---

<sup>97</sup> Krogh 1998:13

<sup>98</sup> Krogh 1998:100

Det første punktet som gjer dette mogleg, er at Habermas gjev ei ny forståing av kor den tekniske fornufta kjem frå. I den kritiske teorien fann han att i opplysningsstida si sekularisering av både religion og vitskap, som førte til at det ikkje lenger var mogleg å finne noko solid haldepunkt for etisk refleksjon, og som let subjektive preferansar og innfall verte det høgaste prinsippet for det gode. Habermas fortel ei ganske anna historie, og er på mange måtar meir ahistorisk i framstillinga si. Han presenterer ikkje ei historie om eit forfall, men skildrar istaden nokre mekanismar som er nokså subtile, men likevel har store konsekvensar.

I kapitlet om Sejersted blir dei metodologiske tankane hans drøfta. Der vil vi sjå at han var oppteken av at historieskrivinga må vere metodologisk kollektivistisk, ein posisjon som definerer seg i kontrast til den positivistiske metodologiske individualismen. Krogh tangerer så vidt inn på ein tilsvarende problematikk i drøftinga si av Habermas i *Technology and Rationality*. Det dreier seg om at det å vere ein del av eit samfunn betyr at ein samhandlar i eit sosialt fellesskap, og ikkje først og fremst står som eit subjekt overfor døde og meiningslause objekt, men istaden må ta omsyn til andre medmenneske, av den grunn er nettopp språk og kommunikasjon så viktig for Habermas. Likevel Krogh følgjande om Habermas sitt forhold til metodologisk individualisme:

The individualists support their methodological reductionism on the basis of ontological reductionism; Habermas accepts the arguments for the ontological one without rejecting a pluralism of methods. Since, however, the language of the system theory cannot be primary, but can only be introduced via that of action theory he is able to speak of a «methodological primacy of the lifeworld». Seen from this angle, Habermas goes a long way towards meeting the individualists.<sup>99</sup>

Krogh meiner at det er i spel eit dobbelt perspektiv som gjer det mogleg å drøfte to sider ved samfunnet. Vidare meiner at det er nettopp i det at den kommunikative teorien er i stand til å knytte teknologi til systema som er integrert i samfunnet som gjer han overlegen. Dette er av to grunnar. For det første vert det mogleg å få auge på den interne differensieringa i livsverda i den moderne tida. For det andre gjer den kommunikative teorien det mogeleg å analysere kva det er som skjer når livsverda vert teknifisert. Med dette meiner ikkje Krogh at Habermas

---

<sup>99</sup> Krogh 1998:160

allereie har presentert ei fullstendig analyse av teknologien si innverknad i samfunnet, men at det ved hjelp av teoriane hans er mogleg å gjere det. Eg vil no vende fokuset over på Sejersted sine arbeid, og gjere dette med dei føregåande drøftingane over Habermas i minne, fordi han også der spelar ei sentral rolle.

## **Kapittel 4: Francis Sejersted og teknologideterminismen**

I dette kapitlet vil eg drøfte ein del av arbeida leiaren ved TMV, Francis Sejersted skreiv i den aktuelle perioden. I stor grad dreier det seg om refleksjonar omkring historiefaget, og kva rolle det kan spele i tilhøvet vårt til teknologisk utvikling. I tillegg er det tekstar som dreier seg om Noreg si historie frå 1814, med eit særskilt fokus på økonomisk historie. Eg vil hevde at det ligg ein politisk undertone i desse skriftene av Sejersted, som spelar på det konstruktivistisk oppfatninga han har av historiefaget. Politisk assosierer han seg med partiet Høgre, men det er mykje som tyder på at han har syn som står nokså fritt frå det.<sup>100</sup> Det er viktig å danne seg ei forståing av kva Sejersted meiner at historie kan og bør vere før vi går direkte inn på det som har med teknologihistorie å gjere. Eg vil difor gje att viktige sider ved den metodologiske kollektivismen som han forfekta i nokre metateoretiske tekstar, og vise korleis han såg dette som eit oppgjer med den metodologiske individualismen, som han ser i samanhengd med eit positivistisk vitskaps- og kunnskapssyn. At dette er tilfelle meiner eg gjer det mogleg å trekke parallelar mellom visse tankar som gjorde seg gjeldande i Frankfurterskolen, og metarefleksjonane til Sejersted sjølv. Såleis vil eg knyte Sejersted sine arbeid og tankar til dei vi fann hos Thomas Krogh i same periode, der representert ved verket *Technology and Rationality*. Mellom desse to, som begge var tilknytta TMV, meiner eg å kunne vise at det finnast ein del interessante parallelar i deira faglege forankring og prosjekt. Dette dreiar seg sjølv sagt i svært stor grad om teknologi, men også om rasjonalitet, og i kva grad, og korleis, det kan verte mogleg å få overtaket på ein teknologisk utvikling som ser ut til å ha gått over styr. Det er ved dette momentet eg meiner vi finn ein tråd frå positivismestridane og fram til TMV. Bindinga mellom Sejersted og Krogh vil nærmere bestemt gå via Habermas sin kommunikative teori, som eg allereie har gjeve ei lengre drøfting av i førre kapittel.

---

<sup>100</sup> I eit intervju i Aftenposten seier Sejersted karakteristisk nok at: "Jeg har sagt om mitt forhold til Høyre at én ting er at jeg stemmer på partiet, men at alle de andre gjør det, har jeg kanskje litt vanskeligere for å forstå." Jf. <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article1572118.ece#.U3zBfCjDXf1>

## 4.1 Sejersted om historiefaget

Historie, nærmere bestemt *økonomisk* historie, er Francis Sejersted sitt fag og han har skrive mykje om korleis den økonomiske situasjonen i Noreg har utvikla seg frå 1814 og framover. Eit sentralt moment i tilnærminga er måten han ser på teknologien si rolle i økonomi og samfunn, og han drøftar gjerne andre forfattarar sine tilnærmingar til same tema. Sterkast er nok denne tendensen i åra omkring TMV, men også skriftene hans før og etter viser liknande tendensar. For å finne fram til oppfatningane hans om kva historie kan og bør vere har eg nytta boka *Sannhet med modifikasjoner - Metarefleksjoner* som er ei samling med kortare tekstar som på ulikt vis drøftar dei grunnleggande problemstillingane i faget. Det er særskilt to moment som er interessante, konstruktivisme og kollektivisme. Begge to har å gjere med metodologi, men seier også ein del om kva ein meiner faget sitt studieobjekt er, og kva som legitimerer historie som fag.

### 4.1.1 Konstruktivisme

Sejersted har eit konstruktivistisk syn på historiefaget, noko som i stor grad prega arbeidet hans omkring teknologideterminisme. Grovt skissert meiner han at historie ikkje berre skal analysere og skildre enkelthendingar og enkeltmenneske i bestemte periodar, men nettopp konstruere forteljingar. Historikaren er ei aktiv kraft i historia som blir fortald, i det at han fortolkar og bitt det saman til ein meiningsfull heilskap. Dette er ikkje berre eit normativt poeng, men impliserer at dette er noko ein ikkje kan unngå så lenge ein faktisk skriv historie. Desto viktigare er det derfor at historikaren blir klar over kva rolle han spelar over historia han skriv.

I kontrast til det konstruktivistiske synet finn Sejersted to motståande posisjonar: dekonstruktivisme og positivisme.<sup>101</sup> Dekonstruktivisme som i stor grad er motsett av konstruktivisme, vil plukke frå kvarandre dei store forteljingane og vise at det eigentleg er slik at ein ikkje kan redusere verda ned til ei enkelt historie, med ei bestemd retning. Ein assosierer gjerne dekonstruktivisme med postmodernismen frå andre halvdel av førra hundreår, som ein tenkemåte kor ein hadde som mål å ta eit oppgjer med dei store

---

<sup>101</sup> Jf. "Note om konstruktivisme og dekonstruktivisme - Kommentar til en kritikk av 'Historiefagets fortellinger', ss 91-93 i *Sannhet med modifikasjoner*.

forteljingane og ideane. Ifølgje Sejersted (og mange andre) gjer slike posisjonar feilen at dei ikkje opnar opp for anna enn dekonstruksjon. For at ein skal kunne skrive ei historie må ein kunne også konstruere ein heilskap.

Ein viktigare motstandar til konstruktivisten er historieforsking prega av positivistisk tenking. Det var denne sistnemnde tradisjonen Francis Sejersted særskilt reagerte på, og ønskte å imøtekome både i den faktiske historieskrivinga si, men også på eit meir teoretisk nivå. Desse motstandarane har ikkje sjeldan argument som er vanskelegare å imøtekome enn dei frå dekonstruktivistisk leir og i det følgjande vil Sejersted sine diskusjonar med norske historikarar som representerer denne posisjonen bli drøfta nærare. Ein annan grunn til å løfte fram desse diskusjonane er fordi det nokså lett let seg knyte til spørsmål og debattar omkring samfunnsforskning og positivismen på ein større skala, som igjen har ein del interessante politiske sider ved seg.

I artikkelen "Historiefagets fortellinger"<sup>102</sup> gjev Sejersted ei oversikt over korleis norsk historie har blitt skrive i Noreg opp gjennom historia, med det føremål "å demonstrere hvordan man ved valg av forskjellige genre kan legge sterkt avvikende mening inn i historiefortellingen".<sup>103</sup>

#### 4.1.2 Metodologisk individualisme

På grunn av den norske nasjonalismen som vaks fram i samband med den særskilte statsforfatningshistoria vår og følgjande frigjering frå Sverige, fekk det norske historiefaget eit tilsvarande nasjonalistisk preg. Det var viktig å hente fram dei lange særnorske linjene som sameinte folket, og definerte det som noko anna enn (i hovudsak) svenskane.<sup>104</sup> Med dette utgangspunktet er det opplagt at det ikkje er dei harde fakta som får den fremste rolla, men heller dei historiske tendensane som konkrete hendingar kan tolkast inn i. Det er også tydleg at ein ikkje får ei særskilt kritisk framstilling av historia.

---

<sup>102</sup> Sejersted 2003a:15-33

<sup>103</sup> Sejersted 2003a:15

<sup>104</sup> Ein slik tendens er synleg i namna ein gav dei nye norske statsinstitusjonane «Stortinget» og «Odelstinget» som var nye ord, konstruert i samband med opprettinga av dei, men som samstundes leia tankane mot norrøne tider.

Sejersted har vore i strid med generasjonen av norske historikarar som gjekk føre han, og som i stor grad såg det som historiefaget si hovudoppgåve å avdekke motiv som låg gøynt under ”vikarierende motiv”, for å bruke ei av Jens Arup Seip sine klassiske vendingar.<sup>105</sup> Seip var den lenge den sentrale historikaren i Noreg. Han var altså oppteken av å fortelje historia slik ho ”eigentleg var” utan å gjere det gjennom fortolkingar av fakta som kunne forvrenge dei. At ein i samfunnsvitskapane stadig brukar ulike teoretiske rammeverk og forklaringsmodellar var nokon han sterkt mislikte, og han omtalte som ”modellenes tyranni”.

I samtida og ettertida er Seip nok mest kjent for å ha gjeve perioden mellom 1814 og 1884 namnet embetsmannstaten, medan perioden etter, fram til 1945 kalte han fleirpartistaten. Frå og med avsluttinga av andre verdskrig meinte han at Noreg var ein eittpartistat.<sup>106</sup> Embetmannstaten var etter han sitt syn karakterisert ved at den norske grunnlova opna opp for eit styresett kor embedsmenna hadde den største makta gjennom Storting og regjering, og i realiteten var det ikkje mykje demokrati å snakke om. Fleirpartistaten vart gjort mogleg ved innføringa av parlamentarismen, og stod for ei demokratisering av det norske samfunnet. Eittpartistaten derimot spelar på Arbeidarpartiet si hegemoniske stilling utover etterkrigstida, som Seip var sterkt kritisk til. Sejersted på si side hadde ei annleis oppfatning av kva det var som var dei viktige trekka i den norske nasjonen si utvikling frå grunnlova kom i 1814. Eit lite blikk på denne skilnaden vil vere med på å kaste lys på dei større skilnadane på Sejersted og Seip sine måtar å tolke historia på. For der Seip som sagt var ute etter å avsløre vikarierande motiv hos ulike aktørar i historia, er Sejersted meir interessert i det som skjer på det institusjonelle nivået: ”Dannelsen av et statssamfunn er karakterisert ved at det innenfor et bestemt territorium institusjonaliseres en politisk makt på tvers av gamle slektskapsorganisasjoner eller andre gruppedannelser.”<sup>107</sup> Dette fører til at han identifiserer to institusjonar som vart etablert i grunnlova, og som han meinar var heilt avgjerande for utviklinga vi faktisk fekk; demokrati og rettsstat.

---

<sup>105</sup> Jf. essayet ”Nasjonalisme som vikarierende motiv” i *Fra embedsmannsstat til eittpartistat og andre essays*, ss78-85.

<sup>106</sup> Seip 1974:7-42

<sup>107</sup> Sejersted 2001:153. I dette avsnittet vil eg i stor grad bygge på artikkelen ”Demokrati og rettsstat - et perspektiv på 1800-tallets politiske brytninger”.

I artikkelen "Rettsstaten og den selvdestruerende makt - Noen refleksjoner over det 19. århundres embedsmannsstat"<sup>108</sup> gjer Sejersted ei institusjonell analyse av rolla rettsstaten spelte i det norske demokratiet frå 1814. Han meiner at det rettsstatlege prinsippet om "rule of law" var det sentrale trekket ved embedsmannsstaten, og at embedsmenna ikkje var dominerande i denne perioden fordi dei tok over det politiske området, men fordi dei fekk den høgste funksjonen i staten.<sup>109</sup> Rolla deira hadde ein stor grad av samanfall med bindingane som byråkratiet sette på utøvinga av statsmaktene. Altså er det i lys av den institusjonelle konteksten som dei enkelte embedsmenna stod i, vi må forstå handlingane deira, som del av eit større system. Denne analysen let seg enkelt lese som ei utfordring av Seip sin karakteristikk av embedsmannsstaten. For i Sejersted si utlegging blir dei rettsstatlege prinsippa, om ikkje ein kontrast til, så i alle fall eit korrektiv til fridomane som folkestyret opna opp for.<sup>110</sup> Det handla om å skape eit stabilt politisk rammeverk kor ein kunne tenke i lange linjer utan å risikere at kortsiktige behov og ombestemmingar hindra ei førutseieleg styring. "Som antydet er det i den historiske utviklingen en tendens til motsetning mellom demokrati og forutberegnlighet, eller altså mellom demokrati og den relativt langt utviklede rettsstat."<sup>111</sup> Tanken er at ein stort sett har vore klare over at det får eit behov for å legge visse hindringar på makta (uavhengig om ho skulle vere demokratisk, monarkisk, eller kva som helst anna), både for å unngå despotisme og faktisk vere i stand til å utføre ei maktutøving som kan vere heilskapleg. I Sejersted si analyse av rettsstaten i Noreg dreier det seg om at rettslege institusjonar i politikken sitt område fungerer til å skape rammer som gjer det mogleg å ha ein viss grad av fridom til å handle rasjonelt.<sup>112</sup>

Analysen av rettsstatsinstitusjonane Sejersted gjer her, er altså meint å vise korleis dei var uttrykk for bestemte oppfatningar av korleis staten skulle styrast, og at det er på dette nivået vi må forstå utviklinga av staten Noreg. I tråd med dette synet endar analysen med ein

---

<sup>108</sup> Denne artikkelen er å finne i boka *Demokrati og rettsstat*, ss 112-152. Artikkelen vart først skriven i 1975 og hadde då tittelen "En teori om embedsmannsstaten 1814-1884", men versjonen eg tar utgangspunkt i er ei bearbeida utgåve.

<sup>109</sup> Sejersted 2001:144

<sup>110</sup> Sejersted 2001:129

<sup>111</sup> Sejersted 2001:122

<sup>112</sup> Sejersted 2001:138-139

kritikk av det Sejersted meiner er ein regelskeptisme hos Seip; at "det hele er egentlig bare et kontinuerlig maktspill, regelbundenhet er fordekt maktbruk".<sup>113</sup>

Ifølgje Sejersted arbeidde Seip ut frå ein såkalla metodologisk individualisme, som byggjer på ideen om at det er enkeltpersonar som bør vere studieobjektet i historieskriving. Det medfører at ein ser mindre på kollektive rørsler og folkebevegelsar som det som driv historia framover, og stiller seg skeptisk til deira legitimitet fordi dei kan ende opp med å overstyre den rasjonelle tenkinga hos den enkelte. På motsett side, vil motstandarane hevde, fører den metodologiske individualismen til ei psykologisering av samfunnsforståinga. Når det er opp til den enkelte å sikre sin eigen plassering i utviklinga vert det lite rom for å tenke i vidare termar enn eins eige beste. Det er difor i samsvar med psykologiske behov og lover historikaren arbeider når han brukar den metodologiske individualismen:

Utgangspunktet for den metodologiske individualisme er altså det bevisste, rasjonelle, frie enkeltindivid. [...] Vi gjenkjenner her leren om de egentlige versus de vikarerende motiver. Men ikke bare det. Her ligger også utgangspunktet for den uomgjengelige og fantasiløse reduksjon av drivkreftene bak nær sagt all historisk endring, uavhengig av tid og sted, til interessekkamp. Det er historien redusert til ikke-historie, bare som tendens naturligvis, men allikevel...<sup>114</sup>

I følgje Sejersted oppstod den metodologiske individualismen i Noreg som ein reaksjon på den tidlegare historieskriving som jo var svært positivt innstilt overfor utviklinga her til lands etter 1814, og som difor stilte få kritiske spørsmål til dei som leia denne utviklinga. Seip snudde opp ned på dette og innførte det som har vorte karakterisert som ein «mistankens hermeneutikk» i norsk historieskriving. Dette betyr at han såg historiefaget si viktigaste oppgåve å kle av historia og vise dei eigentlege motiva bak handlingar som ofte vart framstilte under andre motiv. Den sentrale kritikken som har vorte reist mot denne taktikken, og det som ligg bak termen mistankens hermeneutikk, er at denne metoden føreset at historikaren står i ein privilegert posisjon som gjer det nærmest uråd å forsøre seg mot det han måtte «finne» fram til. Eit tilleggspoeng ein kan hente her, og som ofte vert ført mot positivistiske posisjonar

---

<sup>113</sup> Sejersted 2001:149

<sup>114</sup> Sejersted 2003b:25–26

generelt er at sjølv om ein seier at ein ikkje er styrt av ein eller annan ideologi, så betyr det ikkje at det er sant. Dette er ein kritikk som Sejersted fremmar eksplisitt eit par stader, men som også verkar å vere implisitt til stades i fleire skrifter.

Sejersted si uttalte oppfatning av historiefaget sine oppgåver og føresetnadar har det ein kan kalle ei negativ, og ei positiv side. Den negative er skepsisen til metodologisk individualisme, som ein posisjon som hevdar å vere nøytral, men som i verkelegheita er like ideologisk som nokon annan. Det negative består altså i måten Sejersted kritiserer denne typen posisjonar. På den positive sida er kravet til historikaren om han skal vere ein syntetikar, ein som bygger og fortolkar ei historie, ikkje berre analysere og dekonstruere. På denne måten kan vi sjå på Sejersted som ein historikar som plasserer seg mellom dei tidlegaste norske historikarane og Seip sin posisjon, fordi han fordrar både at historiefaget må vere sjølvmedvite om kva det er, men på same tid gjere det mogleg å skrive historier som gjev ei bestemt fortolking av dei faktiske omstenda ein arbeider ut frå. Før vi går nærmare inn på korleis Sejersted meiner historikaren *bør* gå fram i arbeidet sitt skal vi sjå korleis han i kritikken sin av Seip og metodologisk individualisme også utfører ein positivismekritikk.

#### **4.1.3 Positivistisk historieskriving**

Debatten om historiefaget sine metodologiske utgangspunkt og føremål kan (og vert av Sejersted) knytast til positivismestriden. Når det er sagt, er det først og fremst dei underliggende politiske sidene ved positivismestriden som gjer seg gjeldande her. At det heiter *metodologisk* individualisme peikar på at det ikkje ligg ei forplikting til å tru at historia si utvikling i seg sjølv er driven fram av rasjonelle enkeltindivid, men at ein bør fortelje historier *som om* det var tilfelle. Denne måten å tenke på ligg ikkje fjernt frå tanken om at historie er eit fag som bør bruke dei same metodane som naturvitenskapane. Fordi ein ikkje ønskjer å fortelje om ei bestemt utvikling ved hjelp av dei subjektive målsettingane hos ulike grupper blir det heller eit større fokus på dei "ytre" handlingane som let seg observere og generalisere. I tråd med dette hevdar Sejersted at det er psykologiske, og ikkje sosiale, faktorar som ligg til grunn for historiske trekk i denne posisjonen. "Generelt fører den metodologiske individualisme til en tendens til å feie det sosiale fenomen under teppet, og

dermed til at grunnlaget for en fruktbar historisk syntese, eller – for den saks skyld – komparasjon, forsvinner.”<sup>115</sup>

Positivismen har allereie blitt nøyare handsama i kapitlet om positivismestriden og Frankfurterskolen i førre del av denne oppgåva, men det kan likevel vere verdt å trekke fram att eit par særskilt relevante aspekt ved den tyske striden her: Frontfiguren for positivisme i tiåra etter andre verdskrig, Karl Popper er rett nok mest kjent for bidraga sine innanfor vitskapsteori, og då ikkje minst for tanken om falsififikasjon. Han hadde også, som vi har sett, i tillegg til reint filosofiske og teoretiske interesser eit politisk engasjement, som ikkje kan seiast å vere direkte knytt til filosofien, men som spelar på nokre felles sentrale idear. I etterkrigstida kjempa han mot det han gav namnet historisme: eit kvart syn som hevdar at historien har eit mål og ei retning som vi kan erkjenne. Totalitære ideologiar ser ofte føre seg eit utopisk samfunn som byggjer på føresetnadar som er kvalitativt fullstendig ulike frå dei som vi kjenner i dag. På bakgrunn av dette og ein del andre faktorar legg Popper fram eit resonnement som går på at slike ideologiar må gå ut frå at dei veit noko som endå ikkje er mogleg å vite, noko som gjer dei logisk inkonsistente, og ikkje minst svært farlege. Popper sitt svar for korleis ein bør drive politikk og samfunnsmessig framgang er ved å ta små steg, og stadig korrigere det som viser seg å vere feil.<sup>116</sup> Igjen ser vi at det ligg til grunn ein tanke om at den vitskaplege metode fordrar at det finnast noko som er *feil* og noko som er *rett*, og at også historiefaget er underlagt den same forskingslogikken som andre former for vitskap.

Samstundes bør det nemnast at dei som blir kalla positivistar, slik som Seip, vil gå langt i påstå at dei ikkje opererer med skjulte motiv eller ideal, det er makthavarane han avslører som har det. Nokså påfallande blir i denne samanhengen det faktum at både han og Popper begge ser ut til å hatt ganske sterke politiske motiv for å skrive historie slik dei gjorde. Dersom ein vel å godta Popper som positivist gjev det også meining å gje Seip den same merkelappen når ein ser at dei hadde ein del felles tankegods om det metodologiske grunnlaget for historieforsking. Når Sejersted kritiserer nettopp desse sidene ved Seip, hintar det til at tesen om at han har eit større, om enn implisitt, prosjekt som går på å motverke ei positivisering av samfunnsvitskap og humaniora er rett.

---

<sup>115</sup> Sejersted 2003b:26–27

<sup>116</sup> Popper 1986:58–70, særskilt 66–67.

#### **4.1.4 Metodologisk kollektivisme**

I kontrast til den metodologiske individualismen har Sejersted "gitt en analyse av norsk politisk utvikling i forrige århundre, og med forlengelser frem til i dag, ut fra hva vi kan kalle en nøktern metodologisk kollektivisme."<sup>117</sup> Igjen er det verdt å legge trykk på ordet "metodologisk", for det dreier seg ikke først og fremst å kome med ein påstand om utviklinga *egentleg* blir driven fram av enkeltindivid eller større rørsler, men det handlar heller om å dra inn den sosiale komponenten som manglar i metodologisk individualisme.

Som ei støtte for denne metodologiske posisjonen trekk Sejersted fram Immanuel Kant:

Et menneske blir fritt, ifølge Kant, nettopp ved å stå i en moralsk orden. Det er som ikke-atomistisk samfunnsvesen at mennesket kan fri seg frå det vi har kalt de enkle grunnreaksjoner, og få mening og retning i tilværelsen.<sup>118</sup>

Utan å gå veldig djupt inn i den transcendentale moralfilosofien til Kant, er det interessant å merke seg at det er delvis derfrå Sejersted finn det moralske grunnlaget som gjer den metodologiske kollektivismen gyldig. Der Popper hadde sett for seg at dei fortellingane om «folket» som turar fram gjennom historia skulle føre med seg at den enkelte vart forført til å gje opp den kritiske sans, meiner konstruktivisten Sejersted, at det er som sosialt vesen mennesket i det heile kan vere fritt. Sett som atomistisk og isolert har det ikkje meir ved seg enn sine eigne psykologiske mekanismar. Dette heng nøye saman med ei liberal grunnhaldning som eg utover i dette kapitlet vil argumentere for at knyttar saman dei politiske og faglege sidene ved tenkinga hans. Likevel er det interessant at nettopp ei liberal haldning skulle føre fram til ei konstruktivistisk haldning. Her ser vi ironisk nok at Sejersted sine tankar liknar meir på dei vi finn hos Adorno og dei andre medlemma av Frankfurterskolen enn dei vi finn hos Popper. Ironisk er det fordi Frankfurterskolen si tenking var forankra i hegelianismen, medan Popper ligg mykje nærmare Kant, som altså også Sejersted går tilbake til.

---

<sup>117</sup> Sejersted 2003b:30

<sup>118</sup> Sejersted 2003b:27n

Eit mogleg svar på korleis han finn ein så annleis måte å lese filosofen på kan ha å gjere med at Sejersted går til den såkalla praktiske filosofien (politikk, moral, osv) hos Kant, medan Popper i hovudsak er oppteken av det som har å gjere med erkjenning og vitskap, som høyrer til i den teoretiske filosofien.

Dette kan til ein viss grad tyde på at Sejersted sin positivismekritikk av mellom andre Popper har eit nokså anna opphav enn den vi såg hos mellom andre Adorno, sjølv om vi på overflata kan finne ein del likskapstrekk. Men her meiner eg på same tid at ein del av poengene som Skjervheim presenterte i den norske positivismestriden er meir relevante. For han var jo det viktige poenget at mennesket må bli forstått som eit intersubjektivt vesen som er det det er i kraft av evna si til å kommunisere med og forstå andre menneske. Den behavioristiske psykologien gjorde ifølge han mistaket å tolke vakk alle desse aspekta og berre fokusere på ytre åferd som kunne skildrast objektivt, som det kan sjå ut som Popper vil at ein skal gjøre også i historiefaget. Når Sejersted definerer mennesket som fritt berre i den grad det er ein del av eit samfunn har det å gjøre med at det er der det blir noko meir enn eit "biologisk" vesen som responderer på driftene sine. Det er der det kan bli i stand til å reflektere og prøve ut ideane sine overfor andre rasjonelle vesen.

Opp mot den positivistiske metodologiske individualismen vil altså Sejersted protestere at det å ta utgangspunkt i det psykologiske enkeltindividet ikke fører til at vi klarar å få noko meir ut av historia enn det vi ser etter: "Hovedpoenget har altså vært i utgangspunktet å finne frem til en 'apriorisk over-individuell orden', om man vil, som jeg forutsatte kunne være handlingsdeterminerende et stykke på vei, og så forfølge denne ordens endring."<sup>119</sup> Det er her det konstruktivistiske perspektivet slår inn hos Sejersted. Vi kan finne støtte til posisjon ved å trekke inn Popper sine motstandarar i positivismestrida. Dei meinte som, vi har vore inne på, at det finnast forskjellige former for rasjonalitet. Poenget deira med dette skiljet mellom rasjonalitetsformer var å påpeike at det er den reint formålsrasjonelle tenkinga som rår i det moderne samfunn, og at ei form for breiare tenking og refleksjon over større samfunnsspørsmål har vorte vanskelegare, sjølv om vi relativt sett har gode moglegheter til å verte opplyste og aktive samfunnsborgarar. Likskapen med den konstruktivistiske tanken er at til grunn for moglegheita av frie samfunn og frie menneske må det vere mogleg å orientere seg etter noko som er større enn ein sjølv og som på eit vis vert oppfatta som objektivt. Der

---

<sup>119</sup> Sejersted 2003b:31

Seip hadde teke frå kvarandre handlingar og utsegn for å finne ut kva som *eigentleg* låg bak vart det lite att å hente, anna enn ei oppfatning av at historia er ein maktkamp. Når ein berre tillet psykologiske forklaringar opnar det ikkje mykje opp for at andre tendensar kan ta over. Mistanken låser ein inne i eit bestemt handlingsmønster ville Adorno og Horkheimer kunne innvende. Dersom ein aksepterer ein slik kritikk av den metodologiske individualismen vil ein kome fram til at Popper sitt håp om å bruke denne metoden til å kjempe mot «historisme» ikkje berre er feilslått, men kan kome til å slå tilbake på seg sjølv; ved å berre sjå mennesket som eit objekt har det inga moralsk instans å appellere til dersom han skulle lide under den tekniske fornufta på nokon måte. Då kjem vi igjen att til den kritiske teorien sin tanke om at rasjonaliteten dreg ut teppet under føtene sine, ved å ikkje la han spele seg sjølv fullt ut. Imot dette vil positivistane sannsynlegvis svare at dersom ein ikkje har ei strengt vitskapleg haldning til forskinga si vil ein stå i fare for å skape nye myter som først og fremst er undertrykkjande. At vi heile tida vender tilbake til politikk og stadig forsøk på å unngå totalitære tendensar vil ikkje overraske dei som kjenner til etterkrigstida sine positivismestridar, uavhengig av om dei gjekk føre seg i Tyskland eller Noreg.

#### 4.1.5 Analyse og syntese

Kva er så alternativet for dei som ikkje vil skrive historie på ein måte som ukritisk støttar dei som har makta, men heller ikkje vil skape eit bilet av omsynslaus maktkamp kor det eigentleg ikkje er noko håp om særskilt betring? For Sejersted vart altså svaret den metodologiske kollektivismen. Ifølgje Sejersted er dette eit betre alternativ, fordi ein med kollektivismen går ut frå at hovudtyngda i historikaren sitt arbeide må ligge i konstruksjonen av ei forteljing, men at denne konstruksjonen er gjort mogleg av analyser og kritikk ein har gjennomført i forkant.<sup>120</sup> Såleis kan ein både vere kritisk og frigjerande. Med «frigjerande» snakkar han her mest sannsynlegvis om positiv fridom; fridom *til* og ikkje fridom *frå*.<sup>121</sup> Spørsmålet vi då må stille oss er om ikkje dei positivistiske historikarane er mest opptekne av å sikre den negative fridomen. Dersom svaret på det er ja, vil det vise seg at dei kollektivistiske og individualistiske posisjonane ikkje står så langt ifrå kvarandre som dei ofte

<sup>120</sup> Sejersted 1974:12

<sup>121</sup> Sejersted trekk inn Berlin sitt skilje mellom dei to fridomsformene og han påpeiker at skiljet mellom dei ikkje er absolutt, og at det i Noreg har vore ei blanding mellom dei. "Det man har slåss om i Norges historie fra 1814 til i dag, er blandingens styrke, eller kanskje fremfor alt . utviklingens retning." Sejersted 2001:123

kan gje inntrykk av. Dette er ikkje staden for å gjere ei slik omfattande drøfting av slike debattar, men det er likevel verdt å ha desse tankane *in mente*. For dersom ein skulle kome fram til at dei legg ulikt innhald i termen 'fridom' vil vi kunne tenke oss at det kritiske og analytiske aspektet ved Sejersted sitt syn på historikaren sin framgangsmåte ikkje er veldig ulik positivismen i prinsippet, men at han *i tillegg* har ein syntetisk komponent, som rett nok er den som vert tillagt størst vekt, men som har grunnlag i rasjonelle analyser som tilsvarar dei vi finn hos positivistane. Sjølv om eg ikkje her har framlagt nok materiale som kan underbygge desse tankane til å slå det heilt fast, meiner eg at det er grunnar til å arbeide ut frå ei slik hypotese. La og til dømes sjå på korleis Sejersted skildrar sin eigen posisjon:

Programmatiske erklæringer om at man bør skrive en annen type historie, er ikke nok. Skal vi gjøre det, må vi samtidig skjerpe våre anstrengelser for å bygge bro mellom analysen og syntesen, mellom kritikken og konstruksjonen. Et fruktbart – og nødvendig – utgangspunkt ligger i en kritikk av den metodologiske individualisme langs de linjer som er skissert. – Synthese betyr en form for metodologisk kollektivisme. Fagets sosiale funksjon, samtidig å virke befestende og befriende, er i neste omgang avhengig av at vi klarer å finne et godt grunnlag for en slik konstruktiv historieforskning og –skrivning.

<sup>122</sup>

Ut frå dette sitatet ser vi ikkje berre ein kritikk av den analytiske historieskrivinga, men også ei oppfatning av at analyse er ein viktig del av faget. Sejersted meinte altså at metodologiske individualistar ikkje beint fram gjorde feil når dei *analyserte* historia, men dei stoppa arbeidet før dei kom fram til den konstruktive delen, som er minst like viktig. Sejersted skuldar Seip for å forstå historia slik at det ikkje finnast nokon overgripande tendensar ein kan skildre utover det empiriske.<sup>123</sup> Dette kan tolkast dithen at ei historieskriving som stoppar før den syntetiske handlinga, vert sett i gang heller ikkje er i stand til å utøve nokon skikkeleg kritikk.

Seip, stilte seg, som tidlegare nemnt, i opposisjon til det han meinte var «modellenes tyranni», altså ideen om at det må ligge ein eller anna bestemt teori til grunn for måten samfunnsvitarar forklarar studieobjekta sine på. Som vi har sett, set Sejersted i kontrast til

---

<sup>122</sup> Sejersted 2003b:32

<sup>123</sup> Sejersted 2003:31

dette eit stort fokus på nettopp det metodologiske aspektet i historiefagset. Dette betyr at han plasserer det i ein vidare kontekst som går utover faglege skiljelinjer. Som tidlegare nemnd ser eg dette som å i hovudsak vere politisk motivert, og at det kan sjåast i samanheng med positivismestriden og visse sider ved Frankfurterskolen si tenking. Sjølv om det er lite direkte referansar til dette i litteraturen eg her har vist til, er det likevel grunn til å trekke slike parallelar når ein ser på den konteksten han sjølv skriv seg inn i, og særskilt det eksplisitte oppgjeret med den positivistiske historieskrivinga. Sjølv om vi her har sett Sejersted sine skrifter i samanheng med den kritiske teorien, og i tillegg har gjort han til ein del av ein større positivismestrid, er det nok på sin plass å advare mot å tolke det dithen at han utan problem hører til den tradisjonen. Noko av det som gjer at han ikkje passar inn er oppfatningane hans om teknologi og samfunn, i tillegg til grunnleggjande politiske oppfatningar. Medan den kritiske teorien fann ei felles forankring i eit prosjekt om å omformulere visse sider ved Marxismen, og bruke ein form for dialektisk tenking som lett leier tankane tilbake til Hegel, hoppar Sejersted i stor grad over begge desse tenkarane og går tilbake til Kant. Det som gjer at det likevel er ein del fellestrekks mellom den kritiske teorien og Sejersted sin teknologikritikk ligg nok nettopp i det dei stilte seg opp mot, nemleg positivismen.

Sjølv om det heller ikkje er eksplisitt bruk av innlegg i den norske positivismestriden meiner eg å kunne identifisere ein del fellestrekks i Skjervheim og Sejersted sine respektive positivismekritikkar. Vi har allereie sett korleis dei begge gjekk ut frå at mennesket er eit sosialt vesen og må forståast som noko utover dei mekanismane som kan blir forklara ved hjelp av empirisk psykologi. Det sentrale poenget er at mennesket har evne til rasjonell tenking som går utover det som er relatert til middel-mål og i kraft av dette er eit vesen som kan ha oppfatningar og idear det er verdt å ta på alvor dersom ein vil forstå det. I dette ligg altså språket som ein heilt essensiell del av det å vere eit menneske og det som utgjer grunnlaget for eit kvart samfunn. Skjervheim og Habermas hadde gjensidig innverknad på kvarandre, og som eg skal drøfte nærmare seinare er også Sejersted inspirert av Habermas sine tankar om den kommunikative handlinga.

## 4.2 Teknologipolitikk

Når vi no har fått eit bilde av dei historiefaglege og teoretiske sidene ved ein del av Sejersted sine tekstar har vi eit utgangspunkt for å sjå nærmare på tankane hans om teknologi og samfunn.

Temaet for denne teksten er jo nettopp teknologi og særskilte spørsmål omkring teknologideterminisme. Sjølv om vi allereie veit at han stiller seg sterkt kritisk til teknologideterministisk tenking vert det likevel feil å hevde at han ikkje ser kor viktig teknologien er i å forme samfunnet vårt. Igjen må vi lese tekstane hans inn i den spesifikke konteksten, både tid (tidleg 90-tal) og stad (Noreg). Eg vil i hovudsak ta utgangspunkt i essaysamlinga *Er det mulig å styre utviklingen? - Teknologi og samfunn*. Der gjev han sjølv ei ganske god oppsummering av det som var prosjektet hans medan han var leiar av TMV, og tok stilling til samtida si vending mot sosialdeterminisme:

Det interessante ved dagens utvikling gir en klar tendens til et oppgjør med teknologideterminismen. Det er ikke slik, hevdes det, at det er teknologien som former samfunnet, det er omvendt, - samfunnet former teknologien. Teknologien er et kulturelt produkt, man må spørre etter dens årsaker ikke etter dens virkninger.

Faren er at man ved dette ideologikritiske oppgjør havner i den motsatte grøft, - fra teknologideterminisme til sosialdeterminisme. Det er imidlertid i dette oppgjør også elementer av en ny optimisme. Ved å avmystifisere teknologien på den måten det gjøres i moderne teknologihistorie og teknologistudier, legger man også grunnlag for en bedre kontroll med utviklingen.<sup>124</sup>

Sejersted vil altså unngå både å legge stor vekt på teknologi og sosiale faktorar, og det ser ut som han implisitt omdefinerer problemstillinga, når han skriv som om det dreier seg om *korleis* utviklinga kan styrast, og ikkje *om* ho kan det. Det han etterspør er ein teknologipolitikk som kan ta for seg konsekvensar ved ny teknologi før det vert sett til å verke i samfunnet.<sup>125</sup>

Sejersted skreiv om teknologideterminisme tekstar frå heile perioden ved TMV, og i "Teknologipolitikk" frå 1998 går han nærmare inn på teknologi som del av den politiske diskursen. Han drøftar korleis teknologien står i høve til samfunnet, og vil der både ta eit oppgjer med teknologideterministisk tenking og vise at det er mogleg å føre teknologipolitikk,

---

<sup>124</sup> Sejersted 2002:11

<sup>125</sup> Sejersted 2002:58

altså ta kontroll over utviklinga.<sup>126</sup> Det er dette eg meiner er den politiske komponenten i Sejersted sine arbeid i tida ved TMV, og som til ein viss grad er felles med det tilsvarende hos Krogh, som eg vil drøfte seinare. Generelt går dette prosjektet ut på å vise korleis det er mogleg å lage ein teori om teknologipolitikk. Det eine steget for å gjere dette er altså å vise korleis teknologideterministisk tenking slår feil, medan det andre dreier seg om å finne eit teoretisk rammeverk som ikkje er basert på ein instrumentell tenkjemåte, men som på same tid kan handtere utfordringane og fordelane teknologisk utvikling kan gje. Dette kan vi sjå i samanheng med Sejersted sin positivismekritikk, for parallelt med tanken om at mennesket er eit fritt og sosialt vesen som ikkje kan forståast berre ut frå det observerbare må den politiske arenaen reflektere dette.

Sejersted sitt oppgjer med teknologideterminismen skjer på to frontar; anten via drøftingar av forskjellige tenkarar sine teoriar om teknologi, og via historiske utleggingsar om korleis spesifikke teknologiar har påverka det norske samfunnet. I essayet "Mot en politisk teori om teknologi" identifiserer han tre hindringar " som vanligvis fremheves som avgjørende for ikke å kunne styre utviklingen...: det er *systemtvang, uvitenhet og likegyldighet*".<sup>127</sup> Alle desse tre faktorane meiner Sejersted høyrer til eit pessimistisk menneskesyn og er basert på metodologisk individualisme; "dette er det dominerende menneskesyn innenfor den liberale politiske teori".<sup>128</sup> Vi hugsar frå Sejersted sin positivismekritikk at han baserte seg på ein djupare kritikk av metodologisk individualisme, og som no ser ut til å ha ei politisk slagside. Det kan altså sjå ut som at grunnlaget for både positivismekritikken og oppgjeret med den teknologideterministiske tenkinga er tanken om mennesket som eit fritt og sosialt vesen.

Sejersted meiner uansett at dei fleste ser så naivt på korleis teknologien spelar ein viktig rolle i økonomisk teori, og han trekk særskilt fram Joseph Schumpeter som ein viktig representant for eit teknologideterministisk syn innanfor økonomisk teori.<sup>129</sup> Sejersted vurdere det slik at seinare innovasjonsteoretikarar sine forsøk på å fjerne seg frå teknologideterminisme er feilslåtte og at denne tradisjonen framleis ser på teknologi som

---

<sup>126</sup> Sejersted 2002:7

<sup>127</sup> Sejersted 2002:79

<sup>128</sup> Sejersted 2002:82

<sup>129</sup> Sejersted 2002:64-65, jf. Sejersted 2002:13-14

noko som følgjer si eiga utvikling og som er den drivande krafta i økonomi og samfunn. Schumpeter står såleis for ein nomologisk teknologideterminisme fordi han ser for seg at økonomien nærmest lovmessig fornyar seg ved hjelp av klaser av innovasjonar som skapar ein stadig generell vekst kor kvar bølge stoppar noko høgare enn ho starta. I tillegg er teknologien ei ekstern kraft som dreg med seg økonomien og samfunnet, tilsynelatande utan å verte påverka i særskilt grad sjølv. Med dette schumpeterianske utgangspunktet er innovasjonsteorien vorten grunnleggjande teknologioptimistisk. Sejersted meiner altså at teknologideterminismen hos Schumpeter er historisk betinga, det gjeld for samfunnet vårt. Dette betyr at vi er i stand til å styre den teknologiske utviklinga, sjølv om han kanskje har vore eigenrådig fram til no. Også Jacques Ellul som representerar eit slikt syn blir trekt fram. Han meiner maskina, og ikkje kapitalismen er modellen for korleis vi forstår mange sider ved samfunnet vårt. «Teknikken omformer alt den berører til en maskin». <sup>130</sup> Sejersted påpeiker også at Ellul meinte at i tidlegare tider hadde teknologi hatt som krav at det måtte passe inn i dei eksisterande samfunnsrammene, og her ser det ut til at dei er svært einige. Det har nemleg skjedd ei vending kor den tekniske utviklinga sin hastigkeit har ført til at vi endrar oss i samsvar med teknologien. Når teknologien har blitt ein kulturform har han også tvunge på sin eigen rasjonalitetsform. <sup>131</sup>

Sejersted meiner at teknikken sin suksess skuldast at han har teke vitskapen i bruk, «at vitenskapen er blitt et instrument for teknologien. Det var den ikke før» <sup>132</sup>, og at «det er altså på dette punktet den fundamentale endring har inntrådt i moderne tid. Teknologien er i vårt samfunn blitt noe den ikke var før nemlig kulturform». <sup>133</sup> Det at stillinga til teknologien i samfunnet i dag er ganske anna enn det han har vore til andre tider, ser ut til å vere poenget her. Denne typen kritikk kjenner ein nok igjen frå mange tenkjarar før, men i svært stor grad etter ander verdskrig. Igjen står frankfurterskolen fram som ein påfallande parallel i måten dei stadig snakka om korleis instrumentell formuft hadde kome til å dominere det tjuande hundreåret. Det er ikkje ein uvanleg tanke at såkalla *nyttig* arbeid først og fremst vert nytta til å distrahere ein sjølv frå dei lite hyggelege sidene ved tilværet. Det altså frå mange held retta kritikkar mot formålsrasjonalitet. Så kva er det Sejersted kan tilføre slike debattar som ikkje

---

<sup>130</sup> Sejersted 2002:14

<sup>131</sup> Sejersted 2002:17

<sup>132</sup> Sejersted 2002:14

<sup>133</sup> Sejersted 2002:17

allereie har blitt sagt før? Det er på to bestemte områder han kan vere interessant i ein slik samanheng. For det første er det sjeldan langt frå dei teoretiske og prinsipielle tankane hans til dei ulike utleggingane han gjev av den norske historia. Han har altså den fordelen at han på eit svært detaljert nivå kan vise heilt konkret korleis teknologien har spelt ei rolle innanfor eit geografisk område og innanfor eit avgrensa tidsrom. For det andre er den politiske forankringa hans interessant, då den typen kritikk han framfører for mange vert assosiert med andre politiske posisjonar enn hans eigen.

Eit viktig gjennomgangstema i arbeidet til Sejersted er korleis ulike teknologien har vore ein faktor i formainga av det norske samfunnet. Gjennom å lese desse arbeida ser vi korleis haldningane som kjem til uttrykk i metarefleksjonane hans verkar inn på historiene han fortel. I «Utviklingen av det oljeindustrielle kompleks i Norge» skildrar han korleis oljeindustrien etablerte seg her til lands og kva slags tilhøve det fekk til norske samfunnet. Det dreier seg om å sjå petroleumsindustrien som eit teknologisk system og "i hvilken grad det er blitt *akseptert*, hva det har skapt av motstand, og hvordan det er blitt *modifisert* i den historiske prosess."<sup>134</sup> Analysen til Sejersted byggjer på ei oppdelinga av tre faser i norsk oljeindustri. Den første fasen blir skildra som ei enklatetid, fordi dei fleste i sekstiåra ikkje tenkte mykje på kva rolle olja spelte for samfunnet (noko som er ganske naturleg at olja endå ikkje hadde noko står påverknad på samfunnet). Såleis blei oljeindustrien ein eigen enklave åtskilt frå annan norsk industri. Ein var svært interessert i å samarbeide med selskap og personar frå andre land og særskilt samarbeidde ein med amerikanarar. Tanken var at staten skulle vere med å få i gang aktivitet på norsk sokkel, men ikkje konkurrere med private aktørar dersom dei ville etablere seg meir sjølvstendig. Den andre fasen markerer ei vending mot integrering av oljeindustrien sitt teknologisystem inn i det generelle norske teknologisystemet. Her må "teknologisystem" forståast i ein ganske vid forstand då det ikkje berre handlar om dei konkrete teknologiane i spel, men også "organisasjons- og kunnskapsdelen og, ikke minst viktig, oppgave- eller intensjonsdelen."<sup>135</sup> Integrasjonen var resultat av ein ønska politikk kor oljeindustrien fekk eit viktig rolle i å stimulere til næringsverksemrd, samtidig som ein kunne oppretthalde den spreidde busetnaden, og på den måten oppretthalde lokalmiljøa.<sup>136</sup> "Blant annet høret det med til den norske teknologiske 'stil'

---

<sup>134</sup> Sejersted 2002:185

<sup>135</sup> Sejersted 2002:184

<sup>136</sup> Sejersted 2002a:206-207

som etterhvert ble utviklet at man moduliserte de store dekkene på produksjonsplattformene slik at de kunne stukkes opp i delenterpriser og fordeles til de mindre verft langs kysten", påpeiker Sejersted og vil med det vise korleis teknologien på ein konkret måte vart tilpassa den ønska regionalpolitikken. På den andre sida legg han også vekt på at integreringa i oljesystemet gjorde at dei små samfunna var meir avhengige av nasjonale og internasjonale strukturar med større grad av sentral styring.<sup>137</sup> Den siste fasen, med namnet "fornorskningslinjen oppgis", viser ei ny vending kor ein i nokon grad ville frigjere olja frå det norske systemet, i håp om betre økonomiske resultat, og å gjere Noreg mindre sårbart for endringar i oljeprisane.<sup>138</sup> Gjennom alle dei tre fasane var altså teknologien både ein premissleverandør for kva ein hadde å jobbe med politisk, på same tid som utviklinga av han, og integreringa i marknad og samfunn var styrt av politikken. Gjennom å konstruere denne historia om utviklinga av det oljeindustrielle kompleks brukar Sejersted ulike institusjonar og deira ideologiske og argumentative resonnement for å forstå kva som skjedde, og på den måten opnast det opp for å stille spørsmål om ein var i stand til å oppnå dei måla ein sette seg. Det går altså an å gå i ein slags dialog med aktørane og forstå deira måte å tenke på i den konteksten dei måtte handle ut frå.

### 4.3 Det kommunikative perspektiv

For mange er nok Sejersted kjent som medlem i Den norske nobelkomiteen (1982-1999; formann i 1991), Ytringsfrihetskommisjonen (1996-1999) og stiftinga Fritt Ord (2001-2011). Dette representerer ein kontrast i virket hans som historikar. No er det rett nok ikkje arbeidet han gjorde innanfor desse verva som er interessant for denne oppgåva, men dei hintar om ein interesse for språket og ytringsfridomen si rolle i samfunnet. Som eg starta dette kapitlet med å påpeike er dette ein viktig komponent i arbeida til Sejersted, og det er ved drøftingane om ytringsfridomen at vi finn krysningspunktet mellom politikk, eit Habermas-inspirert perspektiv på samfunnsforskning og humaniora, samt ein teknologikritikk som først og fremst er av antipositivistisk art. Det er ei grunnleggjande liberal haldning som manifesterer seg i desse skriftene, men som har meir til felles med den forma for liberalism som vi kjenner frå

---

<sup>137</sup> Sejersted 2002a: 209-210

<sup>138</sup> Sejersted 2002a: 240

Kant, enn det vi gjerne assosierer med termen i dag. Det som kjem til uttrykk er eit forsvar for det frie og autonome mennesket.

Dette er tema som blir drøfta i artiklane «Den gamle og den nye kommunikasjonsstat», «Tekst og makt», «Verdikommisjoner og ytringsfrihet» og «Ytringsfrihet. Begrunnelser og begrensninger». Desse tekstane som er plassert saman i *Norsk idyll?*, dannar grunnlaget for dette underkapitlet. I den første av desse vert det gjere ei skildring av den norske historieforskinga, som til ein stor grad har vore oppteken av eit økonomisk perspektiv, og før det (omkring hundreårsskiftet) dominerte eit utviklingsperspektiv.<sup>139</sup> I desse to perspektiva var det vanskeleg å snakke om felles verdiar og interesser, og historiefortellingane dreide seg om å skildre maktkampar. Dette får oss raskt til å hugse kritikken mot Seip og andre positivistar som vi allereie har vore inne på. Når han snakkar denne måten å tolke samfunnet på knytar han det heilt spesifikt til den norske konteksten kor retten til arbeid har stått heilt sentralt. Dette står i sterkt kontrast til antikken sitt ideal om den frie borgaren som var friteken frå arbeidet. For dei var det kommunikasjon med andre borgarar som var frigjerande. Ideallet med arbeid heng sjølv sagt saman med det økonomiske perspektivet, så kva skjer dersom vi endrar perspektiv, og forsøker å gå tilbake til eit ideal om rasjonell kommunikasjon? Vi hugsar også at Sejersted såg seg sjølv som ein konstruktivist, som generelt kan kallast ein «metodikk», men vi har så langt ikkje skildra perspektivet han nyttar.

Sejersted trekk fram Habermas sitt kommunikative perspektiv i artikkelen «Den gamle og den nye kommunikasjonsstat. Hos Kant, som Sejersted karakteriserer som «den fremste ideolog bak den liberale samfunnsfornasjon», finn han ideen om at den einaste måten ein kan sikre rett tenking er at tankane kan bli kommuniserte fritt i eit samfunn.<sup>140</sup> Fornufta til den enkelte må få anledning til å prøve seg og bli korrigert i møte med andre borgarar sin fornuft. Habermas undersøkte korleis dei borgarlege samfunna på 17- og 18-hundretalet var prega av borgarskap som sentrerte seg omkring stadig diskusjon og debatt.<sup>141</sup> Det er interessant å merke seg at Sejersted meiner det er ein samanheng mellom denne doktorgradsavhandlinga frå den tyske tenkjaren til det meir modne hovudverket *Theorie des Kommunikativen handels*.

---

<sup>139</sup> Sejersted 2003:56–57

<sup>140</sup> Jf. artikkelen «Tekst og makt» i *Den norske idyll?*, kor Sejersted gjer seg liknande tankar om viktigheita av rasjonell meiningsutveksling.

<sup>141</sup> Ei nærmare drøfting av dette verket av Habermas er å finne i kap 3 i denne oppgåva.

Endå meir interessant er det når han seier at same avhandling var ein grunnleggande inspirasjon for hans eige bind av *Norges historie: Den vanskelige frihet* (1978).<sup>142</sup> I denne boka viser han korleis det etter at Noreg fekk grunnlova si utvikla det seg ei presse som ikkje lenger fungerte hovudsakleg som annonsørar, men som let det vekse fram ei fungerande offentlegheit.

Eit historisk og samfunnsmessig poeng Sejersted vil fram til er at det kommunikative perspektivet forsvann i tida med klassemotsetnadene, der frontane var hardare, og felles rasjonalitet var mindre aktuelt, men i nyare tid igjen har vorte eit hovudfokus. "Vi har simpelthen gjenoppdaget behovet for arenaer for kommunikasjon der man kan utvikle fellsforestillinger som basis for et sant demokrati."<sup>143</sup>

Men korleis manifester dette behovet seg? Har vi ikkje lært av Habermas at saman med den borgarlege offentlegheita forsvann rammene for ein opplyst og rasjonell diskusjon, som også var drivande for samfunnsutviklinga? Den kommunikative offentlegheit hadde på ein måte aldri verkeleg forfalt, som Habermas noko dristig hevda i utlegginga si om borgarskapet si utvikling, vil Sejersted meine.<sup>144</sup> Det gjorde i alle fall ikkje det her til lands. Likevel er det ikkje så lett at vi er i ferd med å vende tilbake til den same offentlege diskursen som regjerte for nokre hundreår sidan. Det er karakteristisk nok dei teknologiske nyvinningane Sejersted trekk fram som omformande på måten kommunikasjonen skjer. Faktisk har teknologi alltid vore viktig for eit samfunns diskusjon, både reit diskursivt, men også infrastrukturelt. I perioden Habermas skildrar, stod avishusa for den diskursive teknologien, medan jernbana var typisk for den infrastrukturelle. I dagens samfunn er dei nye kommunikasjonsmidla knytt til internett.<sup>145</sup> Dei står ei ikkje uproblematisk stilling mellom det ein før ville kjent som dei ganske klårt åtskilte private og offentlege sfærane. Kommunikasjonsteknologien opnar opp for at alle kan kome med ytringar som vert mottekte av eit relativt stort publikum. På denne måten har eit anna gammalt skilje blitt svakare ned, det mellom tilskodar og politikarane på scena. Det er ikkje lenger berre den intellektuelle som

---

<sup>142</sup> Sejersted 2003:60–61

<sup>143</sup> Sejersted 2003:65

<sup>144</sup> Han skal ha innsett dette sjølv i seinare tid, då han kommenterte si eiga undervurdering av pluralistiske samfunn si evne til meiningsutveksling. Jf. Sejersted 2003:63.

<sup>145</sup> Sejersted 2003:65–70

kan kome med tilropa sine, men det er gjerne «folk flest» som får denne oppgåva. Ein faktor ved denne utviklinga som Sejersted er meir skeptisk til er at sjølv om kommunikasjonen *er* offentleg og *kan* nå ut til omrent alle viser det seg ved mange høve at diskusjonane delar seg opp i mindre grupper, slik at det ikkje oppstår ein stor og felles offentlegheit, men mange små. Likevel ser Sejersted i denne artikkelen positivt på utviklinga.

Ein annan skilnad frå tidlegare former for offentleg debatt er at kritikken mot det som går føre seg på «scena» kjem frå fleire hald. Dei som utøver kritikk er, skal vi tru Sejersted, meir medvitne på seg sjølv som deltakarar i samfunnet dei utøver kritikk mot:

Vi kan altså betrakte en ny samfunnskritikk, en samfunnskritikk som er mer ansvarlig, mer konstruktiv enn den gamle. Den får også en lysere, mer optimistisk tone enn den dystre utenfrakritikk som var knyttet til det økonomiske perspektiv. Hvordan den nye refleksive og differensierte kritikk skal kunne danne grunnlag for et større kommunikativt nettverk og således tjene det moral dannende fellesskap, gjenstår formodentlig å se.<sup>146</sup>

Med dette habermasianske utgangspunktet kan vi bla om, og lese vidare i artikkelen «Tekst og makt». Han følgjer opp Kant sin tanke om at for å kunne nå fram til sanninga må vi teste oppfatningane våre i eit fellesskap, men går eit steg vidare når han seier at det er «en nærsammensetning mellom sannhet og frihet – ytringsfrihet».<sup>147</sup> Denne tanken ser han som å ha vunne større plass innanfor ulike delar av samfunnet, og då særskilt i vitskapen. Dei autoritære kreftene har stadig kjempa mot eit frislepp av fridomen til å ytre seg, særskilt kritisk overfor dei sjølve. Det dreier seg altså for Sejersted om ulike diskursar si rolle i ulike samanhengar. Fordi det er den som har ordet i si makt, samtidig er den som har forståinga av verda under si kontroll er det ikkje vanskeleg å forstå kvifor språket som regel har måtte finne seg i å bli kraftig regulert. Unntaket frå dette var naturvitskapen som klarte å inngå ei ordning med politikken. Vitskapsmannen fekk halde på fritt så lenge han ikkje gjekk inn på politikaren

---

<sup>146</sup> Sejersted 2003:70

<sup>147</sup> Sejersted 2003:72–73

sitt område. Når dette skjedde opna det seg for «saklighetsdiskursens dominans» som faktisk slo tilbake på politikk og moral.<sup>148</sup>

Igjen ser vi ein kritikk av ein rasjonell måte å tenke og handle på som er typisk for økonomifaget. Det har etter kvart opparbeidd seg stor påverknad på det politiske feltet gjennom å vere ekspertar på eit felt som har hatt mykje framgang ved hjelp av innsikter frå naturvitenskap. Sjølv om det i utgangspunktet er positivt at det byggjer på ein rasjonalitet Problemet med dette er at dei ser ut til å overta områder som dei eigentleg ikkje har nokon ekspertise på, og politikken har i stor grad blitt gjort om til økonomi. Den instrumentelle fornufta ser etter kvart ut til å overskygge dei fleste andre omsyn, og grunngjevinga for heile det moderne prosjektet i seg sjølv: «Materiell velstand var bare ment å være et instrument i utviklingen av det gode liv». <sup>149</sup> At denne typen diskurs har fått ein hegemonisk posisjon fører med seg at argument som vert framførte frå ein ikkje-økonomisk ståstad sjeldan får nemneverdig gehør. Samstundes meiner Sejersted at tendensen har vore positiv i at han har ført til ei opning for fleire kritiske vinklingar og eit sokkjelys på sider i samfunnet som er mindre gode.

Konflikta mellom ytringsfridom og andre behov er temaet for den neste artikkelen «Verdikommisjoner og ytringsfrihet. Han tek her med seg den liberale posisjonen sin og stiller seg sjølv opp mot ein del kommunitariske tenkarar (Taylor, Bellah, Etzioni og MacIntyre) sine kritiske innvendingar til den liberale staten som set rettar framfor felles goder. Dei meiner at det er feil av staten å vere nøytral med tanke på kva som er det gode for den enkelte borgar.<sup>150</sup> Her er det dei politiske oppfatningane til Sejersted som tydlegast kjem til syne.

Når han presenterer kommunitarismen samtidig som han argumenterer imot posisjonen deira må ein også legge merke til at han vedgår at ulike kontekstar har ulike krav: det kan vere eit behov for eit større innslag av kommunitaristisk tenking i USA sjølv om ein skulle ha eit større behov for liberalisme i Noreg. Spørsmålet som ligg til grunn er om det er ein samanheng mellom fridom og moral. For der kommunitaristane meiner det er eit underskot på moral som kan demmast opp ved hjelp av minske overskotet på fridom, meiner

---

<sup>148</sup> Sejersted 2003:81

<sup>149</sup> Sejersted 2003:83

<sup>150</sup> Sejersted 2003: 90–93

liberalistane det motsette. I det minste til ein viss grad, men etter Sejersted sitt syn byggjer den liberalistiske tanken på at det er ut frå det å ha fridom ein kan gjere moralske framsteg. Denne tanken ser ut til å implistt bygge på den liberale bruken av termen myndigkeit, som vart drøfta i «Tekst og makt». Å vere myndig inneber i denne tradisjonen at ein er i stand til å tenkje og uttrykke seg nokså fritt. Slike evner får ein gjennom danning, noko som fører til eit tilsynelatande paradoks i liberalistisk tenking, då ein er avhengig av nokon som kan stå som autoritet for denne danninga.

Den siste av dei fire artiklane, «Ytringsfrihet. Begrunnelse og begrensninger» er tru mot tittelen sin og drøftar ulike argument for ytringsfridom. Utgangspunktet er ei «hegeliansk» otte for ytringsfridomen sin tilstand i ei tid og eit samfunn kor vi har svært stor grad av ytringsfridom. Dette kan framstå som nokså paradoksal (noko som ikkje er uvanleg når ein påkallar Hegel!), men det dreier seg kort sagt om at: «Et prinsipp i anvendelse vil være forfalt i sin spekulative utforming, noe som igjen kan føre til forfall i anvendelsen.»<sup>151</sup> Han trekk igjen fram argumentet med den myndige borgar som må dannast for å utvikle rasjonaliteten sin. Når han i same artikkelen argumenterer for Ytrinsfrihetskommisjonen sitt forslag om å liberalisere til dømes racismeparagrafen er det grunngjeve i at dersom uhaldbare og uanstendige meininger vert presenteret for offentlegheita vil dei kunne bli plukka frå kvarandre og tilbakedrivne. Dersom dei blir skjulte er ikkje dette mogleg.

I dei fire artiklane som på ulike måtar krinsar omkring ytringsfridom og sanning, vert det kasta eit nytt lys over positivismekritikken til Sejersted. Det er tydleg at medan det i prinsippet er ein del likskapar, og eit visst slektskap, med det vi fann hos Frankfurterskolen sine representantar er det også ein del viktige forskjellar. Det mest påfallande er nok at han er ein del mindre polemisk og kategorisk i kritikken sin, noko som for så vidt stemmer godt overeins med skildringa han gjev av den norske historie- og samfunnsforskinga si vending mot eit større innslag av kommunikasjonsperspektiv, og at frontane ikkje var så steile mot slutten av hundreåret.

Vi har her teke eit lite steg vekk frå det som dreier seg direkte om teknologi og teknologideterminisme. Likevel fann vi her ein del ting som underbyggjer «prosjektet» til Sejersted omkring desse tema. Eit sentralt poeng har vore å vise korleis ganske tydleg korleis det nemnde prosjektet ikkje berre er faghistorisk, men i minst like stor grad er politisk

---

<sup>151</sup> Sejersted 2003:99

orientert. Denne politiske orienteringa er godt rotfesta i ein lang liberalistisk tradisjone, ispedd ein del habermasiansk kommunikasjonsteori. Det er nemleg det kommunikative og rasjonelle som utgjer ideala i dei fire artiklane som her er gjennomgått. Andre stader i denne oppgåva har eg peikt på aspekt ved skriftene hans som ein gjerne tradisjonelt assosierer med venstresida i politikken, og då særskilt med marxistane i Frankfurterskolen.

#### **4.4 Oppsummering**

I dette kapitlet har eg gjort ei undersøking av ulike tekstar av Francis Sejersted som han skreiv omkring tida han var leiar ved TMV. Eg meiner å kunne peike på trekk ved desse tekstane som viser at dei har ei djuptliggende politisk slagside, som viser tilbake til akademiske debattar om teknologi og samfunn, og i større skala, positivismestridane i både Tyskland og Noreg. Av den grunn, og fordi Sejersted sjølv er medviten på sin eigen kontekst når han skriv, må syna hans på teknologideterminisme forståast med dei nemnde debattane som bakteppe. Dersom ein ikkje gjer det vert det vanskeleg å sjå kor vidt dei metodologiske tankane Sejersted gjer seg rekk.

Sejersted meiner at det er fullt mogleg å styre utviklinga, og teknologien, så lenge ein har klart definerte mål og retningslinjer, og ved å ta ei slik aktiv haldning overfor teknologien vert ikkje spørsmålet lenger *om* vi har kontroll over han. Dette meiner eg er eit poeng som i stor grad liknar på tanken Frankfurterskolen om at den tekniske rasjonalitet har teke over måten vi tenkjer og handlar på. I tillegg meiner eg at det er ei finnast parallellar mellom Sejersted og Krogh si tenking om desse tema via Habermas sin kommunikasjonsteori.

## **5. Avslutning og konklusjon**

Etter at vi no har gått gjennom Francis Sejersted og Thomas Krogh sine tekstar på bakgrunn av TMV si historie og positivismestriden er det på tide å svare eksplisitt på problemstillinga som danna utgangspunktet for drøftingane: «*Korleis var Francis Sejersted og Thomas Krogh sine arbeid ved TMV eit oppgjer med teknologideterminisme, og finnast det i arbeida deira eit felles politisk prosjekt?*»

### **5.1 Første tese**

La oss først vurdere den første tesen, som handla om at oppgjeret med teknologideterminismen dreia seg om ein "teknisk" måte å tenke og vere på som er karakteristisk for den moderne tida. Etter å ha gått gjennom TMV si historie, rekonstruert positivismestridane og leita etter spor hos Krogh og Sejersted ser det ut til at denne tesen stort sett held vatn, men at han blir for sentrert omkring abstrakte idear. Som var tilfelle med Sejersted så skreiv mange av dei tilsette ved senteret om konkrete hendingar, institusjonar og periodar i norsk historie, og viser også ein del stader korleis utviklinga ikkje har vore teknologistyrt, men underlagt politisk vilje og handling. Krogh har ein idehistorisk tilnærming til problemet og vil først og fremst vise korleis det er mogleg å utvikle ein politisk teori som både ser kor viktig teknologi er for samfunne vårt, men som på same tid ikkje reduserer alt til teknologi. I tråd med dette er han meir retta mot eit akademisk publikum, som allereie har teke eit standpunkt når det kjem til desse spørsmåla. Kort oppsummert kan ein seie at Sejersted sine arbeid vender seg mot eit mykje breiare publikum, og han vil gjere det mogleg for alle dei som er teknologideterministar utan å ein gong har høyrt termen å ta ei meir aktiv haldning til teknologi og samfunn. Krogh sitt prosjekt komplementerer dette ved at han søker å formalisere og utvikle desse ideane meir systematisk og utvikle dei inn i det allereie eksisterande rammeverk til Habermas. Det at eg handsama Krogh sine tekstar før eg gjekk vidare på Sejersted er var ikkje tilfeldig, då eg først ville få tidleg fram det mest abstrakte nivået, representert ved *Technology and Rationality*, for så å vise korleis dette spelar seg ut i dei meir konkrete studiane til Sejersted.

Dersom vi prøvar tesen på TMV som heilskap blir det tydleg av dei mange ulike prosjekta dei gjennomførte at det var mykje arbeid av empirisk art men som likevel ville kaste lys over teknologien si rolle i samfunnet. Dei var altså ofte i liten grad abstrakte og teoretiske.

Likevel er det ikkje feil å hevde, som tesen gjer, at på eit nivå dreia heile TMV seg stadig om eit oppgjer med eit trekk i tida, og at ein gjennom å gjere meir empiriske arbeid også bidrog til oppfylle senteret sine meir teoretiske føremål. Av den grunn blir det tydleg at det ein ikkje utelukkar det andre og at det er gjennom å danne ei forståing av samfunnet ein lev i, og teknologiane som inngår i det, at ein på ein god måte kan imøtegå teknologideterminismen.

Eg meiner å ha funne gode grunnar til å påstå at kritikken av teknologideterminisme har ein del parallelar med, og tek opp att tråden frå positivismestridane i Norge og Tyskland. På same måten som ein i Tyskland såg på det som ein strid omkring verdiar sin status i (samfunns)vitskapane, meiner eg det er dei same grunnsørsmåla som resonerer hos Krogh og Sejersted. Det handlar om å vise korleis samfunnsvitskapane og humanistiske disiplinar som historie stadig har å gjere med områder kor verdiar og moral er ein uløyseleg del av det som vert studert. Kritikken av teknologideterminismen blir med dette også ein kritikk av visse teoretiske posisjonar som ikkje vil vedkjenne seg dette.

Men kva har gjennomgangen av dei to positivismestridane tilført mi utlegging av TMV generelt og Krogh og Sejersted spesielt? Det er to ting som synast å kome fram i lyset ved dette grepet: For det første har vi med det fått ei forankring av dei habermasianske perspektiva som dei begge byggjer på ved at dei "sosiologiske" grunnsørsmåla har blitt gjort eksplisitte. For det andre har gjennomgangen av tidlegare positivismekritikkar vist oss at spørsmåla ein tok opp ved TMV ikkje var nye, men at dei allereie hadde ein tradisjon bak seg. Den viktigaste lærdomen i dette punktet har vore korleis ein stadig har sett positivistisk tenking som "fienden" til det å kunne handsame verdisørsmål på ein tilfredstillande måte. I Popper fann vi ein motstandar som let oss sjå Krogh og Sejersted sine tekstar i eit klårare lys, fordi vi med det indirekte fekk sjå kva dei argumenterte mot. Det vart tydleg at det heile tida ikkje kunne reduserast til ein fagleg/akademisk disputt, men at det stadig ligg til grunn det eg har omtala som eit politisk prosjekt.

## 5.2 Andre tese

Med koplinga mellom positivismekritikken og politiske prosjekt kjem vi til den andre tesen som hevda at det politiske prosjektet handla om å skape mogleheter for eit ideologisk medvit, eller todimensjonalitet som Marcuse kallar det, og at dette er naudsynt for å kunne ta kontroll over utviklinga, den vere seg teknologisk, samfunnsmessig eller kva som helst anna.

Sett i lys av denne Tesen viste både TMV si historie og dei to positivismestridane seg igjen å vere oppklårande. For i historia vart det tydleg at det ideologiske poenget må ha vore føremålet i ein stor grad med senteret. Det var ikkje føremålet å tilfredsstille ein teoretisk eller fortolkande interesse, for å låne Habermas sine omgrep, men det sprang ut av den frigjerande interessa, å kunne verte autonome menneske. Og nettopp den innverknaden Habermas hadde på både Krogh og Sejersted i form av den kommunikative handlingsteorien legitimerer synet på arbeida deira som politiske. I dette finnast også Skjervheim sine poeng frå "Deltakar og tilskodar" fordi målet til alle desse tenkjarane er å legge opp til måtar å forstå og samverke i samfunnet på kor ein går ut frå ein deltarolle. Problemstillinga spør om det er nok felles prosjekt mellom Krogh og Sejersted. Svaret på det må nok bli eit kvalifisert "nei". Dette fordi arbeida deira står godt på eigne bein og opererer på ulike abstraksjonsnivå og innanfor kvar sine fagtradisjonar. Det er heller ikkje eksplisitt eit samarbeid mellom dei å finne i tekstane eg har studert. Likevel er det ein del overlapp mellom arbeida deira og det meste nærliggjande momentet å trekke fram er den felles forankringa i Habermas sine teoriar.

Det er interessant å merke seg at sjølv om Sejersted har ein argumentasjon mot positivistisk tenking og teknisk rasjonalitet som på mange måtar kan likne på den vi finn hos Frankfurterskolen sine marxistiske tenkjarar, så gjer han det frå eit liberalt standpunkt. Frå drøftingane omkring den tyske positivismestriden hugsar vi at Popper gav seg sjølv rolla som ein liberalar andsynes dei nemnde marxistane, og at den liberale haldninga hang nøye saman med vitskapssynet hans. Bak positivismestridane, og særskilt den tyske, hang den andre verdskrigen som eit mørkt bakteppe og stod representerte det begge sidene ville motverke. Det kan ikkje seiast å ha vore tilfelle i like står grad i tida TMV eksisterte, noko som kan ha gjort at fronten mot positivistisk tenking ikkje vart så kraftig.

### 5.3 Konklusjon

I denne oppgåva har eg søkt å setje TMV inn i ein idehistorisk kontekst og reaktualisere nokre djuptgripande problemstillingar omkring teknologi og samfunn og korleis forholdet mellom dei bør bli undersøkt av humanistiske og samfunnsvitskaplege disiplinar. Eg meiner å ha vist at dei "programmatiske" skriftene av Sejersted og Krogh har ei felles forankring i Habermas sin kommunikative teori, og at det for prosjekta til dei begge ligg det til grunn ein ide om rasjonalitet som heng saman med tanken om at mennesket er eit talande og sosialt vesen. Av

den grunn representerer TMV ein bestemt måte å forstå teknologi og samfunn på som høyrer til i samtidia si då denne typen teoriar synast å ha vore populære innanfor fleire ulike fagdisiplinar. Det er særskilt interessant å sjå i kor stor grad senteret var prega av ein humanistisk ideologi som var retta mot samfunnet gjennom formidling og etisk refleksjon. Dette speglar seg i det kommunikative perspektivet kor det ser ut til å ha vore ei målsetting å vere i dialog med samfunnet som ein studerte.

I mange fag opplev ein ei stadig større grad av spesialisering som gjer det vanskeleg å kommunisere internt, for ikkje å snakke om eksternt. I tillegg har både humaniora og samfunnsfaga hatt eit behov dei siste åra for å legitimere seg sjølv og eigne metodar. Med tanke på korleis TMV vart oppretta som eit "humanistisk" i den vidaste forstanden av ordet ser det ut til at det har vore noko lettare å ta fatt på oppgåva med å utarbeide eit felt kor samfunnsvitskaplege og humanistiske fag har ein naturleg gyldigheit og verdi. Dersom desse faga i for stor modellerer seg etter ein (natur)vitskapleg metodikk eller tenkemåte er ikkje vegn lang til at ein utdefinerer seg sjølv. Dette ser eg som kanskje viktigaste lerdomen ved å studere TMV. For, sjølv om ein nok kan diskutere i kor stor grad senteret var ein suksess ut frå ulike målestokkar, er det tydleg at grunntanken om at verdispørsmål er eit område som krev seriøs forsking, gjorde til at ein måtte sjå forskinga som ein del av det samfunnet det var ein del av, noko ikkje berre fordrar forståing og teori, men også politisk refleksjon og handling.

## Litteratur

Adorno, T.W. *Gesammelte Schriften - Band 6 - Negative Dialektik; Jargon der Eigentlichkeit*, Suhrkamp, Frankfurt am Main.

Adorno, T.W. "Zur Logik Der Sozialwissenschaften" i Adorno, T.W u.a. 1970 *Der Positivismusstreit in der deutschen Soziologie*, Hermann Luchterhand Verlag GmbH.

Adorno, T. W. og Horkheimer, M. 2011, *Opplysningens Dialektikk*, Bokklubben, Oslo.

Fink og Odèn, 1992. NAVF evalueringsrapport.

Frisby, David. 1972, "The Popper-Adorno debate" i *Philosophy of the Social Sciences*, 2:105.

Habermas, J. 2005, *Borgerlig offentlighet – dens fremvekst og forfall: En undersøkelse omkring et av det borgerlige samfunns grunnbegreper*, De norske boklubbene, Oslo.

Habermas, J.1981a, *Theorie des kommunikativen Handelns - Handlungs rationalität und gesellschaftliche Rationalisierung*, Suhrkamp Verlag, Frankfurt am Main.

Habermas, J.1981b, *Theorie des kommunikativen Handelns - Zur Kritik der funktionalistischen Vernunft*, Suhrkamp Verlag, Frankfurt am Main.

Habermas, J. 1969, *Vitenskap som ideologi*, Gyldendal, Oslo.

Habermas, J. 1973, *Erkenntnis und Interesse*, Frankfurt am Main, Suhrkamp.

Habermas, J. "Analytische Wissenschaftstheorie und Dialektik - Ein Nachtrag zur Kontroverse zwischen Popper und Adorno" i Adorno, T.W u.a. 1970 *Der Positivismusstreit in der deutschen Soziologie*, Hermann Luchterhand Verlag GmbH.

Horkheimer, M. 2004, *Eclipse of Reason*, Continuum, London.

Kalleberg, X, 1970, *Kritisk teori : en antologi over Frankfurter-skolen i filosofi og sosiologi / redigert og innledet av Ragnvald Kalleberg*, Gyldendal, Oslo.

Krogh, T. 1998, *Technology and Rationality*, Aldershot, Ashgate.

Krogh, T. 1994 "Fri oss fra determinismen?" Arbeidsnotat TMV nr. 84, Oslo, TMV-senteret, Universitetet i Oslo.

Marcuse, H. 1968, *Det endimensjonale menneske: studier i det avanserte industrielle samfunns ideologi*, Pax, Oslo.

Sejersted, F. 2001, *Demokrati og rettsstat*, Pax, Oslo

Sejersted, F. 2002a, *Er det mulig å styre utviklingen?*, Pax, Oslo.

Sejersted, F. 2002b, *Demokratisk kapitalisme* [Revidert utgave], Pax, Oslo.

Sejersted, F. 2003a, *Norsk idyll*, Pax, Oslo.

Sejersted, F. 2003b, *Sannhet med modifikasjoner – Metarefleksjoner*, Pax, Oslo.

Popper, K. R. 1982, *Logik der Forschung*, Tübingen, Mohr.

Popper, K. R. "Die Logik der Sozialwissenschaften" i Adorno, T.W u.a. 1970 *Der Positivismusstreit in der deutschen Soziologie*, Hermann Luchterhand Verlag GmbH.

Popper, K. R. "Wider die großen Worte - Ein Plädoyer für intellektuelle Redlichkeit" i "<http://www.zeit.de/1971/39/wider-die-grossen-worte/komplettansicht>". [Lest 21.05.2014]

Popper, K. R. 1986, *The Poverty of Historicism*, Routledge, London og New York.

Seip, J. A. 1974. *Fra embedsmannsstat til ettpartistat og andre essays*, Universitetsforlaget, Oslo.

Skjervheim, H. 1974, *Objektivismen og studiet av mennesket*, Gyldendal Norsk Forlag, Oslo.

Skjervheim, H. 1996, *Deltakar og tilskodar og andre essays*, Aschehoug, Oslo.

Slagstad, R. 1976, *Positivisme, dialektikk og materialisme*, Universitetsforlaget, Oslo.

Thue, F. 1997, *Empirisme og demokrati*, Universitetsforlaget, Oslo.

1985, Rapport fra Det Norske Videnskabs-akademi.

1989, TMV årsberetning 1988, TMV-senteret, Oslo.

1990, TMV årsberetning 1989, TMV-senteret, Oslo.

1991, TMV årsberetning 1990, TMV-senteret, Oslo.

1992, TMV årsberetning 1991, TMV-senteret, Oslo.

1993, TMV årsberetning 1992, TMV-senteret, Oslo.

1994, TMV årsberetning 1993, TMV-senteret, Oslo.

1995, TMV årsberetning 1994, TMV-senteret, Oslo.

1996, TMV årsberetning 1996, TMV-senteret, Oslo.

1997, TMV årsberetning 1997, TMV-senteret, Oslo.

1999, TMV årsberetning 1998, TMV-senteret, Oslo.

<http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article1572118.ece#.UwPBvIXvjKc> [Lest 21.05.2014]

<http://www.klassekampen.no/61988/article/item/null/framtida-som-forsvant> [Lest 21.05.2014]